

Deloitte.



Forvaltningsrevisjon | Vestland fylkeskommune
Fagopplæring og lærlingordninga

Oktober 2024

«Forvaltningsrevisjon av
fagopplæring og lærlingordninga»

Oktober 2024

Rapporten er utarbeidd for
Vestland fylkeskommune av
Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingordninga i Vestland fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i sak 5/24, 12.02.2024.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje om Vestland fylkeskommune har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta sitt ansvar for fagopplæring i vidaregåande utdanning, og bidra til høg grad av gjennomføring i fagopplæringa. Tre huvudproblemstillingar med underproblemstillingar har blitt undersøkte. Desse har handla om 1) System for samarbeid med og oppfølging av opplæringskontor og lærebodrifter, 2) Arbeidet med å sikre god rettleiing og informasjon til dei som skal bli lærlingar eller lærekandidatar, og med å sikre at alle kvalifiserte søkerar får læreplass, og 3) System, rutinar og tiltak for å bidra til høg grad av fullføring blant lærlingane.

I samband med forvaltningsrevisjonen har revisjonen gått gjennom relevant dokumentasjon om fylkeskommunen sitt arbeid knytt til fagopplæringa, inkludert dokumentasjon om system og rutinar. Revisjonen har vidare gjennomført intervju med utvalde personar som har ansvar for eller arbeider med fagopplæring eller oppfølging av lærebodrifter og lærlingar i Vestland fylkeskommune, i tillegg til representantar frå utvalde opplæringskontor og lærlingar. Totalt er femti personar intervjua.

Nedanfor er sentrale funn og vurderingar knytt til problemstillingane som er undersøkt oppsummert.

Oppsummering av funn og vurderingar knytt til samarbeid og oppfølging

Vestland fylkeskommune har etablert føremålstenlege arenaar for dialog og samarbeid med opplæringskontora, med ein årleg fagkonferanse, to årlege møte, kvalitetsdialog mellom Vestland fylkeskommune og opplæringskontora, samt jamleg dialog med den fylkeskommunale rettleiingstenesta. Samtidig viser undersøkinga at det er behov for å arbeide vidare for å sikre at det blir etablert ein fast struktur på kvalitetsdialogen mellom Vestland fylkeskommune og opplæringskontora. Som forbettingspunkt vil revisjonen peike på at fleire av opplæringskontora opplever at det kan vere krevjande å forstå ansvars- og rolledeelinga internt i fylkeskommunen, og kven dei skal kontakte i kva saker. For å sikre god informasjonsflyt og legge til rette for dialogen mellom aktørane, kan det vere føremålstenleg at fylkeskommunen arbeider for å tydeleggjere ovanfor opplæringskontor og lærebodrifter kven dei kan kontakte med ulike spørsmål. I tillegg har det vore etterspurt meir overordna informasjon frå Vestland fylkeskommune si side, til dømes i form av eit nyhendebrev. Revisjonen meiner fylkeskommunen gjerne kan vurdere å imøtekome dette ønsket, i det formatet fylkeskommunen, i samband med relevante aktører, finn føresmålstenleg.

Fylkeskommunen har i all hovudsak gode og tydelege rutinar knytt til godkjenning av lærebodrifter. Samtidig vil revisjonen påpeike at opplæringslova § 7-5 legg opp til at fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på yrkesopplæringsnemnda si vurdering i samband med godkjenning av lærebodrifter. Revisjonen kan ikkje sjå at rutinane til fylkeskommunen om godkjenning av lærebodrifter legg opp til dette. Revisjonen vil presisere viktigheita av at rutinane for godkjenning av lærebodrift tydeleggjer roller og ansvar i prosessen. Fylkeskommunen har også hatt rutinar for godkjenning av opplæringskontor, men sidan lovkrava er endra frå 1. august 2024 er desse rutinane under revisjon. Revisjonen vil presisere viktigheita av at oppdaterte rutinar kjem på plass snarast.

Det er etter revisjonen si vurdering etablert føremålstenlege rutinar og sjekklister for arbeidet med oppfølging og rettleiing av lærebedrifter. Revisjonen vil trekke fram at det er positivt at rettleiingstenesta det siste året har arbeidd systematisk med gjennomføring av bedriftsbesøk, i samband med tilsetting av nye rettleiarar i engasjement som skal jobbe særskilt med dette. Saman med kurs fylkeskommunen har for faglege leiarar i lærebedriftene, meiner revisjonen at dette bør utgjere eit godt grunnlag for å fange opp eventuelle behov for rettleiing hos bedriftene. Samtidig vil revisjonen peike på at stillingane som har gjort det mogleg å jobbe så systematisk med oppfølging av lærebedrifter er mellombels. Dette medfører ein risiko for at denne systematiske oppfølginga ikkje blir vidareført når desse engasjementa skal avsluttast.

Revisjonen merkar seg vidare at nokre opplæringskontor etterspør meir formell kontroll frå fylkeskommunen sin side. Basert på endringane i opplæringslova er det samtidig slik at meir ansvar er lagt til lærebedriftene sjølv, og noko av denne kontrollen blir slik vi ser det no ivaretake i samband med rettleiingstenesta sine besøk hjå lærebedrifter. Der opplæringskontor blir godkjende etter ny opplæringslov og forskrift, meiner likevel revisjonen at det kan vere føremålstenleg at fylkeskommunen i samband med kvalitetsdialogen etterspør same type dokumentasjon frå opplæringskontoret som ved besøk hjå ei enkeltståande lærebedrift.

Oppsummering av funn og vurderingar knytt til arbeidet med overgang frå skule til lære

Gjennom ei rekke ulike aktivitetar får elevar som skal ut i lære tilgang på rådgjeving og informasjon knytt til overgangen frå skule til lære. Revisjonen vurderer det som positivt at fylkeskommunen vektlegg praksis i bedrift som ein del av faget YFF, då dette blir trekt fram som ein arena der elevar får viktig kunnskap om arbeidslivet, samtidig som praksisen også kan bidra til å avdekke eventuelle behov for tettare oppfølging. Det er samtidig mange aktørar involvert og til dels ulik praksis mellom skulane når det gjeld rådgjeving og formidling av informasjon til komande lærlingar. Dette medfører etter revisjonen si mening ein viss risiko for at ikkje alle får den rådgjevinga og informasjonen dei har behov for. Det er revisjonen si vurdering at fylkeskommunen bør vurdere tiltak for auka systematisering av desse prosessane, slik at ein reduserer risikoen for at elevar ikkje får det tilbodet om rådgjeving og informasjon som dei treng.

Vestland fylkeskommune har etter revisjonen si vurdering etablert føremålstenlege system og arenaer som sikrar dialog med arbeids- og nærlingslivet, skular og andre aktørar i samband med vurderingar knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet. Vidare har fylkeskommunen gjort grep dei siste åra som bidrar til auka systematikk og tydelegare ansvarsdeling når det gjeld arbeidet med å skaffe læreplassar. Revisjonen vurderer det også som positivt at fylkeskommunen som arbeidsgjevar har sett seg mål om auka tal lærlingar, og per hausten 2024 synast å ha nådd målet. Undersøkinga viser vidare ei positiv utvikling når det gjeld prosentdel sokjarar som får læreplass, sjølv om det er variasjoner mellom faga. Innanfor nokre fag er utfordringane større enn andre, og det er viktig at fylkeskommunen og samarbeidspartane held fram med eit systematisk arbeid for å sikre at alle som er kvalifisert for læreplass får dette.

Undersøkinga viser vidare at det er etablert system som sikrar at skulane på eit tidleg tidspunkt veit om elevar som kan ha behov for ekstra oppfølging og tiltak for å kome ut i lære. Dette er etter revisjonen si vurdering positivt, samtidig som revisjonen vil presisere viktigheita av å halde fram med det systematiske arbeidet for å identifisere årsakar til at nokre elevar slit med å få læreplass, og vurdere moglege tiltak. For å sikre at tiltaka som blir iverksett er mest mogleg effektive, er det viktig med jamlege evalueringar av erfaringar på dette området. Vidare meiner revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere å etablere system som sikrar erfaringsdeling og læring på tvers av skulane når det gjeld dette arbeidet.

Fylkeskommunen har etablert tydelege system og rutinar for å sikre at dei som ikkje får lærepllass får tilbod om vg3 i skule, samtidig som det dei seinare åra har vore ein reduksjon i talet elevar på alternativ vg3. Denne utviklinga vurderer revisjonen som positiv, og i tråd med nasjonale føringer. Revisjonen vil påpeike viktigeita av å halde fram arbeidet med å auke prosentdelen som går rett frå vg2 til lære, samtidig som fylkeskommunen sikrar eit godt vg3-tilbod til dei som treng det. Undersøkinga viser at vg3 i skule, og kompetansen det gir, i nokre fag kan bli betrakta som annanrangs, og at arbeidslivet føretrekker dei med erfaring som lærling. Samtidig er det berre eit fåtal av dei som startar i vg3 som har overgang til opplæring i bedrift, så dette er noko det er behov for å rette merksemd mot også framover.

Oppsummering av funn og vurderingar knytt til tiltak for å auke fullføringa

Fylkeskommunen har den seinare tida gjort endringar i kurstilbodet retta mot lærlingar, for å sikre meir tidsriktig og målretta informasjon om mellom anna rettar og plikter. Dette meiner revisjonen er positivt, då god informasjon om rettar og plikter kan vere eit viktig ledd i arbeidet for å auke fullføringa. Fylkeskommunen har også ein del informasjon om det å vere lærling eller lærekandidat på sine nettsider. Når det gjeld rettar knytt til individuell tilrettelegging og tilpassa opplæring meiner likevel revisjonen at fylkeskommunen har nokre forbettingsområde. Det er viktig at informasjon som gjeld spesialundervisning/individuell tilrettelegging blir oppdatert i samsvar med endringar som følgjer av ny opplæringslov. I tillegg meiner revisjonen at retten til tilpassa opplæring er ein rett som det bør informerast tydelegare om, gjerne med døme på kva retten kan bety i praksis. Slike døme kan vere viktige for å tydeleggjere skiljet opp mot individuell tilrettelegging.

I skulane er det etablert system for å ta opp bekymringar og vurdere behov for tiltak og oppfølging i ressursteama på den enkelte skule. Ulike aktørar ved skulane er i tillegg involverte i å formidle informasjon til elevane om kva moglegheiter som finst når dei skal bli lærlingar. Samtidig merker revisjonen seg at elev- og lærlingombodet stiller spørsmål ved om det blir gitt god nok informasjon til dei som skal bli lærlingar om kva rettar og plikter dei har, og viktigeita av å ta det opp tidleg dersom dei har behov for ulike former for tilpassingar eller tilretteleggingar. Revisjonen er einig i at det synast føremålstenleg å systematisere dette arbeidet noko. Gjennom auka systematisering kan ein bidra til å sikre at alle som skal bli lærlingar får informasjon om kva tilrettelegging og tilpassing dei kan ha rett på, samt til dømes informasjon om kva retten til tilpassa opplæring betyr, og kva krav og forventningar det vanlegvis er til dei som lærlingar.

Det er revisjonen si vurdering at fylkeskommunen sitt arbeid med å følgje opp lærlingar og lærebodrifter synast å ha blitt tydeleg styrka det siste året. Dei åtte mellombelse stillingane i rettleiingstenesta gjer at fylkeskommunen ved rettleiingstenesta no er i betre posisjon enn før til å avdekke og følgje opp utfordringar og risikoar for lærlingar og i lærebodrifter på eit tidleg tidspunkt. Samtidig merkar revisjonen seg bekymringa som blir uttrykt i samband med at dei åtte stillingane er mellombelse, og vil understreke viktigeita av at fylkeskommunen sikrar tilstrekkeleg oppfølging av lærebodrifter og lærlingar også framover. Vidare ser revisjonen det som positivt at rettleiingstenesta både har eigne lærlingsamlingar og deltar på samlingar som opplæringskontora arrangerer. Dette er særleg viktig med tanke på at det ikkje er alle lærebodrifter eller lærlingar som får besøk av rettleiingstenesta. Samtidig viser undersøkinga at få lærlingar har høyrt om rettleiingstenesta. Ved utfordringar som lærlingen ikkje ønskjer å ta opp direkte med bedrifta eller opplæringskontoret, er det viktig at det er tydeleg kven andre som kan kontaktast. Etter revisjonen si mening er difor arbeidet med å synleggjere rettleiingstenesta og deira rolle viktig også framover. Heller ikkje elev- og lærlingombodet synast å vere godt kjend blant lærlingane, og revisjonen ser det derfor som positivt at ombodet har planar om å fokusere på utadretta aktivitet framover.

Undersøkinga viser at Fylkeskommunen har fleire tiltak for å auke fullføringa hjå lærlingar. Desse inkluderer kommunedialog, samarbeid med NAV, styrking av rettleiingstenesta, læreplassrekneskapen og fullføringsmidlar. Revisjonen ser det som positivt at fylkeskommunen har iverksett fleire ulike tiltak for å auke fullføringa. Undersøkinga viser at særleg fullføringsmidlar blir peika på som eit viktig tiltak med gode resultat. Revisjonen har merka seg at opplæringskontora ser det som positivt at midlane er fleksible i kva dei kan brukast til, og at sakshandsamingstida er relativt kort. I tillegg blir arbeidet til rettleiingstenesta med å følgje opp lærebodrifter og førsteårslærlingar trekt fram av mange som eit viktig, førebyggjande tiltak for å hindre fråfall. Revisjonen vil igjen trekke fram bekymringa mange uttrykker knytt til at desse stillingane er mellombelse, og vil understreke viktigheten av at fylkeskommunen sikrar tilstrekkeleg oppfølging av lærebodrifter og lærlingar også framover.

Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Vestland fylkeskommune har ei rekke gode system og rutinar på plass knytt til arbeidet med fagopplæring og lærlingordninga, og at dette arbeidet har blitt ytterlegare styrka dei siste åra. Samtidig viser undersøkinga at fylkeskommunen har nokre forbetringsspunkt når det gjeld systematisering av arbeidet på enkelte område.

Basert på funn og vurderinger i undersøkinga kjem revisjonen med seks tilrådingar til fylkeskommunen. Desse er presentert i kapittel 9 i rapporten.

Innhald

Samandrag	3
Innhald	7
Detaljert innhald	8
1 Innleiing	10
2 Om tenesteområdet	13
3 Samarbeid og oppfølging	16
4 Overgang frå skule til lære	27
5 Tiltak for å auke fullføring	42
6 Konklusjon og tilrådingar	59
Vedlegg 1: Høyringsuttale	61
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	62
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	66

Detaljert innhald

Samandrag	3
Innhald	7
Detaljert innhald	8
1 Innleiing	10
1.1 Bakgrunn	10
1.2 Føremål og problemstillingar	10
1.3 Avgrensing	11
1.4 Metode	11
1.4.1 Dokumentanalyse	11
1.4.2 Intervju	11
1.4.3 Analyse av statistikk	12
1.4.4 Verifiseringsprosesser	12
1.5 Revisjonskriterium	12
2 Om tenesteområdet	13
2.1 Overordna organisering og ansvarsdeling	13
2.2 Ansvar og roller knytt til fagopplæring og lærlingordninga	14
3 Samarbeid og oppfølging	16
3.1 Problemstilling	16
3.2 Revisjonskriterium	16
3.3 System og arenaar for dialog og samarbeid	18
3.3.1 Datagrunnlag	18
3.3.2 Vurdering	20
3.4 Godkjenning og rettleiing av lærebedriftene	21
3.4.1 Datagrunnlag	21
3.4.2 Vurdering	23
3.5 System og rutinar for oppfølging og kontroll av lærebedriftene	24
3.5.1 Datagrunnlag	24
3.5.2 Vurdering	26
4 Overgang frå skule til lære	27
4.1 Problemstilling	27
4.2 Revisjonskriterium	27
4.3 Skulane sitt tilbod om rådgjeving og informasjon retta mot elevar som skal ut i lære	29
4.3.1 Datagrunnlag	29
4.3.2 Vurdering	32

4.4 System for å sikre læreplass til alle	33
4.4.1 Datagrunnlag	33
4.4.2 Vurdering	38
4.5 Tilbod om alternativ vg3 i skule	38
4.5.1 Datagrunnlag	38
4.5.2 Vurdering	41
5 Tiltak for å auke fullføring	42
5.1 Problemstilling	42
5.2 Revisjonskriterium	42
5.3 Informasjon om rettar og plikter når det gjeld særsiktig tilrettelegging	44
5.3.1 Datagrunnlag	44
5.3.2 Vurdering	47
5.4 Oppfølging av lærlingar for å unngå fråfall	48
5.4.1 Datagrunnlag	48
5.4.2 Vurdering	53
5.5 Bruk av fullføringsmidlar og andre tiltak for å auke fullføringa	54
5.5.1 Datagrunnlag	54
5.5.2 Vurdering	57
6 Konklusjon og tilrådingar	59
Vedlegg 1: Høyringsuttale	61
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	62
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	66

Figurar

Figur 1: Organisasjonskart. Avdeling for opplæring og kompetanse	13
Figur 2: Utsnitt frå Vestland fylkeskommune sine nettsider	45
Figur 3: Oversikt over modulbasert kurs	46
Figur 4: Innhald i første modul av lærlingkurset	47
Figur 5: Sluttalar fordelt på utdanningsprogram, skuleåret 2022/2023	54
Figur 6: Kommunedialog	55

Tabellar

Tabell 1: Ansvar og roller for fagopplæring og lærlingordninga	14
Tabell 2: Revisjonskriterium knytt til samarbeid og oppfølging	16
Tabell 3: Revisjonskriterium knytt til overgang frå skule til lære	27
Tabell 4: Del søkjavar som får lærekontrakt i Vestland fylkeskommune.	35
Tabell 5: Overgangar for elevar frå vg2, skuleåret 2022/23.	37
Tabell 6: Revisjonskriterium knytt til tiltak for å auke fullføringa	42

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingordninga i Vestland fylkeskommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i sak 5/24, 12.02.2024.

Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring. Fagopplæring er vidaregåande opplæring som fører til fagbrev eller svenneprøve. Hovudmodellen i fag- og yrkesopplæringa er at elevane går to år i skule etterfølgt av to år læretid i bedrift (2+2-modellen). I samband med læretid i bedrift er mykje ansvar lagt til den enkelte lærebedrift når det gjeld opplæring og oppfølging av lærlingen, sjølv om det er fylkeskommunen som har det overordna ansvaret for å oppfylle den enkelte sin rett til vidaregåande opplæring.

I Vestland fylkeskommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 var forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingordninga blant dei prioriterte prosjekta. I risiko- og vesentlegvurderinga som låg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, blei det mellom anna peika på risiko knytt til samarbeid og kommunikasjon mellom fylkeskommunen og opplæringskontora og lærebedriftene i fylket, og risiko for mangefull informasjon og rettleiing retta mot lærlingar.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke om Vestland fylkeskommune har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta sitt ansvar for fagopplæring i vidaregåande utdanning, og bidra til høg grad av gjennomføring i fagopplæringa.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. **Har fylkeskommunen etablert føremålstenlege system for samarbeid med og oppfølging av opplæringskontor og lærebedrifter?** Under dette:
 - a) I kva grad er det etablert føremålstenlege system og arenaer for dialog og samarbeid mellom fylkeskommunen og opplæringskontora/lærebedriftene?
 - b) I kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for godkjenning og rettleiing av lærebedriftene?
 - c) I kva grad bidrar fylkeskommunen med rettleiing overfor lærebedrifter?¹
 - d) I kva grad er det etablert tilstrekkelege system og rutinar for oppfølging og kontroll av lærebedriftene, for å sikre at lærlingane får den oppfølginga og opplæringa dei har rett på?
2. **I kva grad arbeider fylkeskommunen systematisk for å sikre god rettleiing og informasjon til dei som skal bli lærlingar eller lærekandidatar, og med å sikre at alle kvalifiserte søkerar får lærepass?**
 - a) Har skulane eit tilfredsstillande tilbod om rådgjeving og rettleiing retta mot elevar som skal ut i lære?
 - b) I kva grad har fylkeskommunen etablert gode system og rutinar for å vurdere behov for lærepassar innanfor ulike regionar og fagområde, og for å dekkje dei behova som blir avdekkja?

¹ Denne problemstillinga var opphavleg knytt til hovudproblemstilling 3. For å samle informasjon og vurderinger som naturleg har ein samanheng, har revisjonen vald å legge problemstillinga inn under hovudproblemstilling 1.

- i) Klarer fylkeskommunen å sikre at alle som har rett på opplæring og som elles oppfyller formalkrava, får lærepass?
 - ii) I kva grad tar fylkeskommunen sjølv imot lærlingar?
 - c) Sikrar fylkeskommunen at dei som ev. ikkje får lærepass får eit føremålstenleg tilbod om opplæring i skule?
3. **I kva grad har fylkeskommunen føremålstenlege system, rutinar og tiltak for å bidra til høg grad av fullføring blant lærlingane?**
- 1. I kva grad får lærlingar og lærebodrifter tilstrekkeleg informasjon om rettar og plikter når det gjeld særskilt tilrettelegging?
 - a) I kva grad sikrar fylkeskommunen at lærlingar som av ulike årsakar har utfordringar i læretida, får den oppfølginga og hjelpa dei har rett på?
 - b) I kva grad bidrar fylkeskommunen, til dømes gjennom rettleiingstenesta, med støtte og oppfølging til lærlingar som står i fare for å ikkje fullføre læretida?
 - c) I kva grad er «fullføringsmidlar» eit effektivt tiltak for å bidra til auka fullføring?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen har vore avgrensa til den delen av fagopplæringa som blir gjennomført i bedrift, og fylkeskommunen si rolle knytt til rekruttering, godkjenning og oppfølging av lærebodrifter, samt fylkeskommunen si rolle når det gjeld informasjon til og oppfølging av lærlingar/læreandidatar og/eller elevar som skal ut i lære. Forvaltningsrevisjonen omhandlar likevel også tilbod om opplæring i skule i dei tilfella dette er eit alternativ til opplæring i bedrift, til dømes for elevar som ikkje får lærepass.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Prosjektet er kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar 2024 til oktober 2024.

1.4.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og andre nasjonale mål og føringar for området har blitt gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare har informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid knytt til fagopplæringa, under dette system og rutinar, blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot revisjonskriteria. Dokumentanalysen har blitt gjennomført løpende, slik at også dokument som har blitt utarbeidd under prosjektperioden har blitt gjennomgått.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftelege kjelder har Deloitte intervjuet utvalde personar frå Vestland fylkeskommune som har ansvar for eller arbeider med fagopplæring, i tillegg til representantar frå utvalde opplæringskontor² og lærlingar.

I Vestland fylkeskommune har Deloitte intervjuat to representantar frå seksjon for intak, forvaltning og sluttvurdering, ein representant frå seksjon for kvalitet i opplæringa og dei fire områdeleiarane for skule- og rettleiingstenesteområde. I tillegg er det gjennomført intervju med representantar frå tre utvalde rettleiingstenester og representantar frå fem skular som

² I denne forvaltningsrevisjonen blir nemninga «opplæringskontor» nytta sjølv om opplæringskontora i ny opplæringslov som er gjeldande frå 1.august 2024 blir omtala som «samarbeidsorgan». Dette fordi store delar av revisjonen blei gjennomført før ny opplæringslov tredde i kraft.

har hatt erfaring med gjennomføring av alternativt vg3 i skule dei siste tre åra. Det er også gjennomført intervju med representantar frå fem utvalde opplæringskontor³ og eit utval lærlingar som er tilknytt fire av desse opplæringskontora. Intervju med lærlingar er dels gjort som stadleg gruppeintervju og dels som individuelle telefonintervju, ettersom kva som har vore praktisk mogleg. Til saman har ni lærlingar frå fem ulike fagområde blitt intervjua.

Revisjonen har i tillegg intervjuet elev- og lærlingombodet i Vestland fylkeskommune.

Intervju med både skular og opplæringskontor er i hovudsak gjennomført som gruppeintervju. Totalt er det gjennomført intervju med femti personar.

1.4.3 Analyse av statistikk

Revisjonen har nytta føreliggjande statistikk som skildrar utviklinga når det gjeld fråfall og gjennomføring i fagopplæringa, samt kor stor del av søkerane som får lærepass. Statistikk er henta frå KOSTRA-tal, Utdanningsdirektoratet (lærlingundersøkinga) og frå fylkeskommunen.

1.4.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuata for verifikasiing og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til fylkeskommunen for verifikasiing, og faktafeil er retta opp i den endelige versjonen. Høyringsutkast av rapporten er sendt til fylkesdirektøren for uttale. Fylkesdirektøren sin høyringsuttale går fram av vedlegg 1 til rapporten.

1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova og forskrift til opplæringslova. Då ny opplæringslov har tredd i kraft i løpet av prosjektperioden, viser vi i rapporten til både ny og tidlegare lov, og peiker på eventuelle endringar i krava. Kriteria er nærmere presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.

³ Utvalet av opplæringskontor er gjort med hensyn til geografi, storlek på opplæringskontoret, og type opplæringskontor. Det er gjennomført intervju med opplæringskontor av ulik storlek, som dekkjer ulike fag, og ulike delar av fylket. Nokre er fag- eller bransjespesifikke, medan nokre dekkjer eit geografisk område.


2 Om tenesteområdet

2.1 Overordna organisering og ansvarsdeling

Vestland fylkeskommune er organisert i sju avdelingar, kor ansvaret for fagopplæringa og lærlingordninga ligg til avdeling for opplæring og kompetanse. Avdeling for opplæring og kompetanse har ansvaret for vidaregåande opplæring i fylket, fagskuletilbod, samarbeid med arbeids- og næringsliv for å skaffe lære plassar, tilpassa opplæring, utvikling av opplæringstilbodet og for å sikre kompetansen til lærarar og instruktørar.

Avdelinga består av seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, seksjon for kvalitet i opplæringa, seksjon for kompetanse, stab, rettleiingstenesta (som mellom anna inkluderer pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og oppfølgingstenesta (OT)) og dei 42 vidaregåande skulane i Vestland. Organiseringa av avdeling for opplæring og kompetanse går fram av organisasjonkartet under.⁴ Som ein ser av organisasjonskartet, har ikkje Vestland fylkeskommune ein eigen seksjon for fag- og yrkesopplæring. Dei ulike seksjonane som ligg under avdeling for opplæring og kompetanse delar på oppgåvene som gjeld fag- og yrkesopplæringa.

Figur 1: Organisasjonskart. Avdeling for opplæring og kompetanse



Kjelde: Vestland fylkeskommune

⁴ Figuren beskriv organiseringa på tidspunktet Deloitte innhenta dokumentasjon frå Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen opplyser om at rolla som assisterande avdelingsdirektør i dag ikkje er ein del av organisasjonskartet, og at ansvaret som assisterande avdelingsdirektør er overtatt av direktør for opplæring og kompetanse, områdeleiarane og dei ulike seksjonane.

2.2 Ansvar og roller knytt til fagopplæring og lærlingordninga

Tabellen under viser kva oppgåver dei ulike seksjonane og einingane har for fagopplæringa og lærlingordninga.

Tabell 1: Ansvar og roller for fagopplæring og lærlingordninga

Seksjon og eining	Ansvarsområde
Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering	Seksjonen administrerer eksamen og fagprøver, og forvaltar dokumentasjon som vitnemål, kompetansebevis og fagbrev. Seksjonen har ansvar for lærekontraktar, og godkjenning av lærebedrifter og opplæringskontor.
Seksjon for kvalitet i opplæringa	Seksjonen har ansvar for å sikre og utvikle kvalitet i opplæringa for alle som har rett til vidaregåande opplæring. Seksjonen har ansvar for overordna forvaltning og koordinering for mellom anna institusjonsopplæring, PPT, tilpassa opplæring og individuel tilrettelegging ⁵ , oppfølgingsteneste, pedagogisk bruk av IKT og kompetanseutvikling i sektoren.
Seksjon for kompetanse	Seksjonen har ansvar for å sikre eit likeverdig og berekraftig opplæringstilbod som svarar på arbeidslivet sine behov, og legg til rette for utvikling av opplæringstilbod. Seksjonen lagar statistikk og analyse for opplæringssektoren.
Yrkesopplæringsnemnda	Yrkesopplæringsnemnda er eit sentralt forum for utviklingsarbeidet innanfor fag- og yrkesopplæringa i Vestland fylkeskommune. Nemnda er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen. Den er samansett av 12 medlemmar frå fylkestinget, frå arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane og elevrepresentantar. Fleirtalet av medlemmane representerer partane i arbeidslivet.
Rettleiingstenesta	Rettleiingstenesta skal gi ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsmiljø. Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar, lærekandidatar og lærebedrifter, og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne. Tenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter. Det er seks rettleiingstenester, fordelt på ulike geografiske område.
Vidaregåande skular og områdeleirarar	Vestland fylkeskommune er skuleeigar for 42 offentlege vidaregåande skular. Kvar skule er følgd opp av ein områdeleiar med ansvar for skulane og rettleiingstenesta i sitt område. Fylkeskommunen er delt inn i fire område med kvar sin områdeleirarar.

⁵ Føresegnd om individuell tilrettelegging i ny opplæringslov tilsvavar i stor grad det som i tidlegare opplæringslov var omtala som spesialundervisning. Ny opplæringslov trådde i kraft frå 1. august 2024.

Områdeleiarane har ansvar for den vidaregåande opplæringa i sitt område, rettleiingstenesta, samt for å kjenne skulane, lokalsamfunna og arbeidslivet.

Tabellen under viser andre aktørar som har sentrale roller knytt til fagopplæring og lærlingordninga i Vestland, med ei skildring av rolla.

Tabell 2: Andre aktørar med ei rolle tilknytt fagopplæring og lærlingordninga

Eining	Rolle
Opplæringskontor	Opplæringskontora er eit samarbeid mellom bedrifter og verksemder om inntak og opplæring av lærlingar. Opplæringskontor kan vere organisert noko ulikt, og det finst opplæringskontor som er kommunale, tverrfaglege, per bransje, og opplæringskontor som fokuserer på enkeltfag. Med ny opplæringslov som tredde i kraft 1. august 2024 har opplæringskontora si rolle endra seg noko, og dei har fått nemninga "samarbeidsorgan for lærebedrifter". Opplæringskontora vil ikkje lenger godkjennast som lærebedrift, men som samarbeidsorgan. Opplæringskontora følgjer opp sine medlemsbedrifter (lærebedriftene) og lærlingar. I Vestland fylke finst det kring 80 opplæringskontor, som samarbeider med over 2000 lærebedrifter. Nokre av desse er store opplæringskontor som har avtale med mange lærebedrifter og dekker mange lærefag, medan nokre er mindre og dekker eit fåtal lærefag og har avtale med nokre få lærebedrifter.
Lærebedrift	Lærebedrifter er bedrifter som er godkjende for å ta inn lærlingar. For å bli godkjend som lærebedrift må bedrifta ha relevante arbeidsoppgåver som oppfyller måla i læreplanen for lærlingen. I tillegg må bedrifta ha ein fagleg leiar som har ansvar for å ivareta opplæringsansvaret i samsvar med opplæringslova. I Vestland fylke er det over 2000 godkjende lærebedrifter.

3 Samarbeid og oppfølging

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

Har fylkeskommunen etablert føremålstenlege system for samarbeid med og oppfølging av opplæringskontor og lærebedrifter?

Under dette:

- I kva grad er det etablert føremålstenlege system og arenaer for dialog og samarbeid mellom fylkeskommunen og opplæringskontora/lærebedriftene?
- kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for godkjenning og rettleiing av lærebedriftene?
- I kva grad bidrar fylkeskommunen med rettleiing overfor lærebedrifter?⁶
- I kva grad er det etablert tilstrekkelege system og rutinar for oppfølging og kontroll av lærebedriftene, for å sikre at lærlingane får den oppfølginga og opplæringa dei har rett på?

3.2 Revisjonskriterium

Fylkeskommunen sitt ansvar for fagopplæringa og lærlingordninga er heimla i opplæringslova og forskrift til opplæringslova. I tillegg er det gitt føringar på nasjonalt nivå for fylkeskommunen sitt arbeid med fagopplæring og lærlingordninga gjennom fleire stortingsmeldingar, som kompetansereforma og fullføringsreforma.

I opplæringslova og forskrift til opplæringslova er det stilt fleire krav til fylkeskommunen si oppfølging av opplæringskontor og lærebedrifter. Desse krava er vidareført med nokre endringar frå tidlegare opplæringslov og til den nye opplæringslova som tredde i kraft 1. august 2024.

I tillegg er det gjennom kommunelova stilt krav til fylkeskommunen sin internkontroll for å sikre at krav i lov og forskrift blir følgt opp.

Sentrale krav og føringar som er relevante for ovannemnde problemstillingar er oppsummert i tabellen under. Tabellen viser lovkrav som går fram av ny opplæringslov som tok til å gjelde 1. august 2024.

Tabell 2: Revisjonskriterium knytt til samarbeid og oppfølging

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
Kommunelova § 25-1	Fylkeskommunen skal ha internkontroll for å sikre at lover og forskrifter blir følgt.	Fylkeskommunen bør ha rutinar og prosedyrar som sikrar at lovpålagte oppgåver blir følgt opp.

⁶ Denne problemstillinga var opphavleg knytt til hovudproblemstilling 3. For å samle informasjon og vurderinger som naturleg har ein samanheng, har revisjonen vald å legge denne inn under hovudproblemstilling 1.

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
Oppl. § 7-5 ⁷	Fylkeskommunen skal godkjenne lærebedrifter som oppfyller krav til lærebedrifter.	Fylkeskommunen må ha system for godkjenning av lærebedrifter som sikrar at berre bedrifter som oppfyller krava blir godkjende.
Oppl. § 7-9 ⁸	Fylkeskommunen skal rettleie lærebedriftene og kontrollere at dei oppfyller krav i opplæringslova.	Fylkeskommunen bør ha system for innhenting og gjennomgang av opplysningar som er eigna til å gi informasjon om korvidt krav i opplæringslova er oppfylt. Fylkeskommunen må også ha system for å sikre at lærebedrifter ved behov får naudsynt rettleiing.
Samfunnskontrakt for flere læreplasser (2022-2026) ⁹	Erfaringsdeling og relasjonsbygging mellom skule, opplæringskontor, arbeidsliv, fylkeskommunen og andre sentrale aktørar blir trekt fram som ein viktig føresetnad for å lukkast i arbeidet med formidling av læreplass.	For å følgje opp tiltaket om erfaringsdeling og relasjonsbygging, er det viktig at fylkeskommunen sikrar at det finst føremålstenlege arenaer for samarbeid mellom aktørane, og at det er etablert tilstrekkeleg med system for å ivareta samarbeidet på ein god måte. Samarbeidet bør vere innretta slik at det legg til rette for gode relasjonar mellom aktørane, og deling av erfaringar som kan bidra til eit godt og målretta samarbeid.
Fullføringsreformen Meld. St. 21 (2020-2021)	Fylkeskommunane er sentrale for å sikre godt samarbeid og god involvering mellom	For å sikre at tiltaka i fullføringsreforma skal lukkast, er det forventa at fylkeskommunen bidreg med betre dimensjoner, meir bruk av tilpassa opplæringsløp, større kapasitet og god

⁷ Kravet er dels ei vidareføring av § 4-3 i tidlegare opplæringslov, der det mellom anna stod at «Bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlinger, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar eller kandidatar for fagbrev på jobb, må vere godkjende av fylkeskommunen.» I tidlegare opplæringslov gjekk det også fram at både private og offentlege verksemder, og organ for samarbeid mellom bedrifter (opplæringskontor), kunne godkjennast som lærebedrift. Dette er endra i ny lov, og opplæringskontor skal ikke lengre rekna som lærebedrifter men som samarbeidsorgan for lærebedrifter. I ny opplæringslov § 7-12 går det fram at «Lærebedrifter som er tilknytt eit samarbeidsorgan for lærebedrifter, kan avtale at samarbeidsorganet inngår lærekontrakt etter § 7-2 og mottar tilskot etter § 7-8 på vegner av lærebedrifta.» For at samarbeidsorganet skal kunne inngå avtale om lærekontrakt eller tilskot, eller bistå bedrifter med opplæring, må det godkjennast av fylkeskommunen jf. forskrift til opplæringslova § 6-18.

⁸ Kravet er i hovudsak ei vidareføring av krav i tidlegare opplæringslov § 4-8: «I samband med godkjenning av lærebedrifter skal fylkeskommunen rettleie og følge opp bedriftene, tillegg til å kontrollere at den enkelte bedrifta fyller krava for å få godkjenning.» Gjeldande krav er likevel i mindre grad knytt spesifikt til godkjenningsprosessen enn tidlegare lovkrav. I staden er den nye regelen tettare knytt opp mot regelen om at fylkeskommunen kan trekke tilbake godkjenninga som lærebedrift viss lærebedrifta ikkje lengre oppfyller krava (§ 7-9 andre ledd). I forarbeida til ny lov blir det peika på at regelen om rettleiing og oppfølging må sjåast i samanheng med internkontrollkravet i kommunelova (Prop. 57 L (2022-2023) Lov om grunnopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)). Også i forarbeida til tidlegare opplæringslov blei det lagt vekt på at arbeidet med rettleiing og oppfølging var eit ledd i fylkeskommunen sitt heilskaplege ansvar for vidaregående opplæring, og følger av fylkeskommunen sitt ansvar for det overordna kvalitsarbeidet. Viss oppfølging og kontroll viste manglande oppfylling av krav i lov eller forskrift kunne fylkeskommunen også i medhald av tidlegare lovgeving trekke tilbake godkjenninga av lærebedrifta (Ot. Prop.nr.41 (2006-2007)).

⁹ Partane i Samfunnskontrakten for flere læreplasser er: NHO, LO, Virke, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Unio, Maskinentreprenørernes Forbund, YS, Norges Rederiforbund, KS, Akademikerne, Kunnskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
	aktørane på opplæringsfeltet.	karriererettleiing. Dette føreset godt samarbeid mellom fylkeskommunane og dei ulike aktørane på opplæringsfeltet.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

3.3 System og arenaar for dialog og samarbeid

3.3.1 Datagrunnlag

Det er etablert fleire ulike arenaar for dialog og samarbeid mellom fylkeskommunen og opplæringskontor og lærebedrifter.

Årleg fagkonferanse

Fylkeskommunen arrangerer ein årleg konferanse for fag- og yrkesopplæringa i Vestland. Frå fylkeskommunen blir det opplyst at innhaldet i konferansen blir utarbeida i tett samarbeid med representantar frå opplæringskontora. Alle opplæringskontor og større sjølvstendige lærebedrifter blir invitert i tillegg til aktuelle personar frå Vestland fylkeskommune.

Den årlege fagkonferansen blir skildra i intervju som ein god arena for opplæringskontora når det gjeld å møte andre opplæringskontor. Samtidig kommenterer eit opplæringskontor i intervju at dei ikkje har kunne prioritere å delta på konferansen som fylkeskommunen arrangerer dei siste åra, fordi det er langt å reise dit og det ikkje er alle temaa på agendaen som er like relevante for dei. Dei ønskjer noko meir lokalt og nærmare deira interesser.

Faste halvårlege møte

Fylkeskommunen opplyser at avdelingsdirektør for avdeling opplæring og kompetanse har to årlege digitale møte med opplæringskontora og store lærebedrifter. Møta er områdevise, og det er eit på hausten og eit om våren.

I møtet på hausten jobbar dei med opplæringstilbodet for påfølgande skuleår. Opplæringskontora og lærebedriftene kjem med innspel til kva behov næringslivet har for arbeidskraft. Dette nyttar fylkeskommunen som del av kunnskapsgrunnlaget i utarbeiding av opplæringstilbodet.

I møtet om våren legg avdelingsdirektøren fram prognoseinntaket og tidsplan for arbeidet med justering av opplæringstilbodet. Opplæringskontora og lærebedriftene kjem igjen med innspel på kva behov næringslivet har for arbeidskraft.

Kvalitetsdialog

Fylkeskommunen inviterer jamleg kvart opplæringskontor til eit møte som blir omtala som kvalitetsdialog. I Vestland fylkeskommune si kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring 2022/2023¹⁰ er denne kvalitetsdialogen skildra slik:

Kvalitetsdialogen er ein del av kvalitetssystemet, og er forankra i opplæringslova § 13-3e og kommunelova § 25-1. Målet er at skulane, RLT og opplæringskontora annakvart år blir invitert inn til kvalitetsdialog med skuleigar. Intensjonen med kvalitetsdialogen er å sikre gode prosessar i arbeidet med å auke fullføringa. I desse møta er ulike aktørar representert.

¹⁰ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding. Vidaregående opplæring 2022/23.

Områdeleiarane har ansvar for denne dialogen, og seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering og seksjon for kvalitet i opplæringa er involvert i dette arbeidet. I denne dialogen tek fylkeskommunen opp tema som er relevante for fag- og yrkesopplæringa. Dette kan til dømes vere viss Lærlingundersøkinga viser at det er område med utfordringar. Kvalitetsdialogen er meint som gjensidig dialog frå fylkeskommunen sin side, med moglegheit for både fylkeskommunen og opplæringskontora til å stille spørsmål og ta opp tema dei meiner er aktuelle. Likevel blir det nemnt i intervju at nokre opplæringskontor nok kan oppleve at denne dialogen har ein kontrollfunksjon frå fylkeskommunen si side.

I intervju med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, fortel dei at kvalitetsdialogen har erstatta det som tidlegare var faste møte mellom leiar for fagopplæringa og opplæringskontora. Fylkeskommunen informerer om at det i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune var ein praksis med årlege møte for kvalitetsdialog med alle opplæringskontor. I Vestland fylkeskommune er det gjennomført kvalitetsdialog med eit utval av opplæringskontora. Fylkeskommunen opplyser om at det er behov for å etablere ein langsiktig struktur på denne oppfølginga.

I intervju med seksjon for kvalitet i opplæringa, fortel dei at det er planlagt å halde fram med kvalitetsdialogen, sjølv om ny opplæringslov av hausten 2024 medfører nokre endringar for opplæringskontora.

Oversikt over roller og ansvar

Det blir påpeikt i intervju med fleire opplæringskontor at det ikkje er lett å få oversikt over kven som arbeider med kva sentralt i fylkeskommunen. Fleire opplæringskontor etterspør ei oversikt over kven dei kan kontakte om kva i administrasjonen i fylkeskommunen. Slik det er no, blir det opplyst at det finst ei oversikt over kven som jobbar innan dei ulike seksjonane i fylkeskommunen, men det står ikkje kva område dei ulike tilsette jobbar med. Viss eit opplæringskontor til dømes har eit spørsmål som gjeld fagprøva, blir det kommentert at det hadde vore nytlig med ei oversikt over kven dei kan ta kontakt med om dette. Eit opplæringskontor føreslår at ein kunne hatt ei liste over dei ulike som jobbar med fagopplæringa som kunne vore tilgjengeleg berre for opplæringskontor og lærebodrift, til dømes. Det blir vist til at det å vite kven ein kan kontakte om kva spørsmål er særleg krevjande fordi ansvaret er spreidd på ulike seksjonar.

Samanslutningar av opplæringskontor

Det finst ulike samanslutningar av opplæringskontor i Vestland. Eit døme på ei slik samanslutning er Yrkeslabyrinten¹¹. Dette er ei foreining for opplæringskontor i Vestland.

Foreininga består av 20 opplæringskontor, som er medlemmar og arrangørar av utdanningsmessa Yrkeslabyrinten. På Yrkeslabyrinten sine nettsider står det at dei samarbeider tett med Vestland fylkeskommune.¹² I intervju i samband med revisionen fortel eitt opplæringskontor at dei har faste møte med rettleiingstenestene i Bergen i samband med Yrkeslabyrinten. Dette er ein samarbeidskanal kor opplæringskontora kan drøfte dei meir overordna problemstillingane saman med fylkeskommunen. Denne foreininga er etablert i regi av opplæringskontora, og ikkje i regi av Vestland fylkeskommune.

Eit anna døme på ei slik samanslutning er OKSU (Opplæringskontoras samarbeidsutval). Dette samarbeidstuvalet består av tretten opplæringskontor med adresse i gamle Sogn og Fjordane

¹¹ Om oss - Yrkeslabyrinten

¹² Yrkeslabyrinten. <https://yrkeslabyrinten.no/om-oss/>. Sist besøkt 26.08.2024.

fylke¹³. Dei skriv på sine nettsider at dei er representert i yrkesopplæringsnemnda, deltek i møte med fylkeskommunen og samarbeider om informasjon til ungdomsskulane.

Generelt om samarbeidet med fylkeskommunen

Dei intervjuva opplæringskontora seier at dei opplever samarbeidet med fylkeskommunen som godt og føremålstenleg, og at dei har særleg tett dialog med rettleiingstenesta i fylkeskommunen. Nokre av opplæringskontora har faste møte med rettleiingstenesta som dei har nærmest kontakt med, men dette varierer. Frå fleire av opplæringskontora blir det kommentert at dei tek kontakt med administrasjonen i fylkeskommunen ved behov, viss dei har spørsmål kring forvaltning eller liknande.

Fleire av opplæringskontora fortel samtidig i intervju at dei saknar meir overordna informasjon om fylkeskommunen sine mål for opplæringsfeltet. Opplæringskontora har ofte god kjennskap til mål og behov for sin region, men dei har ikkje oversikt over heile fylket på same måte som fylkeskommunen sentralt har. Fleire opplæringskontor peiker på at dei saknar jamleg informasjon frå fylkeskommunen, til dømes i form av eit nyhendebrev. Her kunne dei fått informasjon om viktige fristar, nye eller endra prosedyrar, viktige endringar som den nye opplæringslova, samt meir overordna utviklingstrekk og prosessar.

3.3.2 Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at Vestland fylkeskommune har etablert føremålstenlege arenaar for dialog og samarbeid med opplæringskontora, med ein årleg fagkonferanse, to årlege møte, kvalitetsdialog mellom Vestland fylkeskommune og opplæringskontora, samt jamleg dialog med den fylkeskommunale rettleiingstenesta. Samtidig merkar revisjonen seg at det har vore ulike «tradisjonar» for kvalitetsdialogen i dei to tidlegare fylkeskommunane, og at det er ein pågående prosess for å avklare korleis denne dialogen skal gjennomførast framover. Revisjonen vil presisere viktigheita av at det blir etablert ein fast struktur for kvalitetsdialogen, slik at ein sikrar systematikk og føreseielegheit i denne delen av samhandlinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora/samarbeidsorgana.

Som mogleg punkt til forbetring vil revisjonen også peike på at fleire av opplæringskontora opplever at det kan vere krevjande å forstå ansvars- og rolledelinga internt i fylkeskommunen, og kven dei skal kontakte i kva saker. Dette synast å vere ei problemstilling som heng saman med at ansvaret for fagopplæring og lærlingordninga er fordelt over ulike seksjonar og einingar i fylkeskommunen. For å sikre god informasjonsflyt og legge til rette for dialogen mellom aktørane, kan det vere føremålstenleg at fylkeskommunen arbeider for å tydeleggjere ovanfor opplæringskontor og lærebodrifter kven dei kan kontakte med ulike spørsmål. I tillegg har det vore etterspurt meir overordna informasjon frå Vestland fylkeskommune si side, til dømes i form av eit nyhendebrev. Revisjonen meiner fylkeskommunen gjerne kan vurdere å imøtekome dette ønsket som eit ledd i det å leggje til rette for god dialog og godt samarbeid mellom partane. Kva form slik informasjon eventuelt skal ha, er noko fylkeskommunen bør vurdere i samarbeid med opplæringskontora og eventuelle andre relevante aktørar.

¹³ OKSU. Opplæringskontoras samarbeidsutval. <https://www.oksu.no/>. Sist besøkt 03.10.2024.

3.4 Godkjenning og rettleiing av lærebedriftene¹⁴

3.4.1 Datagrunnlag

Ansvaret for godkjenning av lærebedrifter ligger hjå seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering i avdeling for opplæring og kompetanse i fylkeskommunen. Ansvaret for å rettleie lærebedriftene ligg først og fremst hjå rettleiingstenesta, med mindre det er snakk om rettleiing i samband med godkjenning. Dei ulike prosessane og rutinane for godkjenning og rettleiing av lærebedriftene er nærmere skildra nedanfor.

Godkjenning av lærebedrifter

Fylkeskommunen har ein rutine for godkjenning av lærebedrift.¹⁵ Rutinen ligg tilgjengeleg i fylkeskommunen si eHandbok. Føremålet med rutinen er at «bedrifter som tar på seg opplæring må vere godkjende av fylkeskommunen, og må vere fagleg vurderte. Lærebedrifa må kunne gi ei opplæring som tilfredsstiller krava til innhald og vurdering.»

Rutinen gjeld for seksjon inntak, forvaltning og sluttvurdering og Stab. Seksjon inntak, forvaltning og sluttvurdering har ansvar for å registrere, vurdere og godkjenne søknader om godkjenning av lærebedrift.

Det føreligg etter det revisjonen er kjend med, ikkje rutinar som skildrar korleis Yrkesopplæringsnemnda skal involverast i godkenningsprosessen, ut over at nemnda skal bli orientert.

På Vestland fylkeskommune sine nettsider finst det informasjon om korleis ei bedrift kan gå fram for å bli godkjend lærebedrift.¹⁶ Før lærebedrifa søker om å bli godkjend, må fagleg leiar gjennomføre eit obligatorisk e-læringskurs. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved søknaden. For å bli godkjend lærebedrift skal bedrifta fylle ut eit søknadsskjema, legge ved dokumentasjon på fagleg leiar sine kvalifikasjonar, og legge ved samarbeidsavtale viss bedrifta er medlem i eit opplæringskontor. Dagleg leiar, fagleg leiar og innsendar må signere skjemaet. Viss ei bedrift har spørsmål til korleis dei kan bli godkjend som lærebedrift, kan dei ta kontakt med rettleiingstenesta.

Kurset som Vestland fylkeskommune har utvikla for fagleg leiar består av to delar. Del 1 skal sikre at nye lærebedrifter og faglege leiarar får same informasjon om rolla si og ansvaret sitt, og dette tek 45 minutt. Dette er tilbuddt som eit e-læringskurs. Del 2 er eit dagskurs. Dette er som regel eit fysisk kurs, men fylkeskommunen opplyser at dei kan legge til rette viss nokon har behov for å gjennomføre dette digitalt.. Det er og høve for at instruktørar kan gjennomføre begge delar av dette kurset, men dette er ikkje obligatorisk.

Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering fortel i intervju at Vestland fylkeskommune har hatt rutine på å godkjenne kvar enkelt lærebedrift, og at dette er vidareført frå både gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune, og gamle Hordaland fylkeskommune. Dei fortel i intervju at ikkje alle fylkeskommunar har hatt praksis for dette. Sidan ny opplæringslov stiller krav til at kvar lærebedrift må få sjølvstendig godkjenning, betyr dette i praksis at Vestland fylkeskommune er godt førebudd på å møte dette nye kravet. Det er over 2000 lærebedrifter i Vestland fylkeskommune, så det ville vore veldig tidkrevjande å byrje arbeidet med å godkjenne kvar enkelt av desse no.

¹⁴ I dette kapittelet svarer vi på følgjande to problemstillingar: «I kva grad er det etablert føremålstreng system og rutinar for godkjenning og rettleiing av lærebedriftene?» og «I kva grad bidrar fylkeskommunen med rettleiing overfor lærebedrifter?».

¹⁵ Vestland fylkeskommune. Godkjenning av lærebedrift. Sist godkjent dato 07.06.2023.

¹⁶ [Slik blir du godkjend lærebedrift - Vestland fylkeskommune](#)

I intervju med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, fortel dei at det nok kan oppfattast som krevjande å bli godkjent som lærebodrift, men at det i realiteten ikkje skal vere det. I behandling av søknaden sjekkar seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering om skjema er korrekt fylt ut, og om informasjonen stemmer. Dei vurderer ikkje kvalitet på bedrifta i sjølve søknadsbehandlinga. Dette blir vurdert og følgt opp seinare, i sjølve oppfølginga av lærebodrifta. Viss noko i søknaden verkar å ikkje stemme, kan seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering sende ut ei prøvenemnd til bedrifta, for å sjekke. Dette hender det at dei gjer, men systemet er i stor grad tillitsbasert så lenge skjema er riktig fylt ut og informasjonen som er oppgitt verkar å stemme.

Godkjenning av opplæringskontor

Vestland fylkeskommune har frå før ny opplæringslov tok til å gjelde, hatt system for å godkjenne opplæringskontor, og det finst eigen rutine på dette. Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering har ansvar for å registrere og vurdere søknaden.

Frå fylkeskommunen blir det peika på at rutinen no må reviderast for å møte krava i ny opplæringslov, då opplæringskontoret/samarbeidsorganet etter ny lov har ei anna formell rolle enn tidlegare. I intervju med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering blir det opplyst at dei er i gang med å iverksette naudsynte justeringar av rutinen med bakgrunn i endringar i opplæringslova med verking frå 1. august 2024. Dei fortel at yrkesopplæringsnemnda ønskjer å vurdere alle nye søknadar kor eit opplæringskontor (samarbeidsorgan) søker om godkjenning for å kunne inngå lærekontraktar og motta tilskot på vegner av ei eller fleire lærebodrifter som som er knytt til dette samarbeidsorganet, før endeleg godkjenning blir gitt av seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering.

Rettleiing av lærebodrifter

Fylkeskommunen har utarbeidd ein felles rettleiar for oppfølging av lærlingar og lærebodrifter.¹⁷ Rettleiaren gjeld for rettleiingstenesta i fylkeskommunen. Rettleiaren gir informasjon om kva slags oppfølging som er aktuell, kva rettleiingstenesta si rolle kan vere under oppfølginga, korleis oppfølging bør planleggast og gjennomførast og om prioritering av besøk. Vidare inneheld rettleiaren ei liste med sjekkpunkt som kan brukast ved oppfølging av lærebodrift og lærlingar. I denne sjekklisten er det fleire punkt som gjeld rettleiing. I tillegg til at rettleiingstenesta skal sjekke rutinane til lærebodrifta skal dei og vurdere om det er behov for tettare oppfølging frå rettleiingstenesta, og om det er behov for kurs for dei ansvarlege i lærebodrifta. I sjekklisten er det ikkje vidare spesifisert korleis ein skal sjekke om det er behov for meir rettleiing, eller kva ein skal sjå etter.

I rutinen er det ikkje lagt opp til systematisk oppfølging og rettleiing av lærebodriftene. Rutinen spesifiserer at «Oppfølginga kan vere eit resultat av førespurnad frå lærebodrift/lærling, signal frå prøvenemnder, bransjesatsingar, statistikk på strykprosent/hevingar, bekymringsmelding eller av andre årsaker.»¹⁸

Slik rutinen er lagt opp, skal rettleiingstenesta følge opp og rettleie lærebodrifter ved behov. I samband med tilsetting av åtte nye engasementstillingar i rettleiingstenesta, er det likevel lagt opp til systematisk besøk av lærebodriftene frå rettleiingstenesta si side, kor ein del av

¹⁷ Vestland fylkeskommune. Oppfølging av lærlingar og lærebodrifter. Sist godkjent dato 23.05.2023.

¹⁸ Vestland fylkeskommune. Rettleiing. Oppfølging av lærlingar og lærebodrifter. Godkjent dato 23.05.2023. Side 1.

føremålet er å avdekkje behov for rettleiing i lærebedriftene. Dette er nærmere omtala i kapittel 5.4.1.

I intervju fortel rettleiingstenesta at dei nyttar rettleiaren for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter aktivt. Dei nyttar prioriteringslista når dei planlegg besøk i bedrift, og at dei nyttar lista med sjekkpunkt under besøk.

Rettleiingstenestene viser til at dei opplever at lærebedrifter tek kontakt med rettleiingstenesta viss dei har behov for rettleiing. Nokre tek kontakt direkte, medan andre tek kontakt gjennom sitt opplæringskontor. Rettleiingstenesta fortel vidare at dei arbeider med å gjere seg kjend bland bedriftene, og at dette er eit kontinuerleg arbeid. I oppfølging av bedrift fortel rettleiingstenesta at dei har ekstra fokus på frittståande lærebedrifter, sidan dei ikkje får oppfølging frå eit opplæringskontor. Rettleiingstenesta har samtidig tett samarbeid med opplæringskontora, og dei lærebedriftene som er medlem av eit opplæringskontor kan difor koplast på rettleiingstenesta gjennom sitt opplæringskontor. Dei frittståande lærebedriftene kan ikkje dette, og det er difor større risiko for at dei ikkje får den rettleiinga og oppfølginga dei treng. Difor blir dei prioriterte i besøka som rettleiingstenesta tar initiativ til.

I intervju kommenterer representantar for rettleiingstenesta at dei også held kurs for nye faglege leiarar. Som omtalt over, må del 1 av kurset vere gjennomført for å søkje om å bli lærebedrift, medan del 2 av kurset skal gjennomførast innan eit år. Rettleiingstenesta opplever at innhaldet i dette kurset no er veldig treffande for kva lærebedriftene treng å vite, og at det dermed ligg mykje rettleiing også i kurset. Frå ei av rettleiingstenestene blir det opplyst at dei oppmodar lærebedrifter som blei godkjende for ei tid tilbake til å delta på desse kursa etter at nye læreplanar blei innført. Dette fordi kursa innehold mykje nyttig informasjon frå Utanningsdirektoratet om dei nye læreplanane, kompetansepakkar med meir. Dei har opplevd at ein del lærebedrifter som har vore lærebedrift i mange år melder seg på kursa, sjølv om dei ikkje kan påleggje dei å delta.

I intervju i samband med revisjonen kjem det fram at kursa som blir tilbudd av opplæringskontora og fylkeskommunen i samband med godkjenning av nye lærebedrifter kan opplevast som overlappande i nokre tilfelle. Nokre rettleiingstenester peiker på at dei innanfor sitt område har vore veldig tydelege på skiljet mellom kursing av fagleg leiar – som fylkeskommunen har ansvar for – og kursing av instruktør - som opplæringskontora har ansvar for. Dette fordi det skal vere tydeleg for lærebedriftene kva opplæring som gjeld. Samstundes er det slik at instruktørar kan delta på kurs for fagleg leiar i regi av fylkeskommunen, men det er ikkje obligatorisk at dei gjer dette. Det blir påpeikt i intervju at opplæringskontora har lang erfaring med å gi kurs til instruktørar, og at dette er noko dei gjerne bør halde fram med. Fylkeskommunen har på si side ansvar for godkjenning av lærebedrifter, og i samband med dette ønsker dei å sikre at alle lærebedrifter og faglege leiarar får same informasjon.

3.4.2 Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at fylkeskommunen i all hovudsak har gode og tydelege rutinar knytt til godkjenning av lærebedrifter. Fylkeskommunen har også hatt rutinar for godkjenning av opplæringskontor, men sidan lovkrava er endra frå 1. august 2024 er desse rutinane under revisjon. Revisjonen vil presisere viktigheita av at nye rutinar kjem på plass snarast, då ny opplæringslov har vore gjeldande frå 1. august 2024.

I samband med godkjenningsprosessen vil revisjonen påpeike at det går fram av opplæringslova at lærebedrifter må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedifta. Det står vidare at fylkeskommunen «skal leggje avgjerande vekt på den

faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda» (oppll. § 7-5). Revisjonen kan ikkje sjå at fylkeskommunen sine rutinar seier noko om denne prosessen, og det kan verke som at det er etablert ein praksis der yrkesopplæringsnemnda har ein mindre sentral rolle enn det lova legg opp til. Revisjonen vil presisere viktigeita av at rutinane for godkjenning av lærebedrift tydeleggjer roller og ansvar i prosessen, og bidrar til å sikre at prosessen samsvarer med krav i opplæringslova mellom anna når det gjeld yrkesopplæringsnemnda sin rolle.

Når det gjeld rettleiing av lærebedrifter, er dette primært ei oppgåve som i fylkeskommunen er lagt til rettleiingstenesta. Det er etter revisjonen si vurdering etablert føremålstenlege rutinar for dette arbeidet, inkludert forslag til prioritering og sjekkliste til bruk i samband med bedriftsbesøk. Undersøkinga viser også at rettleiingstenesta det siste året har arbeidd systematisk med gjennomføring av bedriftsbesøk, i samband med tilsetting av nye rettleiarar i engasjement som skal jobbe særskilt med dette (sjå nærmere omtale av desse stillingane i kapittel 5.4.1). Dette er etter revisjonen si vurdering positivt, og saman med kursora som blir halde, meiner revisjonen at dette bør utgjere eit godt grunnlag for å fange opp eventuelle behov for rettleiing hos bedriftene, og sikre at behovet for rettleiing også blir ivaretakne i praksis.

3.5 System og rutinar for oppfølging og kontroll av lærebedriftene

3.5.1 Datagrunnlag

Oppfølging av lærlingar og lærebedrifter

Fylkeskommunen har som omtala i kapittel 3.4 ein rutine for oppfølging av lærlingar og lærebedrift.¹⁹ Rutinen legg ikkje opp til systematisk kontroll av lærebedrifter, men oppfølging og kontroll ved behov. Dette ansvaret ligg til rettleiingstenesta. I rutine for oppfølging av lærlingar og lærebedrift er det gitt forslag til korleis rettleiingstenesta kan prioritere besøk av lærling og lærebedrift. Dei skal mellom anna prioritere å besøke frittståande lærebedrifter, det vil seie lærebedrifter som ikkje er tilknytt eit opplæringskontor. Rettleiingstenesta skal sjølv gjere ei heilskapleg vurdering av korleis dei prioriterer besøk. I intervju med seksjon for kvalitet i opplæringa kjem det fram at prioriteringane for besøk er utarbeidd med tanke på kor det er høgast risiko for fråfall - basert på erfaring og forsking.

I sjekklista for besøk i lærebedrift, som er ein del av rettleiar for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter,²⁰ er det fleire sjekkpunkt som gjeld oppfølging og kontroll av lærebedrift. Ifølgje sjekklista, skal rettleiingstenesta mellom anna sjekke om det er på plass intern plan for opplæring, og om denne er kjent og blir brukt løpende, om lærebedrifta har system for halvårsvurderingar/samtalar, om bedrifta har ein plan for førebuing til fagprøva, med meir. Denne rutinen er frå juni 2023, etter at det blei vedteke å styrke rettleiingstenesta med åtte nye engasjementstillingar for å styrke arbeidet rettleiingstenestene gjer for lærlingar og lærebedrifter. Dette tiltaket er nærmare skildra i kapittel 5.4.

I intervju i samband med revisjonen, fortel rettleiingstenestene at dei nyttar rettleiar for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter ved besøk i lærebedrift, og at lista med sjekkpunkt blir aktivt brukt. Frå rettleiingstenesta blir det opplyst at dei kan melde saker vidare til forvaltninga i fylkeskommunen viss dei oppdagar døme i lærebedrifter der alt ikkje er som det skal. Dette vil særleg vere aktuelt viss det er forsøkt å gi rettleiing, men bedrifta ikkje har latt seg rettleie. Dei kan då ta kontakt med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, som kan følgje opp dialogen med lærebedrifta vidare. Det vil då kunne vere spørsmål om korvidt lærebedrifta risikerer å miste godkjenninga. I intervju med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering

¹⁹ Vestland fylkeskommune. Rettleiing. Oppfølging av lærlingar og lærebedrift. Godkjent dato 23.05.2023.

²⁰ Vestland fylkeskommune. Oppfølging av lærlingar og lærebedrifter. Sist godkjent dato 23.05.2023.

stadfestar dei denne framgangsmåten. Dei fortel at lærebedrifter brukar å rette opp uønskt praksis etter dialog med fylkeskommunen, og det er ikkje vanleg at dei må nytte andre tiltak enn dialog og rettleiing i slike saker.

I intervju med opplæringskontora, nemner dei den siste satsinga på fleire tilsette i rettleiingstenesta og fokus på førsteårslærlingar som svært positivt. Samtidig er det fleire opplæringskontor som gir uttrykk for at dei saknar meir kontroll frå fylkeskommunen sin side. Dette gjeld kontroll av både opplæringskontor og lærebedrifter. Dei viser til at det tidlegare har vore rutine for at fylkeskommunen har hatt faste oppfølgingsmøte med opplæringskontora ein gong i året, der dei har etterspurt rutinar for både opplæringskontor og lærebedrift. Opplæringskontora peiker i intervju på at denne praksisen ikkje har blitt vidareført i Vestland fylke. Ifølgje dei aktuelle opplæringskontora verka praksisen skjerande, både for opplæringskontora og lærebedrifter, då dei visste at til dømes lærlingen sin logg kunne bli gjenstand for kontroll.

I intervju med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, blir det stadfesta at det har vore andre rutinar for oppfølging av opplæringskontor tidlegare. Dei tidlegare besøka har blitt erstatta av det som no blir omtala som kvalitetsdialog. Grunna koronapandemien har det ikkje vore gjennomført fysiske møte i like stor grad dei siste åra, men praksisen for dette er under utvikling. I intervju med seksjon for kvalitet i opplæringa blir det vist til at dei vil halde fram med kvalitetsdialogen etter ny opplæringslov trår i kraft hausten 2024, sjølv om den nye lova medfører nokon endringar for opplæringskontora. Det blir opplyst at dei vil starte opp att med kvalitetsdialogen hausten 2024, og at fylkeskommunen ser for seg å ha rullerande kvalitetsdialog framover, slik at dei ikkje gjennomfører dialog med kvart opplæringskontor kvart år.

Rapportering

Vestland fylkeskommune har fram til i dag ikkje hatt eigne system for innhenting av fast rapportering frå opplæringskontor eller lærebedrifter. Rapporteringskrav som går fram av opplæringslova har til og med hausten 2023 blitt ivareteke av Utdanningsdirektoratet.

I intervju med seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, kjem det fram at praksis hittil har vore at opplæringskontora rapporterer på vegne av lærebedriftene. Dette har ein kunne praktisere fordi opplæringskontora har vore regulert som ei lærebedrift under tidlegare regelverk. Utdanningsdirektoratet sendte ut rapporteringa i samband med lærlingundersøkinga, og det var obligatorisk for bedrifter med lærling å svare på denne.²¹ Føremålet med undersøkinga var å kvalitetssikre at medlemsbedrifter følgjer fylkeskommunane sine krav.²²

Når den nye opplæringslova no har tredd i kraft, må lærebedriftene gjennomføre rapporteringa sjølv. Rapporteringsa skal ikkje lenger gjennomførast via Utdanningsdirektoratet, men gjennom VIGO. Det blir arbeidd på nasjonalt nivå med etablering av nye rapporteringsrutinar.

Det blir opplyst at informasjon frå rapporteringa frå opplæringskontora (til Utdanningsdirektoratet) har blitt nytta av fylkeskommune i arbeidet med oppfølging av opplæringskontora gjennom kvalitetsdialogen.

²¹ Utdanningsdirektoratet. Lærlingundersøkelsen og Årlig rapportering. <https://lu.udir.no/Administrasjon/Membership/Login.aspx>. Sist besøk 16.09.2024.

²² Statens arbeidsgiverportal. Har du lærling? Nå er det på tide med årelig rapportering og lærebedriftsundersøkelse. Sist oppdatert 20.10.2022.

3.5.2 Vurdering

Revisjonen meiner det er positivt at Vestland fylkeskommune det siste året har auka omfanget av besøk hjå lærebedrifter, som følgje av at det våren 2023 blei vedteke å auke kapasiteten i rettleiingstenesta for betre å kunne følgje opp lærlingar og lærebedrifter. Det er vidare revisjonen si vurdering at det er utarbeidd føremålstenlege rutinar og sjekklistar til bruk i samband med bedriftsbesøka, for å sikre systematikk og leggje til rette for at manglar og behov for vidare oppfølging blir avdekka. Revisjonen vil samtidig peike på at stillingane som har gjort det mogleg å jobbe så systematisk med oppfølging av lærebedrifter er mellombels. Dette medfører ein risiko for at denne systematiske oppfølginga ikkje blir vidareført når desse engasjementa skal avsluttast.

Lovpålagt rapportering om etterleving av krav til lærebedrifter er eit viktig grunnlag for fylkeskommunen sin kontroll. Det er Utdanningsdirektoratet som på vegne av alle fylkeskommunane har henta inn lovpålagt rapportering frå lærebedriftene. Fylkeskommunane opplyser at rapporteringa, som omhandlar ni spørsmål om interne rutinar, har blitt brukt og følgt opp i kvalitetsdialogen. Hausten 2024 er rapporteringssystemet under omlegging nasjonalt, og skal overførast til VIGO.

Revisjonen merkar seg at nokre opplæringskontor etterspør meir formell kontroll frå fylkeskommunen sin side. Basert på endringane i opplæringslova er det samtidig slik at meir ansvar er lagt til lærebedriftene sjølv, og noko av denne kontrollen blir slik vi ser det no ivareteke i samband med rettleiingstenesta sine besøk hjå lærebedrifter. Der opplæringskontor blir godkjende etter ny opplæringslov og forskrift, meiner likevel revisjonen at det kan vere føremålstenleg at fylkeskommunen i samband med kvalitetsdialogen etterspør same type dokumentasjon frå opplæringskontoret som ved besøk hjå ei enkeltståande lærebedrift.

4 Overgang frå skule til lære

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad arbeider fylkeskommunen systematisk for å sikre god rettleiing og informasjon til dei som skal bli lærlingar eller lærekandidatar, og med å sikre at alle kvalifiserte søkerar får lærepass?

Under dette:

- Har skulane eit tilfredsstillande tilbod om rådgjeving og rettleiing retta mot elevar som skal ut i lære?
- I kva grad har fylkeskommunen etablert gode system og rutinar for å vurdere behov for lærepassar innanfor ulike regionar og fagområde, og for å dekkje dei behova som blir avdekkja? Under dette:
 - Klarer fylkeskommunen å sikre at alle som har rett på opplæring og som elles oppfyller formalkrava, får lærepass?
 - I kva grad tar fylkeskommunen sjølv imot lærlingar?
- Sikrar fylkeskommunen at dei som ev. ikkje får lærepass får eit føremålstenleg tilbod om opplæring i skule?

4.2 Revisjonskriterium

Sentrale krav og føringar som er relevante for ovannemnde problemstillingar er oppsummert i tabellen under. Tabellen viser lovkrav som går fram av ny opplæringslov som tok til å gjelde 1. august 2024.

Tabell 3: Revisjonskriterium knytt til overgang frå skule til lære

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
Opply. § 16-1 og § 16-2 ²³ med forarbeider (Prop. 57 L (2022-2023))	<p>Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar i grunnskulen og i den vidaregåande opplæringa får den rådgjevinga dei treng om utdannings- og yrkesval (§ 16-1), og om sosiale og personlege forhold (§ 16-2).</p> <p>Elevane skal få rådgjeving på den skulen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det.</p> <p>Rådgjeving inneber å gje informasjon, rettleiing, oppfølging og eventuelt hjelp til elevane. Rådgjevingstilbodet kan bestå av ulike element som samla sett skal dekke behovet til elevane.</p>	<p>Fylkeskommunen skal ha eit tilbod som sikrar at elevane får oppfylt sine rettar til sosialpedagogisk og utdannings- og yrkesrådgjeving.</p> <p>Tilbodet skal vere tilgjengeleg ved kvar skule, og informasjonen om desse tilboda skal vere tilgjengeleg og kjent for elevar og føresette.</p> <p>Som del av rådgjevinga bør elevar som skal ut i lære få tilgang til relevant informasjon og rettleiing knytt til overgangen frå skule til lære.</p>

²³ Krava er ei vidareføring av § 9-2 i tidlegare opplæringslov.

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
Oppl. § 5-3 ²⁴ med forarbeider (Prop. L 57 (2022-2023))	Fylkeskommunen skal i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet leggje stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng.	Fylkeskommunen bør ha system for å dimensjonere tilbodet om vidaregåande opplæring, der mellom anna kompetansebehov blir lagt vekt på. Fylkeskommunen bør ha eit system for å skaffe informasjon som sikrar eit tilstrekkeleg grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet. Hovudfokus bør vere på regionale kompetansebehov.
Oppl. § 5-1 ²⁵	Dei som har rett til vidaregåande opplæring, skal komme inn på eitt av tre utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på. Dei skal deretter komme inn på vg2 og vg3, dersom dei oppfyller vilkåra for inntak, som skal byggje på det førrre trinnet.	Fylkeskommunen skal dimensjonere tilbodet slik at dei sikrar elevane sin rett til å komme inn på og fullføre eit utdanningsprogram.
Kompetanse-reformen, punkt 6.2.1.	Det [ansvaret fylkeskommunane har fått for å betre samsvar mellom tilbod og etterspørsel av arbeidskraft] inneber at fylkeskommunen må ta eit heilskapleg ansvar for kompetansepolitikken i fylket, mellom anna gjennom oppdaterte regionale planar, eit godt kunnskapsgrunnlag og samarbeid med kompetanseaktørane regionalt.	I arbeidet med dimensjoneringa bør fylkeskommunen samarbeide med aktørar som til dømes opplæringskontor og lokalt næringsliv for å skaffe eit tilstrekkeleg grunnlag for dimensjonering av utdanningstilbodet.
Oppl. § 7-7 ²⁶ og forskrift til opplæringslova § 7-2	Fylkeskommunen skal rekruttere lærebedrifter med sikte på å gje tilbod om lære plass til alle søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til lære plass.	Fylkeskommunen bør ha eit system og jobbe aktivt med å formidle søkerar til lære plass i bedrift. Fylkeskommunen skal ha system som legg til rette for at dei klarar å rekruttere lærebedrifter for å dekke behovet. Lærebedriftene skal samsvare med

²⁴ Kravet er dels ei vidareføring av § 13-3 i tidlegare opplæringslov, der det mellom anna stod at fylkeskommunen skulle vise omsyn til nasjonale mål, ønska til søkerane og behovet samfunnet har i dimensjoningsarbeidet. Ordlyden er endra i ny lov, og det står no at «Fylkeskommunen skal i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet leggje stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng» (opp. § 5-3). I forarbeida går det fram at fylkeskommunen skal «vektalegge behovet i samfunnet for kompetanse ved dimensjoneringa av det vidaregåande opplæringstilbodet. Dette utelukkar ikkje at fylkeskommunen også vektlegg andre omsyn» og det er lagt til at «i vurderinga av behovet i samfunnet for kompetanse er det nærliggjande at fylkeskommunen først tek omsyn til og vurderer behovet regionalt».

²⁵ Kravet er ei vidareføring av § 3-1 i tidlegare opplæringslov.

²⁶ Paragrafen er ny. Ansvoart for å formidle søkerar går fram indirekte av § 3-3 femte ledd i tidlegare opplæringslov og tilhørande forskrift § 6A-6. Den nye lova presiserer også at fylkeskommunane har ansvar for å rekruttere lærebedrifter.

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
	Fylkeskommunen skal formidle søkerar som oppfyller vilkåra til lærebedrifter.	fylkeskommunen sitt utdanningstilbod og behov for lærepassar.
Samfunnskontrakten for flere lærepasser (2022-2026)	Partane skal på eige initiativ vurdere og setje i gang tiltak for å sikre fleire lærepassar.	Som ein del av den felles innsatsen for å sikre tilstrekkeleg med lærepassar bør også fylkeskommunen som arbeidsgjevar jobbe for å tilby lærepassar.
Opply. § 5-6 ²⁷ og § 6-2	<p>Søkjarar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, har rett til lærepass eller anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 bygd på programområdet eleven har gjennomført på vg2.</p> <p>Søkjarane som oppfyller retten til formidling til lærepass i bedrift, men som ikkje har fått lærepass, har rett til eit anna opplæringstilbod med oppstart så snart som mogleg, og seinast innan 1. oktober.</p> <p>Fylkeskommunen skal søkje å formidle dei som ønskjer det til lærepass sjølv om dei har starta på eit anna opplæringstilbod.</p>	<p>Fylkeskommunen skal gje relevant opplæringstilbod til søkerar som ikkje har fått lærepass innan 1. oktober.</p> <p>Fylkeskommunen skal prøve å formidle elevane til lærepass i bedrift sjølv om dei startar opp på VG3 i skule.</p>

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

4.3 Skulane sitt tilbod om rådgjeving og informasjon retta mot elevar som skal ut i lære

4.3.1 Datagrunnlag

Fylkeskommunen har ikkje eigne retningslinjer eller rutinar som omhandlar rådgjeving retta mot elevar som skal ut i lære. Elevar som skal ut i lære har same tilbod om rettleiing og rådgjeving som andre elevar i vidaregåande skule. Vestland fylkeskommune sine nettsider viser under «Hjelp og støtte for elevar/lærlingar» til rettleiingstenesta (pedagogisk-psykologisk teneste og oppfølgingstenesta), elev- og lærlingombodet, mobbeombodet og minoritetsrådgjevarar²⁸. Kvar av desse har ei eiga side på Vestland fylkeskommune si nettside, kor det er ein introduksjon til kva dei gjer, i kva samanheng dei kan kontaktast og

²⁷ Kravet er dels ei videreføring av § 3-3 femte ledd i tidlegare opplæringslov, og forskrift til opplæringslova § 6A-9. I ny opplæringslov er det gamle kravet om å gje eit alternativt tilbod til dei som ikkje får lærepass skjerpa, slik at fylkeskommunen i større grad må jobbe for å tilby lærepass og dimensjonere tilboden. Den nye lova gjer tydeleg at lærepass er målet. I tidlegare forskrift sto det at «fylkeskommunen skal tilby søkeren opplæring i skule dersom søkeren ønskjer det, og dersom dei ikkje kan skaffe lærepass innan 1. september». I forarbeida til ny opplæringslov kjem det fram at dette førte til at skulane var seint i gang med å tilby eit alternativt vg3 i skule. Kravet vart endra til «seinast innan 1. oktober» i ny forskrift.

²⁸ [Hjelp og støtte for elevar/lærlingar - Vestland fylkeskommune](#). Sist besøkt 12.08.2024.

kontaktinformasjon. Fylkeskommunen visar vidare til nettsider som www.karrierereveiledning.no og www.utdanning.no for meir informasjon om mellom anna utdanningsløpet, ulike fag, rettar, søkeradsfristar, fagprøver og karrieresenter. Sidene viser til verktøy som jobbkompasset og «Studievelger».

Fylkeskommunen opplyser at skulen har ansvar for å ha eit tilbod på rådgjeving om utdannings- og yrkesval, og sosiale- og personlege forhold, men det er ingen føringar for korleis skulane organiserer dette. Alle dei vidaregåande skulane har eigne rådgjevarar, som mellom anna også samarbeider med rettleiingstenesta (ved PPT og OT) og helsejukepleiarar. Kvar av dei vidaregåande skulane sine nettsider gir informasjon om kven rådgjevarane er, korleis dei kan bli kontakta, og kva dei kan gje råd om. Skulane har minst ein rådgjevar, men dei fleste av skulane i Vestland fylkeskommune har fleire rådgjevarar. Skulane har ulike fordelingar og organisering av rådgjevarane. Nokre skular har ein rådgjevar per trinn eller for eigne klassar, medan andre skular har rådgjevarar per fagområde (spesifikke fag eller yrkesfag/studieførebuande) eller ein eigen rådgjevar for karriererettleiing og ein for sosialpedagogisk rådgjeving. Fylkeskommunen opplyser om at seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering (IFS) arrangerer rådgjevarsamlingar for rådgjevarar i skulane.

I årsmeldinga til elev- og lærlingombodet²⁹ skriv dei at det blir gjort mykje godt arbeid med rettleiing i skule, men dei opplever at viktige verktøy i karriererådgjevinga er ukjend for elevane og lærlingane, noko som «gjer at ein kan stille spørsmål om kva årsaka er, og om elevane får oppfylt retten sin til kvalifisert rettleiing i tråd med forskrifta til rettleiing (...).».

I intervju med skulane blir ikkje rådgjevarane ved skulane framheva som ein sentral aktør i arbeidet med å sikre at elevar som skal ut i lære får eit tilfredsstillande tilbod om rådgjeving og rettleiing. Gjennom intervju med skular og andre aktørar, blir det blir det derimot vist til at dette arbeidet er integrert i andre oppgåver og prosessar på skulane. Ein arena som gjennomgåande blir framheva som viktig, er faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Dette blir nærmere omtala nedanfor. Også andre aktørar enn skulane er ifølgje intervju involvert i å sikre at dei som skal søkje læreplass får relevant informasjon.

I avsnitta under er ulike aktørar sitt arbeid når det gjeld rådgjeving og informasjonsformidling til dei som skal ut i lære nærmere skildra.

Skulane si rolle i å sikre rådgjeving og informasjon til elevar som skal ut i lære

Dei ulike skulane der det er gjennomført intervju viser til dels til ulik praksis for å sikre rådgjeving og informasjon til elevar som skal ut i lære. Innanfor skulane blir det også vist til ulike tilnærmingar på tvers av ulike utdanningsprogram. Samtidig er det også nokre moment som går igjen i skulane sine skildringar av arbeidet med å førebu elevane på overgangen frå skule til lære.

Nokre skular har sett informasjonsformidlinga meir i system enn andre. Til dømes er det nokre skular som har eigne samlingar for dei som skal bli lærlingar, dels omtala som lærlingdagar. Ein av skulane arrangerer ein årleg lærlingkonferanse kor ulike bransjar, opplæringskontor og fylkeskommunen (ved rettleiingstenesta) er til stades. Lærlingdagar blir peika på som viktige arenaer for å formidle informasjon til elevar som skal ut i lære.

Andre aktivitetar som blir vist til som viktige for å støtte elevane i overgangen er organisering av intervjetrenings og hjelpe til å skrive søkerad og CV, samt lokale samarbeid med bedrifter som gjer det mogleg å gjennomføre delar av opplæringa (ut over faget yrkesfagleg fordjuping) ute i

²⁹ Årsrapport frå elev og lærlingombodet for skuleåret 2022-23. Tilgjengeleg på: Elev- og lærlingombodet - Vestland fylkeskommune

bedrift. Fleire av skulane prøvar å få til møtepunkt mellom elevane, opplæringskontor og bedrifter, anten ved å dra på bedriftsbesøk eller invitere bedrifter til skulen.

Faget yrkesfagleg fordjuping (YFF)³⁰

Vestland fylkeskommune har vald å leggje vekt på at elevar skal ha praksis i bedrift, og gitt tydelege retningslinjer for at utplassering i bedrift skal vere ein del av faget YFF³¹. Føremålet og tidsramma til faget er forankra i nasjonal Forskrift for yrkesfagleg fordjuping. I Vestland fylkeskommune sine retningslinjer for yrkesfagleg fordjuping og i fylkeskommunen sin interne prosedyre³² for yrkesfagleg fordjuping står det vidare at faget legg opp til at elevane skal ha praksis i bedrift på vg1 og vg2, med føremål om at elevane skal få prøve ut eitt eller fleire lærefag, bli introdusert til arbeidslivet og få kontaktar i næringslivet som sidan kan lede til læreplass. Gjennom faget står det i retningslinjer for yrkesfagleg fordjuping av lærarane skal gje informasjon til elevane om faget og arbeidslivet sine krav og forventningar.

Gjennomgåande blir det frå intervju med skulane, opplæringskontor og rettleiingstenesta vist til at faget YFF er viktig for å førebu elevane på det å skulle ut i lære. Fleire fortel at elevane blir godt førebusse på læretida når dei er ute i praksis hjå lærebodrifter, særleg viss dei har vore i praksis i same bedrift som dei seinare får læreplass. Det blir vist til at fleire får tilbod om læreplass i same bedrift. YFF blir også trekt fram som viktig for å avdekke kva elevar som har særskilte behov for oppfølging og førebuing før dei skal ut i lære, til dømes om det er aktuelt med lærekandidatordning.

Samarbeid med opplæringskontora

I intervju viser både skular og opplæringskontor til at dei samarbeider i prosessen med å førebu og rettleie elevane som skal ut i lære. Det føreligg etter det revisjonen er kjend med ingen skriftelege retningsliner eller rutinar som skildrar dette samarbeidet, og praksisen varierer noko mellom skulane og opplæringskontora. Mellom anna kjem det fram i intervju at det varierer kor involvert opplæringskontora er i denne prosessen. Nokre opplæringskontor er hyppig innom skulane og tek stor del i formidlingsarbeidet, medan andre opplæringskontor besøker skulane sjeldnare, og koplast på i formidlingsprosessen først viss det til dømes oppstår utfordringar i formidlinga knytt til enkeltelevar.

Nokre samarbeid har ein fastare struktur, til dømes lærtingkonferansen som blir arrangert av ein av dei vidaregåande skulane, kor fleire opplæringskontor som skulen samarbeider med er med og bidrar på konferansen. Andre samarbeid handlar i stor grad om at opplæringskontora besøkjer skulane, og gjer seg kjend for elevane. Av opplæringskontora som blei intervjua fortel alle at dei besøkjer skulane. Det varierer om skulane inviterer aktuelle opplæringskontor på besøk, eller om opplæringskontora sjølv tar initiativ til å besøke skulen. Det blir vidare peikt på i intervju med opplæringskontora at desse besøka bidrar til at elevane blir kjende med opplæringskontora, som bidrar til å sikre overgangen til lære. Dette fordi opplæringskontora har bedriftsnettverk, kjenner bedrifter og bidrar med informasjon om bedrifter og læreplassar til skulane og elevane.

³⁰ Føremål og tidsramme for faget yrkesfagleg fordjuping er fastsett i Forskrift for yrkesfagleg fordjuping (fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet november 2020, [Yrkesfaglig fordypning for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene \(YFF\) | udir.no](#)). Føremålet med faget er å introdusere elevane til arbeidslivet, prøve ut eitt eller fleire fag, gje elevane moglegheit til å knytte kontakt med potensielle lærebodrifter, men også til å ta fellesfag i framadspråk, programfag frå studieførebuande utdanningsprogram eller fellesfag frå vg3 påbygging. Det er ei fastsett tidsramme på 6 skuletimar i veka (eller 168 årstimar) for vg1, og 9 skuletimar i veka for vg2 (eller 253 årstimar).

³¹ I Vestland fylkeskommune sine Retningslinjer yrkesfagleg fordjuping (oppdatert 07.04.21) står det at «Hovudregelen er at alle elevar skal ha YFF-praksis i bedrift».

³² Vestland fylkeskommune. Prosedyre – Yrkesfagleg fordjuping for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Godkjent 28.03.2023.

Rettleiingstenesta

I intervju med rettleiingstenesta fortel dei at tilsette i rettleiingstenesta, ved Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og oppfølgingstenesta (OT), har ein rådgjevande rolle medan elevane er i skulen. Dei er tilgjengeleg for å gje råd til skular og lærebodrifter om korleis opplæringa kan leggast til rette for eleven. Arbeidet deira går ut på å gje informasjon, følge opp elevane, og vere ein samtalepartner for elevar som har utfordringar med å få læreplass. Det er hovudsakeleg i dei vanskelege tilfella at rettleiingstenesta blir kalla inn av skulane.

Rettleiingstenesta jobbar i ulik grad inn mot dei ulike skulane. I eit intervju med rettleiingstenesta fortel dei at nokre skular er gode til å ta kontakt med rettleiingstenesta og ber dei kome og halde innlegg på skulen om korleis ein søker læreplass og liknande. Rettleiingstenesta har andre gonger invitert seg sjølv til skulane. Rettleiingstenesta deltek også fast i møte i ressursteama på skulane med PPT-rådgjevar og OT-rådgjevar.

Elev- og lærlingombodet

Elevar kan få råd, rettleiing og støtte frå elev- og lærlingombodet.³³ Elevar og lærlingar må sjølv ta kontakt med ombodet og leggje fram problemstillinga dei har, deretter avtaler ombodet tid for å få fram alle sider av saka før det blir avklara korleis saka best kan takast opp med dei involverte. I årsrapporten til elev- og lærlingombodet for skuleåret 2022-2023 står det at dei fekk 280 førespurnadar, kor 56 kom frå elevar. I tillegg får de ein del førespurnadar frå andre rundt eleven som ønskjer råd, rettleiing og støtte, for eksempel frå tilsette i skule, opplæringskontor eller foreldre. Førespurnadar handlar i hovudsak om informasjon om rettar og pliktar, skulemiljø og manglande tilrettelegging i skulen.

I intervju fortel ombodet at det varierer kor mykje kontakt dei har med dei vidaregåande skulane i fylket. I intervju blir det vidare stilt spørsmål ved om alle skulane er kjend med at ombodet finst og/eller med ombodet si rolle.

4.3.2 Vurdering

I undersøkinga blir det samla sett vist til ei rekke ulike aktivitetar som bidrar til å sikre at elevar som skal ut i lære får tilgang på naudsynt rådgjeving og informasjon knytt til overgangen frå skule til lære. Det er samtidig mange aktørar involvert og til dels ulik praksis mellom skulane. Vidare føreligg det etter det revisjonen er kjent med ingen skriftlege rutinar som skildrar ansvaret for rådgjeving generelt eller i samband med overgangen frå skule til lære spesielt. Det er etter revisjonen si vurdering positivt at fylkeskommunen vektlegg praksis i bedrift som ein del av faget YFF, då dette av mange blir framheva som ein arena der elevar får viktig kunnskap om arbeidslivet og kva som krevst, samtidig som praksis i bedrift også kan bidra til å avdekke eventuelle behov for tettare oppfølging.

Revisjonen har ikkje konkrete indikasjonar på at elevar ikkje får eit tilfredsstillande tilbod om rådgjeving og informasjon. Likevel meiner vi at til dels manglande systematikk og manglande skriftleggjering rundt korleis ein skal sikre at retten til rådgjeving blir ivaretake, både generelt og i samband med overgangen som det blir retta merksemrd mot i denne revisjonen, medfører ein viss risiko. Overgangar er generelt sett sårbare, og dette gjeld også overgangen frå skule til lære.³⁴ Det å sikre god rettleiing og informasjon fram mot denne overgangen kan difor vere viktig mellom anna for å motverke fråfall. Det er revisjonen si vurdering at fylkeskommunen bør

³³ [Elev- og lærlingombodet - Vestland fylkeskommune](#), sist besøkt 03.09.2024

³⁴ I Vestland fylkeskommune si eiga kvalitetsmelding er det mellom anna vist til at overgangen frå VG2 yrkesfag i alle år har vore den mest kritiske overgangen i vidaregående opplæring.

vurdere tiltak for auka systematisering av desse prosessane, slik at ein reduserer risikoen for at elevar ikkje får det tilbodet om rådgjeving og informasjon som dei treng. Vi merkar oss i den samanheng også at elev- og lærlingombodet i sin årsrapport stiller spørsmål ved om retten til rådgjeving blir ivareteke godt nok.

4.4 System for å sikre lære plass til alle

4.4.1 Datagrunnlag

Dimensjonering av opplæringstilbodet

Avdeling for opplæring og kompetanse har overordna ansvar for dimensjonering av opplæringstilbodet i Vestland fylkeskommune.³⁵ Fylkeskommunen har i den samanheng fleire samarbeid kor dimensjonering og innspel til dimensjonering er del av samarbeidet.

Fylkeskommunen opplyser om at arbeidet med opplæringstilbodet for påfølgande skuleår startar hausten før. Kompetanse er også ein del av den regionale planstrategien Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, kor det blir lag vekt på at opplæringstilboda skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv i både privat og offentleg sektor og at det er viktig med godt samarbeid mellom opplæringssektoren og arbeids- og næringsliv.³⁶

I arbeidet med å skaffe informasjon om kompetansebehov har det blitt oppretta eit kompetanseforum for Vestland samla, og seks regionale kompetanseforum. Kompetanseforum Vestland er eit samarbeidsorgan for kompetanse i regionen, leia av fylkeskommunen³⁷. Forumet har fire faste møte i året. I kompetanseforum Vestland sit leiarane av dei største utdanningsinstitusjonane i Vestland³⁸, opplæringsdirektør i Vestland fylkeskommune, og partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS. I tillegg deltar NAV og Helse Vest i forumet. I mandatet for Kompetanseforum Vestland står det at deira mål er å «avdekke kompetansegap som finns i arbeidslivet og finne løysningar på korleis desse skal fyllast» og at «partane skal setje framtidas kompetansebehov på dagsorden»³⁹. I mandatet står det at kompetanseforumet sine oppgåver mellom anna er å vere ei overordna styringsgruppe for utarbeiding av regionale styringsdokument knytt til kompetansegapet, avdekke kompetansebehov i regionen gjennom bestilling av statistikk og analysar, teste ut metodikk for å avdekke framtidige kompetansebehov og følgje opp innspel frå lokale samarbeidsarenaer.

I tillegg er det etablert seks regionale kompetanseforum som skal sikre det regionale kompetansearbeidet. Våren 2023 blei dei regionale kompetanseforuma bedne om å gje innspel til dimensjonering av utdanningstilboda 2024/25. Mellom anna har dei gitt innspel om kor det er behov for fleire læringer, kor det er rett dimensjonert tilbod og kor dei treng fleire eller færre plassar.

Samarbeid med skular og opplæringskontor

Fylkeskommunen samarbeider med opplæringskontora og skulane for å vurdere behov for lære plassar innanfor ulike regionar og fagområde. Avdelingsdirektør legg fram tal frå tilbod som er sett i gang inneverande skuleår og oppfyllingsgrad per klasse. Både skulane og

³⁵ <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/opplaring-og-kompetanse/> sist besøkt 17.09.2024.

³⁶ Ny planstrategi for Vestland fylkeskommune, Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, er på høring til og med 16. september 2024 og skal etter planen vedtas på Fylkestinget i desember 2024.

³⁷ <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/kompetanse-i-arbeidslivet/kompetanseforum-vestland/> sist besøkt 17.09.2024.

³⁸ Desse er Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøgskole og Fagskolen i Hordaland.

³⁹ [mandat-og-samansetnad-kompetanseforum-vestland.pdf \(vestlandfylke.no\)](https://www.vestlandfylke.no/mandat-og-samansetnad-kompetanseforum-vestland.pdf) Utan dato.

opplæringskontora har moglegheit til å gje innspel og tilbakemelding på dimensjonering av opplæringstilbodet. Fylkeskommunen opplyser at skulane blir spesifikt invitert til å gje tilbakemelding på dimensjonering i arbeidet med årleg sak om utlysing av opplæringstilbodet og justering av opplæringstilbodet.

Opplæringskontora og lærebedrifter får i faste møte med fylkeskommunen høve til å kome med innspel å kva behov næringslivet har for arbeidskraft. Fylkeskommunen har to faste møte med opplæringskontora i året. I intervju med opplæringskontor og skulane fortel fleire at det er skulane og opplæringskontora som har best oversikt over behov for lærepassar og behov arbeidslivet har for lærepassar, og kor mange elevar som er interesserte i dei ulike utdanningstilboda. Fleire opplæringskontor nemner i intervju at ei av deira oppgåver er å halde oversikt over lærebedrifter og tal ledige lærepassar.

Formidling

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein lokal formidlingsplan⁴⁰ som viser ansvarsfordelinga og ansvarsområda til avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse, dei vidaregåande skulane, rettleiingstenestene og lærebedrifter og opplæringskontor, samt ei tidslinje for dei ulike delane av formidlingsprosessen. I arbeidet med å formidle elevane er mange bedrifter og opplæringskontor involverte.

Kvar skule skal i tillegg ha ein lokal formidlingsplan som skal synleggjere arbeidet med formidling på skulane. Skulane får ein mal frå seksjon IFS⁴¹. Målet er at skulen skal få skrifteleggjort arbeidet som er knytt til skulen si rolle og ansvar for å sikre gode overgangar mellom vg1 og vg2, og mellom vg2 og opplæring i bedrift.

Dei vidaregåande skulane tek stor del i formidlingsarbeidet. Det er mellom anna skulane som skal ha oversikt over søkerar til lærepass frå eigen skule, følge opp søkerane og kartlegge og avklare moglege lærekandidatlop. Dei vidaregåande skulane skal samtidig arbeide systematisk saman med eleven gjennom faget yrkesfagleg fordjuping, og rekruttere nye lærebedrifter for å skaffe fleire lærepassar. I intervju fortel områdeleiarane at det har blitt gjort endringar i fylkeskommunen sine rutinar, som har innebore at skulane har fått større ansvar i formidlingsarbeidet. No har skulane ansvar for sine eigne elevar fram til 1. september. Dette sikrar at nokon har ansvar for elevar som ikkje har fått lærepass.

Lærepassrekneskapen

Som eit konkret tiltak for å gjere overgangen frå vg2 til lære best mogleg, har verktøyet Lærepassrekneskapen blitt utvikla og implementert i fylkeskommunen. I kvalitetsmeldinga 2022/2023 står det at målet med bruk av verktøyet er «tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging med mål om lærepass etter vg2». Kontaktlærar nytta rekneskapen for å loggføre eleven sin aktivitet i bedrift og kartlegg eleven frå vg1 til oppnådd lærekontrakt. Skulane må også registrere bedriftsnettverket i rekneskapen.

I intervju blir lærepassrekneskapen trekt frem som eit godt hjelpemiddel i arbeidet med formidling av elevane. Her har ein oversikt over kva aktivitetar dei ulike har vore gjennom. Lærepassrekneskapen sikrar metodikk og struktur rundt formidlinga, og det kjem i intervju frem at dette arbeidet er sett meir i system no enn før. På denne måten blir arbeidet med formidling mindre personavhengig. Heile metodikken og strukturen er annleis og meir robust no, blir det framheva, ved at dei har strukturerte oversikter og at ansvaret er tydeleggjort.

⁴⁰ Vestland fylkeskommune. *Formidlingsplan – lærepass*. Utan dato

⁴¹ Vestland fylkeskommune. *Mal – skulen sin lokale formidlingsplan*. Utan dato.

Utvikling når det gjeld overgang til lære

Kring halvparten av elevar på yrkesfag blir formidla til lærepllass. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) visar at Vestland fylkeskommune sidan 2020 har hatt ei positiv utvikling når det gjeld formidling til lære. Del elevar i lære etter vg2 gjekk frå 46 % i 2020, til 50 % i 2021 og 52 % i 2022 og 2023.

I intervjuet fortel dei fleste at dei har inntrykk av at kvalifiserte søkerar får lærepllass. Fleire trekk fram at dei fleste elevane får tilbod om lærepllass i same bedrift som dei var i praksis i faget yrkesfagleg fordjuping. Eit av måla med YFF er å oppnå tilbod om lærepllass⁴², og praksiserfaringa blir skildra som eit av dei viktigaste verkemidla for å få lærepllass.⁴³ I intervju med lærlingar fortel dei at dei ikkje hadde problem med å få lærlingplass, og fleire av lærlingane hadde praksis i YFF i lærebedrifa si.

Statistikken over kor mange av dei som søker på lærepllass, som får dette, viser også ei positiv utvikling dei siste åra. I 2019 fekk kring 77 % av søkerane lærepllass, medan 83,3 % fekk lærepllass i 2023 (sjå Tabell 4). Samtidig er det forskjell mellom dei ulike faga. Nokre fag utpeikar seg negativt når det gjeld kor mange av søkerane som får lærepllass. I 2023 fekk halvparten av søkerane lærepllass i faget handverk, design og produktutvikling. Områdeleiarane fortel i intervju at dette er eit relativt nytt fag, og at noko av utfordringa ligg i at bedriftene innan faget er små, og det er vanskeleg for dei å ta inn lærlingar. Det er heller ikkje ein sterk tradisjon for å ta inn lærlingar i denne typen verksemder. Det blir også vist til at det er utfordrande å finne læreplassar innan salsfaget. Også her blir det vist til at det ikkje er ein sterk tradisjon for å ta inn lærlingar.⁴⁴ Nokre fag utpeiker seg positivt, til dømes i faget bygg- og anleggsteknikk fekk nær 90 % av søkerane lærepllass. Tala frå Vestland skil seg relativt lite frå det nasjonale gjennomsnittet, også når det gjeld kva fag som har størst og minst del søkerar som får lærepllass.

Tabell 4: Del søkerar som får lærekontrakt i Vestland fylkeskommune.

	2019	2020	2021	2022	2023	2023 nasjonal
Alle utdanningsprogram	79,7	77,2	83,1	81,7	83,3	80,5
Bygg- og anleggsteknikk	87,1	86,6	88,6	89,7	88	85,4
Design og handverk	80,2	77,5	76,9	78,8	77,8	90
Elektro og data teknologi	75,7	78,8	88,6	87,2	88,9	86,9
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign			100	76,7	77	77,9
Helse- og oppvekstfag	72,9	72,3	75,2	73,1	83	74,2
Håndverk, design og produktutvikling				45,5	50	59,7
Informasjonsteknologi og medieproduksjon			100	76,9	63,2	72,1

⁴² Vestland fylkeskommune - *Retningslinjer yrkesfagleg fordjuping*. Oppdatert 07.04.2021.

⁴³ Dette blir mellom anna nemt av Utdanningsdirektoratet i omtale av resultata frå lærlingundersøkelsen 2023: [De aller fleste lærlinger trives på arbeidsplassen | udir.no](https://www.udir.no/retningslinjer-yrkesfagleg-fordjuping)

⁴⁴ I tabellen går det fram at 100 % av søkerane fekk lærepllass i faget i 2021. Det same gjeld informasjonsteknologi og medieproduksjon, og frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign. Dette heng saman med låge tal søkerar dette året, og at alle dermed fekk lærepllass.

	2019	2020	2021	2022	2023	2023 nasjonalt
Naturbruk	85,5	85,4	92,8	79,4	82,2	78
Restaurant- og matfag	84,4	69,7	77,9	72,2	73,1	73,9
Salg, service og reiseliv			100	64,3	64,8	70,5
Teknologi- og industrifag	81,3	77,8	86	83,7	84,7	83,1

Kjelde: Udir.no. [Søkere som har fått lærekontrakt – utdanningsprogram | udir.no](#). Sist besøkt 17.09.2024.

I intervju med skular og opplæringskontor fortel dei om same erfaring: ulike fag har ulike behov for lærlingar. Det blir også peikt på at det er rikeleg med læreplassar i mekaniske fag og teknologi- og industrifag, og at innan desse faga har det vore mangel på søkerarar heller enn mangel på læreplassar. Helse- og oppvekstfag blir trekt fram som eit fag kor det kan vere vanskeleg for søkerar å få lærekontrakt, særleg i bynære strøk. Likevel har delen søkerar som får lærekontrakt i helse- og oppvekstfag totalt auka frå mellom 72 og 75 % til 82 % i 2023.

Det er også ulikt kor mange læreplassar det er innan ulike fagområde i ulike delar av fylket. I fleire intervju blir det trekt fram at det er meir konkurranse om læreplassane i byane enn i distriktet.

Fleire av dei intervjua kommenterer også at elevar ikkje nødvendigvis vil flytte på seg for å få læreplass, særleg frå bynære område til distriktet. Det kan resultere i koordineringsproblem knytt til læreplassar, særleg i byane.

Elevar som har utfordringar med å få læreplass eller ikkje ønskjer å bli lærling

I intervju fortel tilsette ved skular at det kan vere mange årsaker til at søkerar ikkje får læreplass, men at dei som er vanskeleg å formidle ofte er det av andre grunnar enn mangel på læreplass. Det kan vere at elevane ikkje har vore i praksis i løpet av vg1/vg2, har låge grunnskulepoeng eller høgt fråvær.

Skulane er oftast godt kjend med elevane som er vanskelege å formidle, til dømes viss det har vore utfordringar knytt til gjennomføring av praksis i faget YFF. I slike tilfelle er det fleire som peikar på viktigheita av å involvere rettleiingstenesta så tidleg som mogleg, og ha ein dialog med bedrifta sånn at dei skjønner eleven si utfordring, eller at dei kan finne ei bedrift som passar betre for eleven.

Verken skulane eller områdeleiarane opplever at det er risiko for at skular ikkje fangar opp og følger opp elevar med utfordringar når det gjeld å komme ut i lære. Områdeleiarane fortel i intervju at det ligg veldig tydelege forventningar til skulane om at dei må ha system for å avdekke behov og for å setje i verk tiltak. Det blir kommentert at det nok framleis er arbeid å gjere knytt til kompetanse og strukturar når det gjeld desse tiltaka, men forventningane og ansvaret er tydeleg.

Ei anna utfordring som blir trekt fram i intervju er å få læreplass til minoritetsspråklege og fleirkulturelle søkerar, særleg i tilfelle kor det er språklege vanskar. I intervju med ein skule fortel dei tilsette at det ofte er elevar med därlege norskunnskapar som ikkje får læreplass. Dette blir særleg framheva som ei utfordring for vaksne elevar. Dei opplever at mange bedrifter er skeptiske til å ta inn ein utanlandsk, vaksen lærling.

Sjølv om ein elev oppfyller krava og har rett på opplæring, er det ikkje alle elevar som vil bli lærling. Ein aukande del av elevane som tek yrkesfag vel påbygg. Fleire elevar ønsker å ta høgare utdanning, og brukar påbygg for å få generell studiekompetanse. I intervju med områdeleiarane blir dette skildra som eit aukande fenomen, som gjer formidlingsarbeidet mindre oversiktleg. Statistikk frå fylkeskommunen viser at ein femtedel av alle yrkesfagelevane (kring 20 %) vel påbygg etter vg2. Det er likt det nasjonale snittet.

I intervju blir dette peikt på som ein særleg utfordring knytt til helse- og oppvekstfag. Det er mange elevar som tar helse- og oppvekstfag som ikkje har lærepass som målsetting. Statistikk frå fylkeskommunen viser at nesten 50 % av dei som tek helse- og oppvekstfag vel påbygg, jf. Tabell 5. Nokre fag har også ein betydeleg del som står som «slutta/ukjend».

Tabell 5: Overgangar for elevar frå vg2, skuleåret 2022/23.

Utdanningsprogram	Lære	Planlagt Vg3	YF til SF Vg3	Påbygg	Alternativ Vg3	Inntatt Vg1	Inntatt Vg2	Slutta/ukjent
Elektro og data teknologi	55,2%	25,9%	2,5%	7,4%	0,0%	0,6%	2,9%	5,5%
Naturbruk	37,5%	23,9%	0,0%	23,1%	0,0%	1,9%	2,7%	11,0%
Bygg- og anleggsteknikk	73,1%	0,0%	0,0%	11,0%	0,0%	1,0%	4,0%	10,8%
Teknologi- og industrifag	77,5%	0,9%	0,0%	5,1%	0,6%	0,8%	5,3%	9,8%
Helse- og oppvekstfag	25,8%	4,7%	6,0%	44,7%	0,5%	1,7%	5,0%	11,6%
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	68,7%	0,0%	0,0%	9,0%	0,0%	1,5%	1,5%	19,4%
Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign	41,9%	14,9%	0,0%	16,2%	0,0%	1,4%	1,4%	24,3%
Sal, service og reiseliv	38,3%	0,0%	0,0%	33,2%	0,0%	2,0%	2,0%	24,5%
Restaurant- og matfag	56,3%	0,0%	0,0%	6,8%	0,0%	3,9%	2,9%	30,1%
Handverk, design og produktutvikling	6,7%	6,7%	0,0%	6,7%	33,3%	0,0%	13,3%	33,3%
Snitt:	52,7 %	7,4 %	2,0 %	20,2 %	0,4 %	1,3 %	4,1 %	11,9 %

Tabell 6. Status skuleåret 2022/23 for elevar som gjekk vg2 yrkesfag i 2021/22. Kjelde Qlik Sense

Kjelde: Kvalitetsmelding for vidaregående opplæring 2022/23

Vestland fylkeskommune som lærebodrift

I årsrapporten til Vestland fylkeskommune for 2020 og 2021 blir det presisert at fylkeskommunen skal vere ein aktør som tek samfunnsansvar ved å tilby lærepass innan dei faga som naturleg fell inn under oppgåvane til verksemda. Fylkeskommunen har lærlingar i fylkeshuset og på skulane, så langt det er faglege leiarar med nødvendig fagkompetanse og arbeidspraksis. Avdelingane og skulane vel sjølv om dei ønskjer å ta inn lærlingar. Lærlingkoordinator i fylkeskommunen har ansvar for å følgje opp alle lærlingane som er tilsett i fylkeskommunen.

I Ansvars- og oppdragsbrev for organisasjons- og økonomiavdelinga 2024 frå fylkesdirektøren har det blitt sett eit overordna mål om å auke talet på lærlingar til 80, og alle avdelingar skal ha minst éin lærling. Frå årsrapportar går det fram at Vestland fylkeskommune på hausten hadde 79 aktive lærekontraktar i 2020, 75 i 2021, 65 i 2022 og 75 i 2023. Det blir opplyst at talet på lærlingar varierer ut frå når på året lærlingane tek fagprøve og når dei teiknar lærekontrakt. Per august 2024 opplyser fylkeskommunen at dei har 74 aktive lærekontraktar, sju til godkjenning og ein kontrakt som skal sendast ut til ny digital signering. Det betyr at dei i teorien har 82 lærlingar knytt til fylkeskommunen. Elleve av desse lærlingane skal ta fagprøve i løpet av hausten, som gjer at fylkeskommunen på slutten av året vil ha 71 aktive lærekontraktar.

Fylkeskommunen tilbyr lærepass innan 13 fagområde⁴⁵, og hausten 2024 hadde ein lærlingar i elleve av desse.⁴⁶ Det er variasjon når det gjeld kor mange lærlingar fylkeskommunen har per fagområde. Ut frå statistikk frå fylkeskommunen er eit stort fleirtal innanfor IT-driftsfaget.

4.4.2 Vurdering

Vestland fylkeskommune har etter revisjonen si vurdering etablert føremålstenlege system og arenaer som sikrar dialog med arbeids- og nærlivslivet, skular og andre aktørar i samband med vurderingar knytt til dimensjonering. Behov for og tilgang til lærepassar er også ein del av dimensjoneringa, då det er viktig å sikre at dei som startar på eit utdanningsløp får moglegheit til å fullføre det. Her er samfunnskontrakten viktig, då den forpliktar partane i arbeidslivet til ein felles innsats for å finne fleire lærepassar. I den samanheng er det positivt at også fylkeskommunen som arbeidsgjevar har sett seg mål om auka tal lærlingar, og per hausten 2024 synast å ha nådd målet.

Når det gjeld arbeidet med å skaffe lærepassar er det dei seinare åra gjort grep som bidrar til auka systematikk og tydelegare ansvarsdeling. Dette er positivt, og viktig for at fylkeskommunen skal kunne følgje opp nye og tydelegare krav i opplæringslova på ein god måte. Undersøkinga viser også ei positiv utvikling når det gjeld prosentdel sokjarar som får lærepass. Innanfor nokre fag er utfordringane større enn andre, og det er viktig at fylkeskommunen og samarbeidspartane held fram med eit systematisk arbeid for å sikre at alle som er kvalifisert for lærepass får dette. Tilgangen på lærepassar innanfor ulike fagområde varierer naturleg nok mellom regionane i fylket, då det er store forskjellar på kva arbeidsplassar som finst ulike stader. Dette inneber at det kan vere underskot på lærtingar nokre stader, og mangel på lærepassar andre stader. For å få lærepass kan det difor vere behov for å flytte internt i fylket. Her er rådgjeving og informasjon til elevane viktig heilt frå vg1, slik at dei er klar over kva som skal til for å kunne fullføre utdanningsløpet. Revisjonen har ingen klare indikasjoner på at dette ikkje blir informert tilstrekkeleg om, men vil likevel vise til vår vurdering i kapittel 4.3, der vi peiker på behov for tydeleggjering og systematisering av arbeidet med rådgjeving og informasjon.

Undersøkinga viser også at det er etablert system som sikrar at skulane på eit tidleg tidspunkt veit om elevar som kan ha behov for ekstra oppfølging og tiltak for å kome ut i lære. Dette er etter revisjonen si vurdering positivt, samtidig som vi vil presisere viktigheten av at det framleis blir retta merksemrd mot dei elevane som ikkje får lærepass og årsaker til dette. For å sikre at tiltaka som blir iverksett er mest mogleg effektive, er det viktig med jamlege evalueringar av erfaringar på dette området. Då skulane er ulike og på mange område har etablert ulike system og rutinar, meiner også revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere å etablere system som sikrar erfaringsdeling og læring på tvers av skulane når det gjeld dette arbeidet.

4.5 Tilbod om alternativ vg3 i skule

4.5.1 Datagrunnlag

System og rutinar knytt til vg3 i skule

Vestland fylkeskommune har ein rutine for vg3 fagopplæring i skule, der det går fram at elevar som ikkje har fått lærekontrakt innan 1. september skal få tilbod om vg3 fagopplæring i skule

⁴⁵ Desse er barne- og ungdomsarbeiderfaget, hestefaget, dyrefaget, service og administrasjonsfaget, reiselivsfaget, medieteknikkfaget, salsfaget, byggdrifterfaget, it-driftsfaget, gartnarfaget, kokkefaget, ernæringskokkefaget, renholdsoperatørfaget.

⁴⁶ Fylkeskommunen opplyser om at dei hausten 2024 ikkje har lærtingar i reiselivsfaget og reinhaldsoperatørfaget.

innan 15. september.⁴⁷ Fylkeskommunen har ein fastsett rutine for korleis organisere tilbodet om vg3 i skule.⁴⁸

Rutinen skildrar den overordna ansvarsfordelinga, kor fylkeskommunen ved avdeling for opplæring og kompetanse⁴⁹ har ansvar for å vurdere og setje i gang tilbodet. Arbeidet inkluderer å få oversikt over kven som ikkje har lærekontrakt, og kven som skal få tilbod om vg3 i skule. Dette inneber mellom anna å kontakte elevar som ikkje har registrert lærepass i Vigo før sommaren, og lage ei inntak- og venteliste over aktuelle søkjavarar. Avdelingsdirektør vedtek kva fag det er behov for og kva vidaregåande skule som får gjennomføringsansvaret, og sender oppdragsbrev til skulen. Inntaks- og ventelista blir sendt til skulen, som får ansvar for å kontakte elevane og gi informasjon om tilbodet. Skulen har ansvar for å lage og gjennomføre tilbodet.

I intervju med skulane fortel dei at det er fleire som får tilbod om vg3 i skule enn det treng å vere. Skulane melder til fylkeskommunen kven som har fått lærepass før sommaren, som er eit tidspunkt kor mange elevar berre har teikna ein intensjonsavtale men ikkje formelt fått lærepass enda. Elevane utan formell lærekontrakt blir registrert som utan lærepass, og det kan derfor sjå ut som færre elevar har fått lærekontrakt enn det som faktisk er tilfelle. Ut frå desse registreringane får skulen i august ei liste over aktuelle kandidatar som er større en kva som er det reelle behovet for tilbodet. Rektor ved ein skule fortel at det er eit omfattande arbeid å kontakte alle på lista.

Fleire skular fortel også om erfaringar med at elevar som har takka nei til lærepass i bedrift har fått tilbod om vg3 i skule. Det er lærebodrifa som er ansvarleg for å melde til fylkeskommunen at ein har inngått lærekontrakt, men i intervju fortel tilsette ved ein skule at dei ikkje opplever at bedriftene alltid gjer dette. Tilbodet om vg3 i skule skal i utgangspunktet ikkje gå til dei som har fått tilbod om skulepass eller har takka nei til lærepass i bedrift, men av omsyn til overordna mål om fullføring kan desse søkerane likevel få plass viss oppfølgingstenesta tilrår det og det er ledig kapasitet i lærefaget søkeren er kvalifisert for⁵⁰.

Få elevar tar vg3 i skule

I intervjuja kjem det frem at skulane opplever det som krevjande å få til eit godt vg3-tilbod. Dei har kort tid på seg, ofte har dei ikkje hatt vg3 i skule i det aktuelle faget før, og det er få elevar. Det krev betydelege ressursar for skulane, både når det gjeld økonomi og personale, og opplevast som ein ulempe sosialt for eleven viss det berre er ein som ikkje får lærepass og ender opp aleine på skulen.

Statistikk frå SSB visar at det mellom 2020 og 2023 er mellom 3,9 og 3,3 % av elevane tar vg3 yrkesopplæring i skule etter vg2⁵¹. Statistikk frå fylkeskommunen viser også at det er få elevar per år, og at det sidan 2021 har blitt færre elevar, men fordelt på fleire skular. I 2021 var det 91 elevar i skulekontrakt fordelt på 8 skular. Til samanlikning var det 68 elevar i skulekontrakt fordelt på 6 skular i 2022 og 28 elevar fordelt på 10 skular i 2023. Totalt har 12 skular hatt elevar i skulekontrakt sidan 2021. Det er variasjon i kva fag som har elevar i skulekontrakt, og det er stor overvekt av elevar i lære i barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsearbeidarfaget.

Det har vore tilfelle kor det har vore veldig små klasser, og fleire av skulane fortel at dei har hatt vg3 i skule med veldig få elevar, i ekstremtilfelle berre ein elev. I intervju fortel elev- og

⁴⁷ Vestland fylkeskommune. *Rutine – vg3 fagopplæring i skule for søkerar utan tilbod om lærepass pr. 1. september.* Utan dato.

⁴⁸ Vestland fylkeskommune. *Rutine – vg3 fagopplæring i skule.* Utan dato.

⁴⁹ Ved seksjon IFS og seksjon for kompetanse, samt avdelingsdirektør.

⁵⁰ Vestland fylkeskommune. *Rutine for vg3 opplæring i skule.* Utan dato.

⁵¹ Dette inkluderer elevar som har vg3 i skule som planlagt utdanningsløp frå vg1.

læringsombodet at det har vore så få elevar, særleg ute i distrikta, at klassar med vg3 i skule i realiteten er avvikla, og at tilboden no nærast er individuelle opplegg kor målet er mest mogleg tid ute i bedrift og arbeid mot lærepllass.

I intervjua blir det nemnt fleire grunnar til at elevar har fått tilbod om og starta på vg3 i skule, mellom anna at dei har vore usikre på kva dei skulle velge av lærepllass, fordi dei ikkje ønskja å flytte på seg for å få lærepllass, eller fordi dei har hatt språklege utfordringar og treng meir tilrettelegging i opplæringa.

Mål om å fullføre og bli formidla undervegs

Fylkeskommunen har satt som mål å få eleven ut i lærekontrakt undervegs i vg3-opplæringa.⁵² Skulen har ansvar for å kontinuerleg søke om å få overgang til lærepllass for sine elevar, bidra til rekruttering av nye lærebodrifter, og invitere relevante opplæringskontor og lærebodrifter til dialog for å styrke arbeidet med praksisavtalar for elevane.⁵³

Det kjem frem frå intervjuat at det ikkje er alle dei som går vg3 i skule som får tilbod om lærepllass. Ut frå statistikk frå fylkeskommunen har berre fem av dei over hundre elevane dei har hatt i alternativ vg3 frå 2021 til 2023 blitt registrert som overført til ny kontrakt. Tre av desse var i helsearbeidarfraget. Av dei som starta i 2023 har seks avslutta kontrakten. Av desse blei fire overført til ny kontrakt, ein har fått registrert feilval og ein har fått arbeid.

Generelt viser skulane til god gjennomføring blant elevane i vg3 i skule. Dei fortel vidare at tidlegare har elevar som sluttar eller takka nei til tilboden gjort det fordi dei fekk tilbod om vg3 i skule langt unna der dei bor og ikkje ville flytte så langt. No skal tilbod om vg3 gis ved skulen der eleven har gått i vg2.

Eit likeverdig tilbod

Opplæringa skal i hovudsak vere praktisk gjennom arbeid på skulen og/eller i samarbeid med lokalt næringsliv, og byggje på programområdet til eleven på vg2. Tilboden skal vere eit likeverdig tilbod som lære i bedrift. Utanom desse overordna føringane er det ikkje skriftleggjort ytterlegare føringar for det faglege innhaldet i tilboden. Tilsette i skulane som blei intervjuat fortel om ei blanding av praksis i bedrift og arbeid i skulen. Fleire skular samarbeider med opplæringskontor, kommunen og næringsliv for å få til dette.

I intervjuat blir det nemnt at det faglege tilboden er likeverdig og i nokre tilfelle betre på vg3, særleg for vaksne med vanskar med språket, ettersom skulen i nokre tilfelle har fleire moglegheiter til å leggje til rette opplæringa enn ei bedrift ville hatt. Fleire fortel likevel at det er betre for eleven å vere i lære i bedrift. Det handlar om at elevane ikkje får den praktiske erfaringa av å vere i bedrift, med alle pliktene og lærdommen som kjem med det. Fleire har også erfart at elevar som fullfører vg3 i skule er mindre attraktive for framtidige arbeidsgjevarar enn dei som har hatt lærepllass i bedrift. Det blir peika på at bedrifter føretrekk å tilsette nyutdanna som har erfaring frå læretid i bedrift. Eit opplæringskontor kommenterer at dersom to nyutdanna fagarbeidrarar søker same stilling, og den eine har vore i lære medan den andre har gjennomført vg3 i skule, vil nok den som har gjennomført læretida stille sterkare.

⁵² Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding. Vidaregåande opplæring. Skuleåret 2022/2023.

⁵³ Vestland fylkeskommune. Rutine for vg3 fagopplæring i skule. Utan dato.

4.5.2 Vurdering

Undersøkinga stadfestar vurderinga frå opplæringslovutvalet om at vg3 i skule, og kompetansen det gir, i nokre fag kan bli betrakta som annanrangs.⁵⁴ Arbeidslivet synast å føretrekke nyutdanna som har erfaring som lærling. Dette synleggjer viktigheita av at arbeidet med formidling held fram også når nokon har starta opp i vg3 i skule. Dette er også noko det blir retta tydeleg merksemd mot i Vestland fylkeskommune, i samsvar med presiseringane i ny opplæringslov med forskrift. Likevel er det berre eit fåtal av dei som startar i vg3 som har overgang til opplæring i bedrift, så dette er noko det er behov for å ha mykje fokus på også framover.

Samtidig har det dei siste åra vore ein monaleg reduksjon i talet elevar på alternativ vg3, noko som sannsynlegvis heng saman med den auka prosentdelen som får lærepass. Utviklinga er med andre ord positiv, samtidig som undersøkinga viser at fylkeskommunen har etablert tydelege system og rutinar for å sikre at dei som ikkje får lærepass får tilbod om vg3 i skule. Opprettig av tilbod om vg3 i skule er ressurskrevjande, og er i dei fleste tilfella ikkje eit ideelt tilbod sett opp mot det å vere i lære. Det er difor viktig at fylkeskommunen held fram arbeidet med å auke prosentdelen som går rett frå vg2 til lære, samtidig som det blir gitt eit godt vg3-tilbod til dei som treng det i kortare eller lengre tid.

⁵⁴ NOU 2019: 23 Ny opplæringslov. Avsnitt 29.4.5.1. Utredning fra et utvalg (opplæringslovutvalget) oppnevnt ved kongelig resolusjon 22. september 2017. Avgitt til Kunnskapsdepartementet 13. desember 2019.

5 Tiltak for å auke fullføring

5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovedproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad har fylkeskommunen føremålstenlege system, rutinar og tiltak for å bidra til høg grad av fullføring blant lærlingane?⁵⁵

Under dette:

- I kva grad får lærlingar og lærebodrifter tilstrekkeleg informasjon om rettar og plikter når det gjeld særskilt tilrettelegging?
- I kva grad sikrar fylkeskommunen at lærlingar som av ulike årsaker har utfordringar i læretida, får den oppfølginga og hjelpa dei har rett på?
- I kva grad bidrar fylkeskommunen, til dømes gjennom rettleiingstenesta, med støtte og oppfølging til lærlingar som står i fare for å ikkje fullføre læretida?
- I kva grad er «fullføringsmidlar» eit effektivt tiltak for å bidra til auka fullføring?

5.2 Revisjonskriterium

I fullføringsreforma⁵⁶ har regjeringa sett som mål at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen er ein heilt sentral aktør for å nå dette målet. I fullføringsreforma går det vidare fram at

«Fylkeskommunene har fått et utvidet og helhetlig ansvar for alle i aldersgruppa 16–24 år. Det betyr at fylkeskommunene nå har et ansvar for at alle i denne aldersgruppa får opplæring som gjør at de har en mulighet til å oppnå yrkeskompetanse, studiekompetanse eller planlagt grunnkompetanse. [...] Fullføringsreformen gir sammen med Utdanningsløftet fylkeskommunene en historisk mulighet til å realisere målet om at de fleste skal gjennomføre VGO.»⁵⁷

Vidare går det fram av fullføringsreforma at «Det er mange aktører som er involvert i opplæringsløpene, og fylkeskommunene er sentrale for å sikre godt samarbeid og god involvering.»⁵⁸

Tabell 6: Revisjonskriterium knytt til tiltak for å auke fullføringa

Kjelde	Krav og føringer	Forventningar til fylkeskommunen
Oppl. § 11-1 ⁵⁹	Lærebodrifa skal sørge for tilpassa opplæring for dei som har læretid i bedrift	Det er lærebodrifa sitt ansvar å sikre tilpassa opplæring i bedrift, ut frå lærlingen sine føresetnader.

⁵⁵ Det var i utgangspunktet ei femte underproblemstilling knytt til denne hovedproblemstillinga: «I kva grad bidreg fylkeskommunen med rettleiing overfor lærebodrifter». For å få god samanheng i presentasjonen av datagrunnlaget og vurderingane, er denne problemstillinga flytta til hovedproblemstilling 1, slik at ho kan sjåast i samanheng med ei underproblemstilling der som handlar om system og rutinar for rettleiing.

⁵⁶ Meld. St. 21 (2020-2021) *Fullføringsreformen*. Kunnskapsdepartementet.

⁵⁷ Meld. St. 21 (2020-2021) *Fullføringsreformen*. Kunnskapsdepartementet. S. 123

⁵⁸ Meld. St. 21 (2020-2021) *Fullføringsreformen*. Kunnskapsdepartementet. S. 124

⁵⁹ Tilsvarande krav gjekk tidlegare fram av oppl. § 1-3, men med noko anna ordlyd.

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
Oppl. § 7-9 første ledd ⁶⁰	Fylkeskommunen skal rettleie lærebodriftene og kontrollere at dei oppfyller krav i denne lova	Sjølv om tilpassa opplæring er lærebodrifa sitt ansvar, har fylkeskommunen ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp, og rettleie bedrifa ved behov.
Oppl. § 7-4 sjette ledd ⁶¹	Lærekandidatar har rett til individuell tilrettelegging etter §§ 11-4 til 11-6. For denne tilrettelegginga gjeld §§ 11-7 til 11-11 og § 11-13	I løpet av åra i skule er det viktig at fylkeskommunen informerer om retten til individuell tilrettelegging for lærekandidatar. Det er viktig at også bedrifa er kjent med denne retten, slik at dei både kan informere lærekandidatane om det og slik at retten blir oppfylt. Også for lærlingar som viser seg å ha behov for individuell tilrettelegging, vil det vere viktig med informasjon om desse rettane, då det for enkelte til dømes kan vere aktuelt å endre status til lærekandidat.
Forskrift til oppl. § 9-62	Lærlingar har rett til særskilt tilrettelegging av fag og sveineprøva dersom dei treng det for å få vist kompetansen sin i faget.	Særskilt tilrettelegging kan også dreie seg om sjølve fag- og sveineprøva, og det er viktig at fylkeskommunen sørger for informasjon om retten til tilrettelegging.
Oppl. § 16-1 og § 16-2 ⁶²	Fylkeskommunen skal sikre at også dei som har læretid i bedrift får tilgang til rådgiving om utdanning og yrkesval, samt rådgiving om sosiale og personlege forhold.	Fylkeskommunen må ha på plass system og rutinar som sikrar at lærlingane sin rett til rådgjeving blir ivaretake.
Meld. St. 21 Fullførings-reformen	“Fylkeskommunene må ta ansvar for å bidra til at personer som har behov for ekstra oppfølging kan få gjennomført læretiden og	For å følgje opp regjeringa sine mål i fullføringsreforma, bør fylkeskommunen vere aktiv i å informere lærlingar og lærebodrifter om kva rettar og plikter lærlingar og

⁶⁰ Kravet er ei vidareføring og presisering av delar av § 4-8 i tidlegare opplæringslov, men var i tidlegare lov tilsynelatande meir knytt til godkjenninga av lærebodrift.

⁶¹ Etter tidlegare opplæringslov hadde lærekandidatar rett på spesialundervisning. Spesialundervisning er i ny opplæringslov erstattat av retten til individuell tilrettelegging i form av personleg assistanse (§ 11-4), fysisk tilrettelegging og ekniske hjelpemiddel (§ 11-5) og individuelt tilrettelagt opplæring (§ 11-6).

⁶² Dette lovkravet er nytt i ny opplæringslov som tredde i kraft i august 2024. Sidan mesteparten av revisjon var gjennomført før lova tredde i kraft, har dette kravet ikkje vore gjenstand for vurdering i samband med denne revisjonen. Det er likevel stilt spørsmål i samband med revisjonen om korleis dette kravet er tenkt løyst.

Kjelde	Krav og føringar	Forventningar til fylkeskommunen
	fullføre VGO med fag- eller svennebrev.” (side 52)	lærebedrifter har når det gjeld tilpassa opplæring og ulike former for særskilt tilrettelegging.
Meld. St. 21 Fullføringsreformen	«[...] fylkeskommunene skal få et større ansvar for ungdom i alderen 16–24 år. I dette ligger en sterk forpliktelse til å sørge for at alle steiner er snudd for å få dem som tilhører denne aldersgruppa, til å fullføre VGO.» (side 51)	For å nå måla i fullføringsreforma, og ivareta det gjennomgående prinsippet i fullføringsreforma, bør fylkeskommunen iverksette tiltak som gjer at ein kan hjelpe elevar og dei som er i lære før det ev. er for seint. Dette inneber system og tiltak som fangar opp læringer som av ulike årsaker har utfordringar i læretida, og at ein har tilstrekkeleg tilbod om oppfølging til dei som har behov for det. Det at utfordringar blir fanga opp og følgt opp på eit tidleg tidspunkt kan vere viktig for å unngå fråfall.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

5.3 Informasjon om rettar og plikter når det gjeld særskilt tilrettelegging

5.3.1 Datagrunnlag

Informasjon om tilrettelegging før ein går ut i lære

I handbok for lærekandidatar⁶³ er lærekandidatordninga skildra slik:

Lærekandidatordninga er ei fleksibel ordning der ein kan skreddarsy fagopplæring til elevar som ynskjer opplæring i bedrift utan full yrkeskompetanse som siktemål. Målet er å tilby opplæring som gjev høgst mogeleg kompetanse ut frå den einskilde sine føresetnader, med mål om framtidig arbeid. Med ei slik ordning kan fleire lukkast med å gjennomføra vidaregående opplæring. Sjølv om ein i utgangspunktet har grunnkompetanse som målsetjing, kan ein endra status til lærling undervegs og oppnå full yrkeskompetanse, dersom det er ynskjeleg og realistisk. For mange er lærekandidatordninga eit steg på vegen mot eit fagbrev.⁶⁴

I handboka finst det informasjon om kva ein lærekandidat er, kven som kan bli dette, rutinar og ansvarsfordeling, med meir. I handboka går det fram at skulen har ansvar for å informere og rettleie aktuelle elevar om lærekandidatordninga. Skulen skal kartlegge i samarbeid med eleven kva bransje og bedrift som kan vere aktuell. I handboka går det vidare fram at rettleiingstenesta skal ha møte med dei vidaregåande skulane om mogelege søkjrarar til lærekandidatordninga.

Vidare går det fram at rettleiingstenesta skal gi råd og rettleiing om lærekandidatordninga til skular, søkerarar og bedrifter. Rettleiingstenesta kan hjelpe til i arbeidet med å utarbeide intern

⁶³ Vestland fylkeskommune. Handbok lærekandidat. https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/larling/blilaring/handbok-larekandidat_2022.pdf Besøkt sist 05.07.2024.

⁶⁴ Vestland fylkeskommune. Handbok lærekandidat. S. 4.

tilpassa læreplan saman med kandidaten og bedrifta. Rettleiingstenesta har ansvaret for å fylgje opp bedrifta og lærekandidaten etter behov. Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, godkjenner oppmelding til kompetanseprøva og skriv ut kompetansebevis.⁶⁵

I intervju opplyser dei vidaregåande skulane at mykje av informasjonsarbeidet og førebuinga av elevar som skal ut i lære blir gjort av skulen. Dette gjeld og informasjon som gjeld tilrettelegging. Mykje av dette arbeidet blir gjort av kontaktlærar og faglærar i skulen, men og av skulen sine rådgjevarar. I skulane sine ressursteam, der også rettleiingstenesta er fast deltarar, blir det drøfta kva elevar som kan få utfordringar med å finne lærepllass, og kva oppfølging dei eventuelt har behov for. Ein skule fortel i intervju at dei har fått NAV inn i sitt ressursteam. NAV kan hjelpe til i saker der det er vanskeleg for elevar å finne lærepllass, til dømes fordi dei vil trenge ei form for tilrettelegging. Skulen fortel i intervju at denne forma for samarbeid med NAV, kor dei deltek i ressursteam, er relativt ny, men at dei har inntrykk av at dette vil kunne gi positive resultat. Fleire skular fortel i intervju at dei koplar inn NAV ved behov, viss det er behov for hjelp til å få ein elev ut i lære.

Rettleiingstenesta deltek som nemnd over fast i skulane sine ressursteam, og dei fortel i intervju at det vil variere kven frå rettleiingstenesta som deltek utifrå tema. Normalt deltek rettleiarar frå PPT og oppfølgingstenesta, medan rettleiarar innan opplæring i bedrift deltek ved behov. Rettleiingstenesta fortel i intervju at dei er ute på besøk i skulen fleire gonger i løpet av eit skuleår, og deltek til dømes på lærlingkonferansar i skulen. Det blir vist til at moglegheita for tilrettelegging i læretida er eit av temaa dei tek opp under desse besøka.

Vestland fylkeskommune har informasjon på sine nettsider om korleis ein går fram viss ein skal søkje lærepllass, og har behov for spesialundervisning. Dette finn ein på nettsidene som inneholder informasjon om lærlingordninga.⁶⁶

Bildet til høgre viser korleis denne nettsida er lagt opp. Her finn ein mellom anna informasjon om korleis ein kan bli lærling eller lærekandidat. Sida inneholder også informasjon om lærlingen sine rettar og plikter, samt mellom anna informasjon om spesialundervisning for lærekandidatar. Her går det fram at ein som lærekandidat kan ha rett til spesialundervisning dersom ordinært opplæringsløp ikkje gir utbytte, og det er lenka til rutinen for spesialundervisning og saksbehandling i fylkeskommunen. Det er også opplyst kontaktinformasjon til elev- og lærlingombodet og rettleiingstenesta. På nettsida er det etter det revisjonen kan sjå ikkje eksplisitt informert om retten til tilpassa opplæring.

Figur 2: Utsnitt frå Vestland fylkeskommune sine nettsider

Bli lærling eller lærekandidat

Ein lærling er ein arbeidstakar under utdanning. Å vere lærling betyr at du får opplæring i eit fag som fører fram til eit bestemt yrke, og at du får fag- eller sveinebrev i faget.

Ein lærekandidat skal oppnå så høg kompetanse som mogleg og bli best mogleg kvalifisert for arbeidslivet. Meir informasjon om lærekandidatordninga finn du i Handbok for lærekandidatar: [Handbok for lærekandidatar.pdf](#).

Slik søker du lærepllass

Viktige datoar når du søker lærepllass via Vigo

Korleis bli lærling/lærekandidat?

Rettar og plikter

Vegen vidare - kva skjer no?

Vg3 fagopplæring i skule

Informasjon om søker til vidaregående

Sjå oppaket

Oversikt over godkjende lærebedrifter i Vestland

På Vilbi.no finn du ei liste over godkjente lærebedrifter i Vestland. Bruk lista for å finne bedrifter som er aktuelle for deg.

Godkjente lærebedrifter

⁶⁵ Vestland fylkeskommune. Handbok for lærekandidat. S. 14.

⁶⁶ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/lærling/>. Sist besøkt 13.08.2024.

I tillegg til desse ressursane, har Vestland fylkeskommune generell informasjon på sine nettsider om tilrettelegging for elevar/lærlingar.⁶⁷ Her finn ein mellom anna ei side som heiter «Informasjon om tilrettelegging ved læringsutfordringar». På denne nettsida finn ein informasjon om korleis ein kan hjelpe elevar/lærlingar med ulike lærevanskar. Informasjonen er retta mot skule og lærebodrift, og er ikkje retta direkte mot eleven/lærlingen.

Tilrettelegging for lærlingar er ei av utfordringane som elev- og lærlingombodet trekk fram i sin årsrapport for skuleåret 2022-2023⁶⁸. Dei skriv at nokre av elevane som har hatt tilrettelegging i skulen, fortel at dei ikkje melder frå om behov for tilrettelegging når dei skal ut i lære. Dette nemner også elev- og lærlingombodet under intervju i samband med revisjonen. Det blir peikt på at det at eleven sjølv skal melde frå om behov for tilrettelegging kan vere ei svakheit. Det blir også nemnt at elevar bør få betre informasjon om moglegheitene for å bli lærekandidat, og kva dette inneber.

Ombodet fortel i intervju med revisjonen at dei ikkje har inntrykk av at elevar som skal ut i lære er godt nok kjend med kva rettar dei har når det gjeld tilrettelegging, og ombodet ser behov for meir informasjon til elevane om kva konsekvensar det kan få viss dei ikkje meldar ifrå om at dei har behov for tilrettelegging når dei søker læreplass. Ombodet tenkjer at det kunne vere gitt meir generell informasjon om moglegheitene for tilrettelegging under læretida i skulen. Ved å gi generell informasjon om dette til alle som skal ut i lære, får ein ut informasjon til elevane utan å stigmatisere den enkelte elev.

Informasjon om tilrettelegging for dei som er i lære

For dei som har blitt lærlingar eller lærekandidatar, har seksjon for kvalitet i opplæringa utarbeidd eit modulbasert e-læringskurs. Dei som har teikna lærekontrakt vil få tilsendt dette kurset, som handlar om det å vere i Figur 3: Oversikt over modulbasert kurs

Startside → Utdanning og karriere → Lærling → Kurs for lærlingar/lærekandidatar

Kurs for lærlingar/lærekandidatar

Om du har teikna lærekontrakt i Vestland vil du få tilsendt kurs om det å vere i lære.

Kurset er delt inn i korte mikrokurs som følgjer deg gjennom læretida.

- Modul 1 - ved oppstart
- Modul 2 - 1 månad ut i læretida
- Modul 3 - 5 månadar ut i læretida
- Modul 4 - 18 månadar ut i læretida

Du kan gjennomføre kursa på både på PC og mobil


Som ein kan sjå frå biletet, så er kurset fordelt på fire modular. I intervju fortel representantar for seksjon for kvalitet i opplæringa, at ein tidlegare hadde eit større kurs for lærlingar, som ein skulle gjennomføre i starten av læretida. Dei fekk tilbakemeldingar på at dette kunne opplevast som veldig mykje informasjon på kort tid, og at det kunne vere overveldande for nye lærlingar. Derfor starta dei arbeidet med å vidareutvikle kurset dei allereie hadde, til eit nytt kurs som er delt opp i modular som følgjer læretida. Tanken er at ein skal få tilgang til den informasjonen som er relevant for det punktet ein er på i læretida. Dette kurset er nytt av 2024, og tilgjengeleg for dei som skal ut i lære hausten 2024.

⁶⁷ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/lærling/>, Sist besøkt 13.08.2024.

⁶⁸ Vestland fylkeskommune. Årsrapport frå elev- og lærlingombodet. For skuleåret 2022-2023.

I samband med denne revisjonen har Deloitte fått tilgang til første modul i dette lærlingkurset. Under er eit bilde av dei temaa som er dekka i denne modulen. Tilrettelegging er ikkje eit av temaa som er dekka her. Fylkeskommunen opplyser at tilrettelegging er eit tema i modul 2 av dette kurset.

Figur 4: Innhold i første modul av lærlingkurset



I rutine for oppfølging av lærlingar og lærekandidater⁶⁹ er informasjon om eller behov for tilrettelegging ikkje lagt inn som eit av dei konkrete sjekkpunkta ved besøk av lærlingar og lærekandidatar. Samstundes ligg tema som fagleg utvikling, eigenvurdering, behov for fritak i fag og karakter i fag i sjekklista, kor behov for tilrettelegging kan inngå som eit indirekte tema.

Under informasjonen om lærlingordninga på Vestland fylkeskommune sine nettsider,⁷⁰ finn ein og ei oversikt som heiter «Hjelp og støtte». Her er det lenka til Elev- og lærlingombodet, Oppfølgingstenesta (OT), og Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT).

5.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at nettsida til fylkeskommunen inneheld ein del informasjon om det å vere høvesvis lærling eller lærekandidat, og om at ein som lærekandidat kan ha rett på «spesialundervisning». Revisjonen vil i denne samanheng presisere viktigheten av at informasjonen blir oppdatert snarast, og tilpassa rettane som går fram av ny opplæringslov kapittel 11, som mellom anna handlar om individuell tilrettelegging. Omgrepene «spesialundervisning» er ikkje lengre i bruk i lova, mellom anna med bakgrunn i at det kan oppfattast som stigmatiserande og bidra til ekskludering.⁷¹

Revisjonen merker seg også at nettsida ikkje inneheld informasjon om retten til tilpassa opplæring som gjeld for alle lærlingar og lærekandidatar. Det er revisjonen si vurdering at dette er ein rett som det bør informerast tydelegare om, gjerne med døme på kva retten kan bety i praksis. Slike døme kan vere viktige for å tydeleggjere skiljet opp mot individuell tilrettelegging. Også ovanfor bedrifter er det etter revisjonen si vurdering viktig å sikre at det blir gitt tydeleg informasjon om kva det vil seie at lærlingen har rett på tilpassa opplæring, og kva tilpassingar

⁶⁹ Vestland fylkeskommune. Rettleiing. Oppfølging av lærlingar og lærekandidater. Godkjent 23.05.2023.

⁷⁰ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/laerling/>. Sist besøkt 13.08.2024.

⁷¹ Sjå mellom anna forarbeida til ny opplæringslov. Prop.57 L (2022-2023) Lov om grunnopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Kapittel 25.5.1.

som kan forventast eller ikkje forventast med bakgrunn i det. Temaet kan etter revisjonen si vurdering gjerne inkluderast som sjekkpunkt i samband med bedriftsbesøka rettleiingstenesta gjennomfører.

I skulane er det etablert system for å ta opp bekymringar og vurdere behov for tiltak og oppfølging i ressursteama på den enkelte skule. Herunder kan det vere aktuelt å drøfte om elevar har særskilte behov og korleis dei kan ivaretakast. Det finst også tydelege rutinar for oppfølging og informasjon til elevar som blir vurderte som aktuelle for lærekandidatordninga.

Kontaktlærarar, faglærarar og rådgjevarar er vidare viktige for å formidle informasjon om ulike moglegheiter til elevane. Samtidig merker revisjonen seg at elev- og lærlingombodet stiller spørsmål ved om det blir gitt god nok informasjon til dei som skal bli lærlingar om kva rettar og plikter dei har, og viktigheta av å ta det opp tidleg dersom dei har behov for ulike former for tilpassingar eller tilretteleggingar. Revisjonen er einig i at det synast føremålstenleg å systematisere dette arbeidet noko. Gjennom auka systematisering kan ein bidra til å sikre at alle som skal bli lærlingar får informasjon om kva tilrettelegging og tilpassing dei kan ha rett på, samt til dømes informasjon om kva retten til tilpassa opplæring betyr, og kva krav og forventningar det vanlegvis er til dei som lærlingar.

Etter revisjonen si vurdering er det positivt at fylkeskommunen har vald å dele lærlingkurset opp i fleire modular, slik at tidspunkt for kvar modul blir tilpassa kor langt lærlingen har komen i læretida. Dette bidrar til at informasjonen i kurset i større grad er relevant der og då, enn viss alt blir formidla innleiingsvis i læretida.

5.4 Oppfølging av lærlingar for å unngå fråfall⁷²

5.4.1 Datagrunnlag

Prosjektstillingar for å styrke rettleiingstenesta

Yrkesopplæringsnemnda vedtok 20.02.2023 å nytte statlege midlar for å iverksette tiltak for å følgje opp lærlingane si psykiske helse. Dette omfatta «tiltak internt i fylkeskommunen, som til dømes engasementstillingar knytt til Rettleiingstenestene, og tiltak iverksett av opplæringskontor og lærebedrifter utvikla i samarbeid med desse».⁷³

I Vestland fylkeskommune si kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring 2022/2023⁷⁴ står det at

Våren 2023 vart det vedteke at rettleiingstenestene skal styrkast med totalt 8 stillingar. Det er etablert engasementstillingar som særskild skal jobbe med å styrke rettleiingstenestene sitt arbeid med lærlingane sin trivsel og psykiske helse. Her inngår ei styrking av arbeidet rettleiingstenestene gjer for lærlingar og lærebedrifter. Til dette arbeidet var det behov for å styrke bemanning og kompetanse hjå rettleiingstenestene slik at dei kan arbeide tettare på lærlingar og lærekandidatar. Fylkessirektøren har også funne det føremålstenleg å støtte opp om tiltak opplæringskontor og lærebedrifter set i verk retta mot lærlingar og psykisk helse.

I utvalsmøte for hovudutval for opplæring og kompetanse 13.03.2024 blei det vedteke at handlingsprogrammet for mål- og strategiar for vidaregåande opplæring «Fornye og forbetre –

⁷² I dette delkapittelet svarer vi på følgjande to problemstillingar: «I kva grad sikrar fylkeskommunen at lærlingar som av ulike årsaker har utfordringar i læretida, får den oppfølginga og hjelpa dei har rett på?» og «I kva grad bidrar fylkeskommunen, til dømes gjennom rettleiingstenesta, med støtte og oppfølging til lærlingar som står i fare for å ikkje fullføre læretida?»

⁷³ Vestland fylkeskommune. Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda 20.03.2023. Sak RS 1/2023.

⁷⁴ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding. Vidaregående opplæring. Skuleåret 2022/23.

auka gjennomføring» skulle rullerast for 2024, og som del av dette inngår dei åtte engasjementstillingane i rettleiingstenesta.⁷⁵

I intervju får revisjonen stadfestat at det har blitt oppretta åtte mellombels stillingar knytt til rettleiingstenesta. Dei to største rettleiingstenestene har fått tildelt to av desse stillingane kvar, medan dei fire andre har fått ei stilling kvar. Det blir opplyst i intervju at disse mellombels stillingane skal nyttast til oppfølging av førsteårlærlingar, og at rettleiingstenestene no arbeider systematisk med å besøke førsteårlærlingar ute i bedrift. Engasjementstillingane er finansiert ved bruk av statlege midlar frå Utdanningsdirektoratet, som skal nyttast til «Kvalifisering og formidling til lærelassar i vidaregåande opplæring».⁷⁶

I utlysinga til engasjementstillingane for rettleiingstenesta for Bergensområdet nord, står det at rettleiaren skal «Arbeide for at lærlingar i Vestland har eit trygt og godt opplæringsmiljø gjennom å:

- arbeide førebyggande for å sikre gjennomføring i vidaregåande opplæring i bedrift
- rettleie og følge opp lærlingar og lærebedrifter
- støtte og hjelpe læringar og lærebedrifter med utfordringar knytt til psykisk helse
- førebygge, fange opp og stoppe trakkassering/mobbing og legge til rette for gode og inkluderande opplæringsmiljø
- samhandle tverrfagleg⁷⁷

Rettleiingstenesta si oppfølging av lærlingar

Viss ein lærling har utfordringar i læretida, skal rettleiingstenesta kunne vere til hjelp og støtte for partane. I rettleiaren for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter⁷⁸ er det lista opp fleire ulike måtar rettleiingstenesta kan vere til støtte på, viss det skulle vere utfordringar i læretida. Rettleiingstenesta kan til dømes gi råd og rettleiing, undersøke forhold, ha samtale med lærlingen, leggje til rette for dialog, bygge relasjonar, delta som observatør og delta i utforming av individuell opplæringsplan for lærekandidat.

Som nemnd i kapittel 3.5.1 gir rettleiaren også forslag til korleis rettleiingstenesta bør prioritere besøk av lærebedrifter og lærlingar. I intervju blir det frå seksjon for kvalitet i opplæringa, som har utarbeidd denne rettleiaren, peika på at prioriteringane er basert på kor det er høgast risiko for fråfall, med grunnlag i erfaring og forsking. Det er rådgjevarar for opplæring i bedrift som gjennomfører bedriftsbesøka. I rettleiaren står det at rådgjevar skal kople på OT-rådgjevar om det er vurdert fare for avbrot.

I intervju med revisjonen blir dei nye engasjementstillingane i rettleiingstenesta trekt fram som eit viktig tiltak for å hindre fråfall, sjølv om det framleis er for tidleg til å kunne seie noko konkret om resultata av dette tiltaket. Viktigheita av det å kunne besøke bedrifter og lærlingar blir omtala av både opplæringskontor, rettleiingstenestene sjølv og områdeleiarane.

Dei ulike rettleiingstenestene har rigga måten dei nyttar desse engasjementstillingane på litt ulikt, men i hovudtrekk blir dei nyttar til å besøke førsteårlærlingar ute i bedrift. Føremålet med desse besøka er å jobbe førebyggjande, og kartlegge om det er behov for rettleiing eller tiltak tidleg i læretida. Gjennomgåande blir det vist til at både prioritieringslista og sjekklista blir brukt

⁷⁵ Vestland fylkeskommune. Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse. 13.03.2024.

⁷⁶Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/diverse-tilskudd-direkte-tildeling/#a177737>. Sist besøkt 10.09.2024.

⁷⁷ Vestland fylkeskommune. Utlysningstekst. «Vil du følgje opp lærlingar – 2 årig engasjement».

⁷⁸ Vestland fylkeskommune. Rettleiing Oppfølging av lærlingar og lærebedrifter. Godkjent 23.05.2023.

aktivt i samband med bedriftsbesøk. Sjølv om det er for tidleg å kunne sjå resultat frå dette arbeidet i fråfallsstatistikken, blir det peika på at det forventa at tettare oppfølging av førsteårslærlingar tidleg i læretida vil ha positiv verknad på fullføring av læretida.

I intervju med rettleiingstenestene blir det framheva at dei mellombels stillingane har vore veldig viktige for å styrke arbeidet med oppfølging av lærlingar og lærebedrifter. I prioritering av mange ulike oppgåver for rettleiingstenesta, vil besøk ute i bedrift ofte bli nedprioritert fordi det er ressurskrevjande. Dei ekstra stillingane har gjort at rettleiingstenesta kan prioritere besøk i bedrift mykje høgare, og dei ser at dette kan hjelpe dei å løyse utfordringar hjå lærlingar og lærebedrifter på eit tidleg stadium. Det er samtidig knytt noko uro til at desse stillingane er midlertidige.

I intervju nemner og rettleiingstenesta at fylkeskommunen har hatt eit pilotprosjekt med kurs om psykisk helse for dei tilsette i rettleiingstenesta. Dette blir nemnt som eit viktig tiltak for å førebyggje fråfall, då ein del av fråfallet bland lærlingane handlar om psykisk helse. Kurset førebur rådgjevarane i rettleiingstenesta på å vere i dialog med og vere støttespelar for lærlingar med ulike utfordringar, og for å kunne halde kurset sjølv for faglege leiarar. Fylkeskommunen opplyser at dette kurset og er gjort tilgjengelig for faglege leiarar og instruktørar, og kurset blir vidareført på fysiske samlingar for dei.

Samarbeid mellom rettleiingstenesta og opplæringskontor

I intervju med rettleiingstenesta fortel dei at dei i tillegg til mellom anna kontakt med skulane og bedriftsbesøk, også deltek på opplæringskontora sine lærlingsamlingar. Desse finn typisk stad i starten av læretida. For dei lærlingane som ikkje er del av eit opplæringskontor, arrangerer rettleiingstenesta eigne lærlingsamlingar. På desse samlingane gir rettleiingstenesta informasjon om lærlingane sine rettar og plikter, og gir informasjon om kven lærlingane kan kontakte viss dei har utfordringar.

Fleire opplæringskontor stadfestar i intervju at rettleiingstenesta er ein viktig samarbeidspartner viss det er lærlingar som har utfordringar i læretida. Opplæringskontora fortel at dei opplever rettleiingstenesta som tilgjengeleg og lite byråkratisk, og at dei bidreg mellom anna med å koordinere arbeidet rundt ein lærling som har utfordringar. Dei påpeiker i intervju at det er viktig å involvere rettleiingstenesta tidleg viss det er ein lærling som har, eller kan få, utfordringar, slik at dei tidleg kan kartleggje moglegheiter og løysingar. Samstundes fortel fleire av opplæringskontora at dei ikkje koplar på rettleiingstenesta i alle saker der ein lærling har utfordringar. I mange tilfelle løyser opplæringskontora utfordringa saman med lærebedrifta og lærlingen, utan å kople inn rettleiingstenesta. Fleire opplæringskontor fortel i intervju at dei først koplar på rettleiingstenesta i saker som dei har utfordringar med å løyse sjølv.

Rettleiingstenesta fortel i intervju at dei også får mange førespurnadar direkte frå lærebedrifter om ting som ikkje fungerer under læretida, og nokre av desse gjeld utfordringar knytt til lærlingen. I likheit med opplæringskontora understrekar dei kor viktig det er at rettleiingstenesta blir kopla på tidleg viss ein lærling har utfordringar. Dette er viktig for at dei skal kunne rettleie og kome med forslag til løysingar tidleg nok til at dei kan unngå heving av lærekontrakten. Rettleiingstenesta opplever i nokre tilfelle at dei koplast på i sakar med utfordringar for seint, og at det då er vanskeleg å kome inn med rettleiing og forslag til løysingar. Dei har òg opplevd å bli orientert først etter kontrakten har blitt heva. Det blir kommentert at viss hevinga skuldast at det har vore utfordringar i læretida, er dette uheldig. Rettleiingstenesta påpeiker samstundes at ikkje all heving av kontrakt er problematisk. Heving av lærekontrakt

kan skuldast feilval frå lærlingen si side, endring i livssituasjon for lærlingen sin del eller at lærlingen skal flytte til eit anna fylke.

Rettleiing frå psykolog

I intervju med ei rettleiingsteneste fortel dei at det tidlegare var seks psykologstillingar i rettleiingstenesta i Vestland. Ei av desse var tilknytt lærlingane. Dette er no redusert til 2,5 psykologstillingar. Rettleiingstenesta fortel i intervju at fleire opplæringskontor og større lærebodrifter har gitt uttrykk for at dei saknar desse stillingane, og at dei merkar at dei er tekne bort.

Fleire opplæringskontor fortel i intervju at dei saknar dette psykologtilbodet frå fylkeskommunen. Dei fortel at med det tidlegare tilboden, kunne lærebodrifter og opplæringskontor få rettleiing frå nokon med psykologkompetanse viss det til dømes var ein lærling som hadde utfordringar med psykisk helse. Dei melder ikkje om ønskje om eit behandlingstilbod, men meir ein rådgjevande teneste som kan rettleie i kva tiltak som kane vere aktuelle.

Dette har og elev- og lærlingombodet merka seg i årsmeldinga si for skuleåret 2022/2023. Dei skriv at

Fleire opplæringskontor fortel at dei saknar psykologisk hjelp til lærlingane, og fortel om eit stort behov som dei opplever står udekt. Dei fortel at dei ikkje klarer å tilby den hjelpe lærlingen har behov for, og at dei blir ståande åleine i situasjonen. Nokre fortel om erfaringar frå tidlegare år, der dei har opplevd god hjelp med psykolog gjennom rettleiingstenesta, og at dette no har vorte vanskelegare og mindre tilgjengeleg. Dette har vore etterlyst til elev- og lærlingombodet ved fleire høve, som ei viktig hjelp på veg mot fullføring for lærlingane. Konsekvensane av å ikkje få hjelp kan bli store for både den enkelte ungdom og for samfunnet.⁷⁹

I intervju med områdeleiarane kjem det fram at det er fleire årsaker til at talet psykologar har blitt redusert. Dette skuldast til dels at det har vore utfordringar med rekrutteringa av psykologar, og at stillingane har hatt høg turnover. Det har og vore ei utfordring at psykologar tilsett i fylkeskommunen har hamna i ei gråsone mellom fylkeskommunale og kommunale tenester, sidan psykologtenester skal vere del av skulehelsetenesta, som er ei kommunal teneste. Det var og slik at psykologtenestene var eit tilbod i gamle Hordaland fylkeskommune, medan gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune satsa meir på miljøkoordinatorar. Etter fylkessamanslåinga har dei i Vestland fylkeskommune halde fram med satsinga på miljøkoordinatorar i skulane, framfor å halde på psykologtenesta.

Elev- og lærlingombodet si rolle og erfaring

I Vestland fylkeskommune er det to elev- og lærlingombod⁸⁰. I elev- og lærlingombodet sitt mandat⁸¹ står det at

Elev- og lærlingombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal kome i kontakt med. Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivaretakne rettane sine.

Ombodet arbeider for at alle elevar og lærlingar skal få ei rettferdig behandling etter lov, forskrift og fylkeskommunalt regelverk, og er ein pådrivar for at skular og opplæringsinstitusjonar følgjer dei retningslinjer og lover som omhandlar elevar og lærlingar sine rettar. Ombodet skal samarbeide med alle

⁷⁹ Vestland fylkeskommune. Årsrapport frå elev- og lærlingombodet. For skuleåret 2022/2023.

⁸⁰ På tidspunktet revisjonen blei gjennomført, var det berre ein person tilsett som elev- og lærlingombod i Vestland fylkeskommune, men det var ein pågående prosess for å auke til to personar igjen.

⁸¹ [Elev- og lærlingombodet - Vestland fylkeskommune](#). Sist besøkt 09.08.2024.

partar i vidaregåande opplæring for å minne dei ansvarlege på at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad.

I årsrapporten til elev- og lærlingombodet for skuleåret 2022-2023⁸² står det at dei fekk 280 førespurnader, kor 104 kom frå lærlingar. Det står vidare at nokre av førespurnadene dei får frå lærlingar kan svarast ut ved første kontakt. Dette gjeld til dømes viss lærlingen har spørsmål kring rettar og plikter, eller praktiske spørsmål rundt gjennomføring av læretida. Andre saker er derimot meir komplekse, og det er behov for meir støtte og rettleiing, samt i ein del tilfelle møte med involverte partar for å prøve å finne løysingar.

På elev- og lærlingombodet sin nettside, finn ein ei lenke med "Meir informasjon til deg som er lærling". På denne sida finn ein nyttig informasjon om rettane ein har som lærling, og kva ein kan gjere viss ein slit som lærling. Biletet til høgre viser korleis informasjonen er organisert på nettsida.

I intervju med elev- og lærlingombodet kjem det fram at ombodet meiner at det kan gjerast enno meir for å sørge for at elev- og lærlingombodet er kjend bland lærlingane, og dermed kome i posisjon til å bistå fleire lærlingar. Det er ein plan om at ombodet i tida framover skal gjennomføre fleire skolebesøk og delta på fleire lærlingsamlingar, og dermed bidra til at fleire får vite at ombodet finst. I intervju med eit utval lærlingar i samband med revisjonen, kjem det fram at dei færreste har høyrt om elev- og lærlingombodet. Dei fleste har heller ikkje høyrt om rettleiingstenesta, og frå lærlingane si side blir det opplyst at dei i hovudsak ville ha kontakta nokon i lærebedrifta eller opplæringskontoret viss dei har utfordringar som dei treng hjelp til å løyse.

Handlingsplan mot trakkassering og mobbing av lærlingar og lærekandidatar

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein handlingsplan mot trakkassering og mobbing av lærlingar og lærekandidatar⁸³. Føremålet med handlingsplanen mot trakkassering og mobbing av lærlingar, er å førebyggje, fange opp og stoppe trakkassering og mobbing.

Fra handlingsplanen fremgår det at fylkeskommunen si rolle i saker som gjeld trakkassering og mobbing er å ivareta lærlingen gjennom rettleiing til lærling og lærebedrift. Det er rettleiingstenesta som har ansvaret for å følgje opp desse sakene. I følgje handlingsplanen skal rettleiingstenesta ha samtale med lærlingen og gi informasjon, oppfølging og råd om kva steg ein bør ta vidare. Rettleiingstenesta skal rå den som opplever trakkassering eller mobbing om å melde ifrå til arbeidsgjevar, og skal tilby seg å være med på samtalene og møter med arbeidsgjevar. Vidare skal rettleiingstenesta vurdere i samråd med lærlingen om Arbeidstilsynet

⁸² Vestland fylkeskommune. Årsrapport frå elev- og lærlingombodet. For skuleåret 2022-2023.

⁸³ Vestland fylkeskommune. Prosedyre Handlingsplan mot trakkassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar. Godkjent dato 12.01.2023.

bør varslast. Om lærlingen ikkje ønskjer at saka skal bli tatt opp med lærebedrifta eller trekkjer klagen, går det fram av handlingsplanen at rettleiingstenesta likevel bør følgje opp lærlingen etter ein til to veker for å sjekke om lærlingen får hjelp og om lærlingen har eit nettverk rundt seg.

I handlingsplanen er Fylkeskommunen sine arenaer for å førebyggje, forhindre og fange opp trakkassering og mobbing av lærlingar lista opp. Her er det nemnt samtale med lærling, bedriftsbesøk, kurs for faglege leiarar og instruktørar, lærling-/lærebedriftsundersøkinga, lærlingsamlingar, kvalitetsdialog med opplæringskontor og arbeid frå elev- og lærlingombodet.

5.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at styrkinga av rettleiingstenesta gjennom åtte mellombels stillingar har vore sentral for fylkeskommunen sitt arbeid med å følgje opp lærlingar. Det er revisjonen si vurdering at arbeidet med å følgje opp lærlingar og lærebedrifter synast å ha blitt tydeleg styrka det siste året, gjennom systematiske bedriftsbesøk der førsteårslærlingane blir prioritert. Dette gjer at fylkeskommunen ved rettleiingstenesta no er i betre posisjon enn før til å avdekke utfordringar og risikoar på eit tidleg tidspunkt. Det at fylkeskommunen blir gjort kjent med utfordringar og eventuelle risikoar for fråfall, er ein føresetnad for at tiltak kan bli sett inn. Tiltak kan både dreie seg om rettleiing, oppfølging og tiltak retta mot lærlingen, og om behov for rettleiing retta mot lærebedrifta. Konkrete tiltak blir ytterlegare skildra i kapittel 5.5. Arbeidet med å besøke bedrifter og lærlingar er også nært knytt saman med, og viktig for, rettleiingstenesta si oppfølging av handlingsplanen mot mobbing og trakkassering. Samtidig merkar revisjonen seg bekymringa som blir uttrykt i samband med at dei åtte stillingane er mellombels, og vil understreke viktigeita av at fylkeskommunen sikrar tilstrekkeleg kapasitet til denne typen oppfølging også framover, dersom dette er tiltak som viser seg å ha effekt.

Det er ikkje alle bedrifter eller alle lærlingar som får besøk av rettleiingstenesta, og det er difor positivt at rettleiingstenesta både har eigne lærlingsamlingar og deltar på samlingar som opplæringskontora arrangerer. Her kan dei informere om si eiga rolle, slik at lærlingar sjølv kan ta kontakt med dei ved behov. Likevel viser intervjuet som er gjennomført med lærlingar at veldig få har hørt om rettleiingstenesta. Ved utfordringar som lærlingen ikkje ønskjer å ta opp direkte med bedrifta eller opplæringskontoret, er det viktig at det er tydeleg kven andre som kan kontaktast. Etter revisjonen si mening er difor arbeidet med å synleggjere rettleiingstenesta og deira rolle, og å tydeleggjere kven som kan kontaktast i kva tilfelle, viktig også framover.

Ein annan aktør som har ei viktig rolle i å bistå lærlingar når dei har spørsmål eller opplever utfordringar av ulikt slag, er elev- og lærlingombodet. Heller ikkje elev- og lærlingombodet synast å vere godt kjent blant lærlingane, noko som også blir stadfesta av ombodet sjølv. Det er difor positivt at ombodet har planar om å fokusere på utadretta aktivitet framover, som kan bidra til at ombodet blir ein aktør som fleire veit om.

5.5 Bruk av fullføringsmidlar og andre tiltak for å auke fullføringa

5.5.1 Datagrunnlag


Behov for tiltak for å auke fullføringa

I kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring for skuleåret 2022/2023, har Vestland fylkeskommune rapportert om tilstanden i opplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.⁸⁴ I rapporten finn ein mellom anna statistikk over kor mange som sluttar i eit skuleår.

Ser ein på statistikken for 2022/2023, ser ein at det er langt fleire som sluttar i enkelte yrkesfag, samanlikna med til dømes idrettsfag og studiespesialisering.

Figur 5: Sluttarar fordelt på utdanningsprogram, skuleåret 2022/2023

Sluttarar fordelt på utdanningsprogram, skuleåret 2022/23



Figur 9. Prosent sluttarar, fordelt på utdanningsprogram Kjelde: Qlik Sense.

Kjelde: Vestland fylkeskommune si kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring, skuleåret 2022/2023.

Som denne statistikken viser, er det variasjon mellom prosent som sluttar og utdanningsprogram, og nokre yrkesfaglege utdanningsprogram utpeiker seg. Høgast tal i prosent som sluttar er det i utdanningsprogramma Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign, og Handverk, design og produktutvikling. Her er det og verd å merke seg at dette er relativt små fag med få elevar. Det er derfor ikkje snakk om eit høgt tal som sluttar, og kvar elev/lærling som sluttar får større prosentvis utslag enn i dei store faga.

I kvalitetsmeldinga skriv Vestland fylkeskommune vidare at dei «har eit mål om at 90% av ungdomane i vidaregåande opplæring skal fullføre opplæringa innan 2030.»⁸⁵

Det er skildra ei rekke tiltak som er iverksett for å nå dette målet, inkludert samarbeid med Nav og kommunedialog. Desse tiltaka er beskrive i avsnitta under.

Samarbeid med NAV

I kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring for skuleåret 2022/2023 skriv Vestland fylkeskommune at det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Nav Vestland og Vestland fylkeskommune om unge med lovfesta rett til vidaregåande opplæring. Dei skriv vidare at

⁸⁴ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding. Vidaregåande opplæring. Skuleåret 2022/2023.

⁸⁵ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding Vidaregåande opplæring 2022/23. Side 24.

«Bakgrunn for avtalen er at Nav Vestland og Vestland fylkeskommune samarbeider for å auke gjennomføring i vidaregåande opplæring og redusere tal på ungdom som står utanfor opplæring eller arbeid.»⁸⁶

Avtala skal mellom anna systematisere samarbeidet mellom Nav og Vestland fylkeskommune for arbeid med ungdom som står i fare for å slutte på skulen eller i lære, og gi oversikt over dei ulike ansvarsområda. Avtalen skal sikre rask kontakt med Nav for ungdom som kan ha behov for tilpassa innsats. I kvalitetsmeldinga går det fram at

Kvar Nav-region har eit samarbeidsutval som legg til rette for minimum to møte i året mellom Nav, rettleiingstenesta og dei vidaregåande skulane. Dette for å sikre ei felles forståing av samarbeid og rutinar, vurdere behov for avklaringar, tolking av innhaldet og eventuelle spørsmål frå partane om avtalen.⁸⁷

I intervju med rettleiingstenesta fortel dei at dei har fast samarbeid med dei Nav-kontora som har same geografiske nedslagsfelt som dei sjølv. Dei beskriv ein samarbeidsmodell kor rettleiingstenesta kan melde inn saker til Nav, og at dei har faste møte, i tillegg til møte ved behov. Rettleiingstenesta og Nav har tosidig høve til å bestille møte med samarbeidsparten. I møte mellom Nav, rettleiingstenesta og ungdommen stiller anten rådgjevar innan oppfølgingstenesta eller opplæring i bedrift frå rettleiingstenesta si side. Dei fortel at dette er eit samarbeid som fungerer veldig godt.

Kommunedialog

Vestland fylkeskommune har fast dialog med kommunane om arbeidet for å nå måla om fullføring.⁸⁸ Tabellen til høgre visar

korleis denne dialogen var organisert Figur 6: Kommunedialog

mellan Vestland fylkeskommune og kommunalsjefar/etatsleiarar per skuleåret 2022/2023. Tabellen er henta frå Vestland fylkeskommune si kvalitetsmelding for skuleåret 2022/2023. Fylkeskommunen skriv i kvalitetsmeldinga at bakrunnen for dialogen er at kommunane legg grunnlaget for at ungdommar skal vere kvalifisert til eit vidare opplæringsløp i vidaregåande opplæring, og dette betyr at det er behov for samarbeid mellom kommune og fylkeskommune for å nå måla om auka fullføring i vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen skriv at det er behov for å tenkje nytt om ungdom som sluttar og fell utanfor skule og arbeid, og at viktige tema for kommunedialogen derfor er

- Overgangane i opplæringsløpet - med særleg vekt på overgang frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring og på yrkesfaga

Område Sogn	Kommunar	Vidaregåande skular
Sunnfjord	Vik, Sogndal; Aurland, Lærdal, Årdal og Luster	Sogndal og Årdal
Hafs	Sunnfjord, Kinn sør og Høyanger	Flora og Høyanger
Nordfjord	Solund, Hyllestad; Askvoll, Fjaler	Dale
Nordhordland	Stad, Stryn; Gloppen; Kinn nord, Bremanger	Eid, Stryn, Firda, Målo
Hardanger/ Voss	Alver; Austrheim; Fedje; Masfjorden; Modalen, Osterøy og Gulen	Austrheim og Knarvik
Sunnhordland	Voss; Ulvik, Eidfjord; Ullensvang, Kvam,	Odda, Voss ygg , Voss gymnas og Kvam
Midthordland	FOS-kommunane: Bømlo, Etne; Fitjar; Kvinnherad; Stord, Tysnes og Sveio	Bømlo; Fitjar, Stord; Kvinnherad, Austevoll
Ytre Midthordland/ Øygarden og Askøy	Bjørnafjorden, Fusa, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Austevoll	Os, Fusa, Austevoll
Bergen	Øygarden og Askøy	Sotra, Askøy
	Bergen	Slåtthaug, Årstad, Amalie Skram, Nordahl G, Langhaugen, Sandsli, Stend; Laksevåg og B katedralskule, Åsane, Fyllingsdalen, Tertnes

⁸⁶ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding Vidaregående opplæring 2022/23. Side 17

⁸⁷ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding Vidaregående opplæring 2022/23. Side 17

⁸⁸ Vestland fylkeskommune. Kvalitetsmelding vidaregående opplæring. Skuleåret 2022/2023.

- Dei fleirkulturelle / minoritetsspråklege
- Ungdom under 25 år utanfor opplæring og arbeid
- Vaksne med fullføringsrett
- Karriererettleiing

Fullføringsmidlar

Kunnskapsdepartementet har i 2022, 2023 og 2024 løyvd midlar til fylkeskommunane i Noreg til formidling og kvalifisering til lærepllassar i vidaregåande opplæring⁸⁹ (jf. Prop. 1 S (2023–2024) og Innst. 12 S (2023–2024). I tilskotsbrevet går det fram at dette tilskotet skal bidra til

å forbedre opplæringen fram til lærepllass og for å forsterke oppfølgingen av eleven ute i bedrift. Tilskuddet kan også brukes på tiltak som produksjonsskoler og andre alternative opplæringsarenaer. Fylkeskommunen skal særleg prioritere å få elever i alternativ vg3 i skole tidlig ut til relevante praksisplasser, med mål om fast læreplass.⁹⁰

Vestland fylkeskommune har nytta dette tilskotet til mellom anna å lyse ut fullføringsmidlar for lærlingar og lærekandidatar. Vestland fylkeskommune ønskjer å auke gjennomføringa for lærlingar i læreforhold og for dei som ventar på lærepllass, og fullføringsmidlar er eit av verkemidlane som blir nytta for å nå dette målet. Ifølgje fylkeskommunen skal midlane gi "søkjrarar til opplæring i bedrift mogelegheit til å få ein lærekontrakt. Lærlingar og lærekandidatar som står i fare for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring, skal kunne få støtte til å oppnå fagutdanninga si eller delar av ei fagutdanning".⁹¹

Bedrifter kan søkje midlar til utprøving i bedrift; tiltak som styrkar opplæringa der det er behov for det for å nå læreplanmåla; ekstra personalressurs; utvida opplæringstid; overtaking av opplæringsansvar frå andre lærebedrifter; og til ein kombinasjon av dei nemnte tiltaka. Bedrifter kan få tidelt inntil 50 000 kr ved søknad om midlar til utprøving i bedrift, utvida opplæringstid eller andre tiltak for å oppnå læreplanmåla, og inntil 75 000 kr ved søknad om ekstra personalressurs.

Vestland fylkeskommune har utarbeida ein prosedyre for "Fullføringsmidlar for lærlingar og lærekandidatar". Rutinen gjeld for rettleiingstenesta, og rettleiingstenesta behandlar søknader om fullføringsmidlar. Rutinen legg opp til at det først skal vere dialog mellom rettleiingstenesta, lærebedrift og lærling eller lærekandidat. I denne dialogen skal ein først hente inn samtykke frå lærlingen, deretter avklare kva midlane skal brukast til, avklare kva planen for opplæringa er og gi rettleiing for korleis opplæringa kan gjennomførast, og avklare om lærlingen får andre tilskot.⁹² Rutinen gir og forslag til aktuelle spørsmål for dialog. Etter dialog kan det søkast om fullføringsmidlar. Søknadsskjema ligg på nettsida til Vestland fylkeskommune. Det er ikkje søknadsfrist for å söke fullføringsmidlar, og søknadar blir behandla fortløpande.

I vurdering av søknadar skal søknadar som gjeld førsteårslærlingar eller søkerar til lærepllass med formidlingsutfordringar bli prioritert. Søknadsbehandlarar drøftar tverrfagleg, og vurderer søknaden i samanheng med informasjon frå dialog med bedrifta/lærlingen.

Lærebedrifta skal rapportere til fylkeskommunen innan 3 månadar etter perioden det er sökt om midlar, og saksbehandlar i rettleiingstenesta skal vurdere om det er behov for å følgje opp bedrift og lærling ytterlegare.

⁸⁹ Kunnskapsdepartementet. Tildelingsbrev ftil Utdanningsdirektoratet for 2024.

⁹⁰ Kunnskapsdepartementet. Tillegg nr. 8 til tildelingsbrev til Udir for 2022 med oppdrag 2022-019 om tilskudd til kvalifisering og formidling til læreplasser i vidaregående opplæring. 05.04.2022.

⁹¹ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/lærling/larebedrift/fullforingsmidlar/> sist besøkt 24.09.2024.

⁹² Vestland fylkeskommune. Prosedyre Fullføringsmidlar for lærlingar og lærekandidatar. Godkjent 03.11.2023.

I intervju viser rettleiingstenesta til at dialog med bedrift og lærling i forkant av søknad er viktig. Det blir opplyst at rettleiingstenesta informerer om høve til å søkje fullføringsmidlar til dømes på lærlingsamlingar og i samband med kurs for fagleg leiar. Det førekjem også at rettleiingstenesta anbefaler bruk av fullføringsmidlar i møte med bedrift og opplæringskontor, viss dei ser at det kan vere behov for ekstra tilrettelegging for ein lærling. Rettleiingstenestene fortel i intervju at dei forsøker å fordele midlane utover året, sidan søknadar skal behandlast fortløpande, og det ikkje er frist for å søkje. Sidan dei ikkje veit kor mange som kjem til å søkje kvart år, kan det vere utfordrande å planlegge denne fordelinga nøyaktig.

Fleire av rettleiingstenestene fortel i intervju at dei har hatt midlar til overs ved slutten av året. Ramma blir opplevd som tilstrekkeleg, og det blir kommentert at alle kvalifiserte søkerar har fått tildelt midlar. Ei rettleiingsteneste fortel at alle bedrifter og opplæringskontor som søkte om midlar i 2023 fekk innvilga søknaden sin, medan andre rettleiingstenester fortel at dei får fleire søknadar enn dei kan innvilge, men at ikkje alle søkerar oppfyller krava for å få tilskot, og ikkje alle får tildelt like mykje midlar som dei søker om.

Rettleiingstenestene ser at nokre bedrifter og opplæringskontor søker meir enn andre, til dømes utpeiker store opplæringskontor seg. Ei rettleiingsteneste føreslår at informasjon om fullføringsmidlar kunne vore lagt til som tema i sjekklista for samtale med bedrift og lærling. I rutinen for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter⁹³ ligg ikkje dette inne som eit tema per no.

Alle opplæringskontora som er intervjuia i samband med revisjonen har erfaring med bruk av fullføringsmidlar. I intervju gir dei tilbakemelding om at fullføringsmidlar er svært nyttige. Dei opplever tilskotet som meir fleksibel no enn tidlegare, noko dei peiker på som positivt. Til dømes er det høve til å nytte midlane til fleire ulike tiltak no enn før, blir det kommentert, og ein kan søker om midlar fleire gonger i året. Saksbehandlingstida opplevast og som kort, noko som er positivt. Eit opplæringskontor har erfart at ikkje alle søkerar har blitt innvilga, og meiner at ramma gjerne kunne vore større for å dekka behova.

Andre tiltak

Frå Vestland fylkeskommune blir det vist til fleire andre tiltak som også har som føremål å auke fullføringa i vidaregåande opplæring, og som særleg omhandlar lærlingar. Blant desse er lærepllassrekneskapen (sjå omtale i kapittel 4.4.1) og dei åtte mellombels stillingane i rettleiingstenesta (sjå nærmare omtale i kapittel 3.4.1 og 5.4.1).

5.5.2 Vurdering

Undersøkinga viser at Fylkeskommunen har fleire tiltak for å auke fullføringa hjå lærlingar. Desse inkluderer kommunedialog, samarbeid med NAV, styrking av rettleiingstenesta, lærepllassrekneskapen og fullføringsmidlar. Revisjonen ser det som positivt at fylkeskommunen har iverksett fleire ulike tiltak for å auke fullføringa, då mellom anna Fullføringsreforma peikar på at årsakene til at fullføringa er for låg på yrkesfaglege utdanningsprogram er samansett. Dette inneber at det ofte kan vere behov for ulike tiltak å velje mellom.

I intervju med opplæringskontora blir særleg fullføringsmidlar peika på som eit viktig tiltak med gode resultat. Revisjonen har merka seg at opplæringskontora ser det som positivt at midlane er fleksible i kva dei kan brukast til, og at sakshandsamingstida er relativt kort. Sistnemnte er særleg viktig då det gjerne kan haste å få iverksett tiltak viss ein lærling er i fare for å avslutte læretida.

⁹³ Vestland fylkeskommune. Rettleiing Oppfølging av lærlingar og lærebedrifter. Godkjent dato 23.05.2023.

I samband med revisjonen har særleg rettleiingstenesta, og dei åtte engasjementstillingane med ansvar for å følgje opp førsteårslærlingar, blitt vist til som eit viktig, førebyggjande tiltak for å hindre fråfall. Revisjonen viser her til vurderinga i 5.4.2 og bekymringa rundt at desse stillingane er midlertidige. Revisjonen vil igjen understreke viktigheita av at fylkeskommunen sikrar tilstrekkeleg kapasitet til denne typen førebyggjande arbeid, dersom dette er tiltak som viser seg å ha effekt.

6 Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Vestland fylkeskommune har ei rekke gode system og rutinar på plass knytt til arbeidet med fagopplæring og lærlingordninga, og at dette arbeidet har blitt ytterlegare styrka dei siste åra. Samtidig viser undersøkinga at fylkeskommunen har nokre forbetringspunkt når det gjeld systematisering av arbeidet på enkelte område.

Vestland fylkeskommune har slik revisjonen vurderer det etablert føremålstenlege arenaar for dialog og samarbeid med opplæringskontora. Revisjonen vil likevel presisere viktigheita av at det blir etablert ein fast struktur for kvalitetsdialogen framover, slik at ein sikrar systematikk og føreseielegheit i denne delen av samhandlinga. Det kan også vere behov for ei tydeleggjering ut mot samarbeidspartar når det gjeld ansvars- og rolledeelinga internt i fylkeskommunen knytt til fagopplæringa og lærlingeordninga.

Det er vidare utarbeidd gode rutinar for godkjenning av lærebedrifter, men revisjonen meiner rutinane ikkje i tilstrekkeleg grad tydeleggjer yrkesopplæringsnemnda si rolle i godkjenningsprosessen. Det kan sjå ut til at yrkesopplæringsnemnda har ei mindre sentral rolle enn det opplæringslova legg opp til, og revisjonen meiner det er behov for ytterlegare tydeleggjering av roller og ansvar i godkjenningsprosessen.

Fylkeskommunen har etablert rutinar for arbeidet med rettleiing av lærebedrifter. Rettleiingstenesta har det siste året arbeidd systematisk med gjennomføring av bedriftsbesøk, i samband med tilsetting av nye rettleiilarar som skal jobbe særskilt med dette. Det er utarbeidd både rutinar og sjekklister til bruk i samband med bedriftsbesøka, noko som bidrar til å sikre systematikk i arbeidet og leggje til rette for at manglar og behov for vidare oppfølging blir avdekka. Revisjonen vil likevel påpeike at stillingane i rettleiingstenesta som har gjort det mogleg å jobbe systematisk med oppfølging av lærebedrifter og lærlingar, er mellombels. Dette medfører ein risiko for at denne systematiske oppfølginga ikkje blir vidareført når desse engasjementa skal avsluttast.

Vidare viser undersøkinga at det samla sett er iverksett ei rekke ulike aktivitetar som bidrar til å sikre at elevar som skal ut i lære får tilgang på naudsynt rådgjeving og informasjon knytt til overgangen frå skule til lære. Fylkeskommunen vektlegg mellom anna praksis i bedrift som ein del av faget YFF. Samtidig viser undersøkinga at det er mange aktørar involvert i desse prosessane, og at det i liten grad finst skriftlege rutinar som skildrar ansvaret for rådgjeving generelt eller i samband med overgangen frå skule til lære spesielt. Revisjonen meiner at dette medfører ein viss risiko for at elevar som skal ut i lære ikkje får det tilbodet om rådgjeving og informasjon som dei treng.

Fylkeskommunen har etter revisjonen si vurdering etablert føremålstenlege system og arenaer som sikrar dialog med arbeids- og nærlingslivet, skular og andre aktørar i samband med vurderingar knytt til dimensjonering av tilbodet om vidaregåande opplæring, under dette behov for læreplassar. I arbeidet med å skaffe læreplassar er det dei seinare åra gjort grep som bidrar til auka systematikk og tydelegare ansvarsdeling. Undersøkinga viser også ei positiv utvikling når det gjeld prosentdel sokjarar som får læreplass. Innanfor nokre fag er likevel utfordringane større enn andre, og det er viktig at fylkeskommunen og samarbeidspartane held fram med eit systematisk arbeid for å sikre at alle som er kvalifisert for læreplass får dette.

Det er etablert system som sikrar at skulane på eit tidleg tidspunkt veit om elevar som kan ha behov for ekstra oppfølging og tiltak for å kome ut i lære, og fylkeskommunen har etablert tydelege system og rutinar for å sikre at dei som ikkje får lærepllass får tilbod om vg3 i skule. Fylkeskommunen er samtidig tydeleg på at målet skal vere å få elevane ut i lære, framfor alternativ vg3 i skule, noko som er i samsvar med føringane i ny opplæringslov med forarbeider.

Revisjonen vurderer det som positivt at fylkeskommunen nyleg har utarbeidd eit nytt, modulbasert kurs retta mot lærlingar og lærekandidatar, slik at dei får tilpassa informasjon utifrå kor dei er i læreløpet. Det er samtidig viktig at kurset blir fortløpende evaluert og eventuelt justert ved behov, etter kvart som dei ulike modulane blir tatt i bruk. Når det gjeld informasjon til lærlingar og bedrifter om tilpassa opplæring og eventuell rett til individuell tilrettelegging, blir det gitt informasjon både gjennom nettsida til fylkeskommunen og gjennom andre kanalar. Revisjonen meiner likevel at dette arbeidet med fordel kan systematiserast ytterlegare, slik at ein sikrar at alle får relevant informasjon. På aktuelle nettsider vil det til dømes vere ein føremon om det blir informert om retten til tilpassa opplæring. I tillegg vil revisjonen presisere viktigeita av at informasjon på nettsidene til fylkeskommunen blir justert i medhald av ny opplæringslov, slik at ein sikrar at bruken av ulike omgrep samsvarar med gjeldande lov.

Arbeidet med å følgje opp lærlingar og lærebedrifter synast samla sett å ha blitt tydeleg styrka det siste året, gjennom systematiske bedriftsbesøk der førsteårslærlingane blir prioritert. Undersøkinga viser også at fylkeskommunen har fleire tiltak for å auke fullføringa hjå lærlingar. Desse inkluderer kommunedialog, samarbeid med NAV, styrking av rettleiingstenesta, læreplassrekneskapen og fullføringsmidlar. Dei siste åra har det også vore ei positiv utvikling i prosentdel sokjarar som får lærepllass.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Vestland fylkeskommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Sikrar at ansvars- og rolledeelinga internt i fylkeskommunen knytt til fagopplæring og lærlingordninga blir kommunisert tydeleg ut til relevante samarbeidspartar.
2. Sørgjer for at det blir etablert ein fast struktur for kvalitetsdialogen med opplæringskontor/samarbeidsorgan, slik at ein sikrar systematikk og føreseielegeheit i desse prosessane.
3. Sikrar at rutinen for godkjenning av lærebedrifter tydeleggjer ansvar og roller i godkjenningsprosessen, under dette sikrar at krav i opplæringslova blir ivaretake når det gjeld yrkesopplæringsnemnda si rolle.
4. Sikrar at informasjon og rutinar som er relevante for fagopplæring og lærlingordninga snarast blir oppdaterte i samsvar med ny opplæringslov (til dømes rutinar for godkjenning av opplæringskontor og informasjon om individuell tilrettelegging).
5. Vurderer å iverksette tiltak for auka systematisering av arbeidet med å ivareta retten til rådgjeving generelt og å sikre relevant rådgjeving og informasjon til dei som skal ut i lære spesielt, slik at ein reduserer risikoen for at elevar ikkje får det tilbodet om rådgjeving og informasjon som dei treng.
6. Vurderer å etablere ytterlegare system for å leggje til rette for erfaringsdeling og læring på tvers av skulane når det gjeld arbeidet med elevar som har utfordringar med å få lærepllass.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



Vestland
fylkeskommune

Deloitte
v/ Line Margrete Johansen

Avdeling for
Opplæring og kompetanse (OPK)

Dato	20.10.2024
Vår referanse	2023/87187-15
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Dagfinn Henjum Sværen
E-post	Dagfinn.Henjum.Sveren@vlfk.no
Telefon	97637863

Ikkje offentlegjf. offl. § 5 2. ledd, utsatt innsyn

Høyringsuttale - forvaltningsrevisjon av fagopplæring og lærlingeordninga i Vestland fylkeskommune

Fylkesdirektøren viser til rapportutkast til høyring for «Forvaltningsrevisjonen av fagopplæring og lærlingeordninga i Vestland fylkeskommune», motteke på e-post dagsett 04.10.2024.

I dette brevet fylgjer fylkesdirektøren sin høyringsuttale til rapporten. Vi har lese gjennom rapportutkastet og merka oss at innspela frå verifiseringsrunden er tekne med.

Generelle merknader

Vi merkar oss at rapporten framhevar ei positiv utvikling i arbeidet med fagopplæring og lærlingeordninga i fylkeskommunen. Samtidig tek vi til vitande at revisjonen viser at det må jobbast vidare med utbetring av system og rutinar.

Revisjonen har vist breidde i sin gjennomgang som dekkar området på ein god måte. Samstundes vil det i ein revisjon bli gjort utval som medfører at ein konkretiserer enkelttilhøve framfor andre. Det er likevel vår oppfatning at revisor i dette høvet har gitt eit godt bilet av situasjonen.

Merknader til føreslegne tiltak

Revisjonen med oppfølgingspunkt gir gode og nyttige innspel til vidare arbeid på området. Delar av tiltaka som er føreslegne, er allereie i gang.

Fylkesdirektøren er samd med revisjonen som omhandlar fagopplæringa og lærlingeordninga.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesdirektør
Fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør
Opplæring og kompetanse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Innleiing

Revisjonskriteria er henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Fylkeskommunen sitt ansvar for fagopplæringa og lærlingordninga er heimla i opplæringslova og forskrift til opplæringslova. I tillegg er det gitt føringar på nasjonalt nivå for fylkeskommunen sitt arbeid med fagopplæring og lærlingordninga gjennom fleire stortingsmeldingar, som kompetansereforma og fullføringsreforma. Då ny opplæringslov har tredd i kraft i løpet av prosjektperioden, viser vi i rapporten til både ny og tidlegare lov, og peiker på eventuelle endringar i krava.

Internkontroll

Kommunelova kapittel 25 stiller krav om at fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemد for å sikre at lover og forskrifter følges. Dette inneber mellom anna å ha utarbeidd naudsynte rutinar og prosedyrar, avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik, dokumentere internkontrollen i det omfanget det er naudsynt og evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll (jf. Kommunelova § 25-1 tredje ledd).

Godkjenning og rettleiing av lærebedrifter og opplæringskontor

I opplæringslova og forskrift til opplæringslova er det stilt fleire krav til fylkeskommunen si oppfølging av opplæringskontor og lærebedrifter. Desse krava er vidareført med nokre endringar frå tidlegare opplæringslov og til den nye opplæringslova som treddet i kraft 1. august 2024.

I opplæringslova § 7-5 er det stilt krav til at fylkeskommunen skal godkjenne lærebedrifter som oppfyller krava til lærebedrifter. I § 7-5 andre ledd står det at ei lærebedrift må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne ho, og at fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda. I forarbeida til lova står det at nemnda si vurdering skal seie noko om korvidt bedrifta er eigna som lærebedrift, og at nemnda si vurdering skal ha stor, men ikkje avgjerande betydning for utfallet i saka (NOU 2019:23 Ny opplæringslov kap. 57).

I opplæringslova § 7-9 første ledd står det at fylkeskommunen skal rettleie lærebedriftene og kontrollere at dei oppfyller krav i opplæringslova. I forarbeida til lova er det presisert at denne bestemmelsen skal sjåast i samanheng med kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1. Fylkeskommunen sitt ansvar skal vere eigna til å bekrefte god tilstand og/eller avdekke og førebygge manglande etterleving av kontrakten om opplæring og aktuelt regelverk i opplæringslova (NOU 2019:23 Ny opplæringslov kap. 57).

Fylkeskommunen kan trekke tilbake godkjenninga som lærebedrift dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava, etter ei fagleg vurdering av yrkesopplæringsnemnda (jf § 7-9 andre ledd). Også her spesifiserer lova at fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda.

I opplæringslova § 7-12 er samarbeidsorgan for lærebedrifter (opplæringskontor) regulert. Her står det at «Lærebedrifter som er tilknytta eit samarbeidsorgan for lærebedrifter, kan avtale at samarbeidsorganet inngår lærekontrakt etter § 7-2 og mottar tilskot etter § 7-8 på vegner av

lærebedifta». I opplæringsforskrifta § 6-18 går det fram at «For å inngå avtale om lærekontrakt eller tilskot etter opplæringslova § 7-2 og § 7-8, eller bistå lærebedrifter med opplæring, må eit opplæringskontor ha godkjenning av fylkeskommunen som må meine at samarbeidsorganet bidrar til å sikre kvaliteten i opplæringa.»

Reguleringa av samarbeidsorgan for lærebedrifter (opplæringskontor) er blitt endra frå tidlegare opplæringslov og i ny lov. I den tidlegare lova kunne opplæringskontor godkjennast som lærebedrift under visse vilkår, etter § 4-3 i den gamle lova. Ein av føresetnadane for slik godkjenning, var at dei enkelte bedriftene som inngjekk i opplæringskontoret var godkjende av fylkeskommunen.

Rett til vidaregåande opplæring

Retten til vidaregåande opplæring går fram av ny opplæringslov § 5-1, og det er ifølgje § 28-2 fylkeskommunen som har plikt til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for dei som bur i fylket.

Dimensjonering av opplæringstilbodet

Kapittel 5 i opplæringslova stiller krav til fylkeskommunen om dimensjonering av opplæringstilbodet i vidaregåande opplæring.

Av opplæringslova § 5-2 tredje ledd går det fram at «Yrkesfaglege utdanningsprogram omfattar til vanleg to år med opplæring som elev, og to år med læretid i bedrift.» I opplæringslova § 5-3 ligg det krav til korleis fylkeskommunen skal planlegge og utbygge det vidaregåande opplæringstilbodet. I § 5-3 første ledd er det krav om at fylkeskommunen skal leggje stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet.

I «Samfunnskontrakten for flere læreplasser» har fylkeskommunen forplikta seg til å vurdere og setje i gang tiltak for å sikre fleire læreplasser. Samfunnskontrakten har som mål at alle kvalifiserte søkerar skal få eit tilbod om læreplass. Partane i Samfunnskontrakten for flere læreplasser er NHO, LO, Virke, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Unio, Maskinentreprenørenes Forbund, YS, Norges Rederiforbund, KS, Akademikerne, Kunnskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Formidling

I opplæringslova § 7-7 første ledd står det at fylkeskommunen skal rekruttere lærebedrifter med sikte på å gje tilbod om læreplass til alle søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læreplass. Vidare går legg opplæringslova § 7-1 andre ledd ei plikt på fylkeskommunen om å formidle søkerar som oppfyller vilkåra til lærebedrifter.

I opplæringslova § 5-6 er det gitt ein rett til læreplass eller anna tilbod på vidaregåande trinn 3. Her står det at søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til læretid i bedrift, har rett til læreplass eller anna opplæringstilbod på vidaregåande trinn 3 bygd på programområdet eleven har gjennomført på vg2. Vidare presiserast det i opplæringsforskrifta § 6-2 første ledd, at søkerane som oppfyller retten til formidling til læreplass i bedrift, men som ikkje har fått læreplass, har rett til eit anna opplæringstilbod med oppstart så snart som mogleg, og seinast innan 1. oktober. Forskrifta § 6-2 andre ledd presiserer at fylkeskommunen skal søkje å formidle dei som ønskjer det til læreplass sjølv om dei har starta på eit anna opplæringstilbod.

Rettleiing

Opplæringslova kapittel 16 stiller krav til at fylkeskommunen skal sørge for at elevar i grunnskulen og i den vidaregåande opplæringa får den rådgjevinga dei treng om utdannings- og yrkesval (jf. Opplæringslova § 16-1 første ledd), og om sosiale og personlege forhold (jf. Opplæringslova § 16-2 første ledd). I § 16-1 andre ledd og § 16-2 andre ledd er det presisert at elevane skal få rådgjeving på den skulen dei går på, og individuelt dersom dei ønskjer det.

I § 16-1 tredje ledd og § 16-2 tredje ledd er det presisert at og dei som har læretid i bedrift, skal ha tilgang til rådgjeving om utdannings- og yrkesval og om personlege forhald. Dette er nytt av ny opplæringslov. I forarbeida til lova står det at det ikkje er krav om at lærlingar skal ha tilgang til rådgjeving hjå lærebedrifta. Slik forarbeida skildrar kravet, vil det vere tilstrekkeleg at fylkeskommunen tilbyr stadleg rådgjeving ein plass i fylket, med mindre det er snakk om eit større fylke. I så tilfelle vil stadleg rådgjeving på ein stad ikkje vere nok til å oppfylle kravet, og fylkeskommunen må supplere tilbodet gjennom til dømes digitale kanalar og ressursar (NOU 2019:23 Ny opplæringslov kap. 57). Forarbeida presiserer vidare at det ikkje er krav om oppsökjande rådgjeving, men ein moglegheit for at lærlingane sjølv kan oppsökje slik rådgjeving ved behov (NOU 2019:23 Ny opplæringslov kap. 57).

Tilrettelegging

I Meld. St. 21 Fullføringsreformen er det lagt eit ansvar på fylkeskommunen for å sikre at dei som har behov for ekstra oppfølging i læretida får dette. I fullføringsreformen står det mellom anna at «Fylkeskommunene må ta ansvar for å bidra til at personer som har behov for ekstra oppfølging kan få gjennomført læretiden og fullføre VGO med fag- eller svennebrev.” (Meld. St. 21, side 52).

Opplæringslova § 11-1 stiller krav om at fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, og at dette vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytta av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. Det same kravet er stilt til lærebedriftene, som skal sørge for tilpassa opplæring for dei som har læretid i bedrift.

Vidare går det fram av opplæringslova § 7-4 sjette ledd at lærekandidatar har rett til individuell tilrettelegging etter § 11-4 til 11-6. Dette inneber rett til åersonleg assistanse (jf. 11-4), rett til fysisk tilrettelegging og tekniske hjepemiddel (§ 11-5) og rett til individuelt tilrettelagt opplæring (§ 11-6).

For denne tilrettelegginga gjeld opplæringslova §§ 11-7 til 11-11 og § 11-13. Her er det krav om at fylkeskommunen skal hente inn ei sakunning vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta før ei avgjersle om krav på individuelt tilrettelagt opplæring (§ 11-7).

I opplæringsforskrifta § 9-62 første ledd står det at «Dei som har opplæring i bedrift, elevar og praksiskandidatar har rett til særskild tilrettelegging av prøva dersom dei treng det for å få vist kompetansen sin i faget. Tilrettelegginga må vere tilpassa behova til kvar enkelt kandidat så langt det er mogleg, men kandidaten må bli prøvd i kompetansemåla i faget og skal ikkje få fordelar framfor andre kandidatar». Vidare står det i § 9-62 tredje ledd at dei som ønskjer særskild tilrettelegging av prøva, må søkje fylkeskommunen om det. Fylkeskommunen kan krevje at ein sakunnig instans gir fråsegn om behovet for tilrettelegging. Fylkeskommunen avgjer kva slags tilretteleggingstiltak som skal setjast inn.

Fullføring

I Meld. St. 21 (2020-2021) Fullføringsreformen er det lagt eit ansvar på fylkeskommunen om å sikre at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring. Her står det mellom anna at «[...]

fylkeskommunene skal få et større ansvar for ungdom i alderen 16–24 år. I dette ligger en sterk forpliktelse til å sørge for at alle steiner er snudd for å få dem som tilhører denne aldersgruppa, til å fullføre VGO.» (Meld. St 21 (2020-2021), side 51).

Samarbeid med ulike aktørar

I Meld. St. 21 (2020-2021) Fullføringsreformen har regjeringa sett som mål at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen er ein heilt sentral aktør for å nå dette målet. I fullføringsreforma går det vidare fram at

«Fylkeskommunene har fått et utvidet og helhetlig ansvar for alle i aldersgruppa 16–24 år. Det betyr at fylkeskommunene nå har et ansvar for at alle i denne aldersgruppa får opplæring som gjør at de har en mulighet til å oppnå yrkeskompetanse, studiekompetanse eller planlagt grunnkompetanse. [...] Fullføringsreformen gir sammen med Utdanningsløftet fylkeskommunene en historisk mulighet til å realisere målet om at de fleste skal gjennomføre VGO.» (Meld. St. 21 Fullføringsreformen, s. 124).

Vidare står det i fullføringsreforma at fylkeskommunane er sentrale for å sikre godt samarbeid og god involvering mellom aktørane på opplæringsfeltet (Meld. St. 21 Fullføringsreformen, s. 124).

I Meld. St. 14 (2019-2020) «Kompetansereformen – Lære hele livet», står det at «Det [ansvaret fylkeskommunane har fått for å betre samsvar mellom tilbod og etterspørsel av arbeidskraft] inneber at fylkeskommunen må ta eit heilskapleg ansvar for kompetansepoltikken i fylket, mellom anna gjennom oppdaterte regionale planar, eit godt kunnskapsgrunnlag og samarbeid med kompetanseaktørane regionalt» (punkt 6.2.1).

I «Samfunnskontrakt for flere læreplasser» er det vidare presisert at erfarringsdeling og relasjonsbygging mellom skule, opplæringskontor, arbeidsliv, fylkeskommunen og andre sentrale aktørar blir trekt fram som ein viktig føresetnad for å lukkast i arbeidet med formidling av lærepllass (Samfunnskontrakt for flere læreplasser (2022-2026), s.2).

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Kunnskapsdepartementet: Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV-2023-06-09-30. I kraft frå 01.08.2024.
- Kunnskapsdepartementet: Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta). FOR-2024-06-03-900. I kraft frå: 01.08.2024.
- Kunnskapsdepartementet: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). LOV-1998-07-17-61. Oppheva ved lov 9 juni 2023 nr. 30 (i kraft 1 aug 2024).
- Kunnskapsdepartementet: Forskrift til opplæringslova. FOR-1999-06-28-722. Oppheva ved forskrift 3 juni 2024 nr. 900 (i kraft 1 aug 2024).
- Kommunal- og distriktsdepartementet: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova). LOV-2018-06-22-83

Forarbeid, stortingsmeldingar, mv.

- Prop. 57 L (2022-2023). *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)*.
- Ot.prp. nr. 41 (2006-2007). *Om lov og endringar i opplæringslova og friskolelova*.
- Kunnskapsdepartementet: Prop. 1 S (2023-2024). *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak). For budsjettåret 2024*.
- Innst. 12 S (2023-2024). *Innstilling fra utdannings- og forskningskomiteen om bevilgninger til statsbudsjettet for 2024, kapitler under Kunnskapsdepartementet samt forskningskapitler under Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet (rammeområde 16)*.
- Meld. St. 14 (2019-2020). *Kompetansereformen – Lære hele livet*. Melding til Stortinget.
- Meld. St. 21 (2020-2021). *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Melding til Stortinget
- *Samfunnskontrakt for flere læreplasser* (2022-2026). Signert av NHO, LO, Virke, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Unio, Maskinentreprenørenes Forbund, YS, Norges Rederiforbund, KS, Akademikerne, Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Utdanningsdirektoratet. *Yrkesfaglig fordypning for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene (YFF)*. Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 03.11.2020.

Dokument frå Vestland fylkeskommune

- *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi*. Vedtatt i Fylkestinget 29.09.2020.
- *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025. Temaplan: «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring»*. Utan dato.

- *Kvalitetsmelding. Vidaregåande opplæring 2022/23.*
- *Årsmelding 2020.* Avslutta mars 2021. Årsrapport
- *Årsmelding 2021.* Avslutta mars 2022. Årsrapport
- *Årsmelding 2022.* Avslutta mars 2023. Årsrapport
- *Årsmelding 2023.* Avslutta mars 2024. Årsrapport
- Årsrapport frå elev- og lærlingombodet. For skuleåret 2022-2023. Årsrapport
- *Oppfølging av lærlingar og lærebodrifter.* Sist godkjent dato 23.05.2023. Rutine
- *Vg3 fagopplæring i skule for søkerar utan tilbod om læreplass per 1. september.* Utan dato. Rutine
- *Vg3 fagopplæring i skule.* Utan dato. Rutine
- *Rutine for godkjenning av opplæringskontor.* Under revisjon etter endra lovkrav. Rutine
- Rutine. *Godkjenning av lærebodrift.* Sist godkjent 07.06.2023. Rutine
- *Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar.* Godkjent 12.01.2023. Prosedyre
- *Fullføringsmidlar for lærlingar og lærekandidatar.* Godkjent 03.11.2023. Prosedyre
- *Yrkesfagleg fordjuping for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.* Godkjent 28.03.2023. Prosedyre
- *Retningslinjer for yrkesfagleg fordjuping.* Oppdatert 07.04.2021. Retningslinje
- *Formidlingsplan – læreplass.* Utan dato. Plan
- *Mal – skulen sin lokale formidlingsplan.* Utan dato. Mal
- Brev frå fylkesdirektøren. *Ansvars- og oppdragsbrev for organisasjons- og økonomiavdelinga 2024.* Brev
- Vestland fylkeskommune. Handbok. *Handbok lærekandidat.* Utan dato.
- «*Vil du følgje opp lærlingar – 2 årig engasjement?*». Utan dato. Utlysingstekst
- Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda 20.03.2023. Sak RS 1/2023
- Vestland fylkeskommune. Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse. 13.03.2024.
- *Mandat og samansettad Kompetanseforum Vestland.* Utan dato. [Kompetanseforum Vestland - Vestland fylkeskommune](#). Mandat
- *Mandat for elev- og lærlingombodet i Vestland.* Vedtatt 10.06.2020. [Elev- og lærlingombodet - Vestland fylkeskommune](#). Mandat
- Vestland fylkeskommune sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/>
 - *Opplæring og kompetanse*
 - *Slik blir du godkjend lærebodrift*
 - *Lærling*
 - *Hjelp og støtte for elevar/lærlingar*
 - *Fullføringsmidlar*
 - *Elev- og lærlingombodet*
 - *Kompetanseforum Vestland*

Andre kjelder

- Kunnskapsdepartementet. 14.03.2016. *Samfunnskontrakt for flere læreplasser (2022-2026).* Signert av NHO, LO, Virke, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Unio, Maskinentreprenørenes Forbund, YS, Norges Rederiforbund, KS, Akademikerne, Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
[Samfunnskontrakt for flere læreplasser - regjeringen.no](#)

- Utdanningsdirektoratet. *Tilskudd med direkte tildeling*. Sist endra 01.08.2024. <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/diverse-tilskudd-direkte-tildeling/#a177737>
- Kunnskapsdepartementet. *Tildelingsbrev til Utdanningsdirektoratet for 2024*.
- Kunnskapsdepartementet. *Tillegg nr. 8 i tildelingsbrev til Udir for 2022 med oppdrag 2022-19 om tilskudd til kvalifisering og formidling til læreplasser i videregående opplæring*. 05.04.2022.
- NOU 2019:23 *Ny opplæringslov*. Utredning fra et utvalg (opplæringslovutvalget) oppnevnt ved kongelig resolusjon 22. september 2017. Avgitt til Kunnskapsdepartementet 13. desember 2019.
- Utdanningsdirektoratet. Lærlingundersøkelsen og Årlig rapportering. Sist besøkt 16.09.24, på [LLU Administrasjon \(udir.no\)](#)
- Utdanningsdirektoratet. *Søkere som har fått lærekontrakt – utdanningsprogram*. Statistikk fra lærlingundersøkinga. Sist besøkt 19.09.2024. [Søkere som har fått lærekontrakt – utdanningsprogram | udir.no](#)
- Utdanningsdirektoratet. *Lærlingundersøkelsen 2023. De aller fleste lærlinger trives på arbeidsplassen*. Sist endra 13.02.2024. [De aller fleste lærlinger trives på arbeidsplassen | udir.no](#)
- Statistisk sentralbyrå. *11968: Overganger i videregående opplæring, etter utdanningsprogram fra forrige år og utdanning i år (F) 2015-2023*. Statistikk. Sist besøkt 19.09.24. [11968: Overganger i videregående opplæring, etter utdanningsprogram forrige år og utdanning i år \(F\) 2015 - 2023. Statistikkbanken \(ssb.no\)](#)
- Yrkeslabyrinten. *Om oss*. Utan dato. [Om oss - Yrkeslabyrinten](#)
- Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Statens arbeidsgiverportal. *Har du lærling? Nå er det på tide med årleg rapportering og lærlingbedriftundersøkelse*. Sist oppdatert 20.10.2022. [Har du lærling? Nå er det på tide med årlig rapportering og lærebedriftsundersøkelse | Statens arbeidsgiverportal \(dfo.no\)](#)

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS